Handlings- og økonomiplan 2021 — 2024
Budsjett 2021
Stryn kommune

Innhald

Rettleiing til økonomiplanen 6
Forklaring av ord og omgrep 9
Kommunedirektøren si innleiing 12
Budsjettvedtak 14
Saksframlegg og vedtak "Godkjenning av Handlings- og økonomiplan 2021-2024 og budsjett 2021" 14
§5-4 Bevilgningsoversikter - drift (1A) 26
§5-4 Sum bevilgninger drift, netto (1B) 27
§5-5 Bevilgningsoversikter - investering (2A) 28
§5-5 Bevilgningsoversikter - investering (2B) 29
1. Investeringer i varige driftsmidler 29
2. Tilskudd til andres investeringer 29
3. Investeringer i aksjer og andeler i selskaper 29
4. Utlån av egne midler 30
§5-6 Økonomisk oversikt etter art - drift (3) 31
Plangrunnlaget 32
Visjon 32
Verdiar 32
Samanhengen mellom plansystemet og økonomiplanen 32
FN sine berekraftsmål 34
Økonomiske måltal 35
Kommuneplanen si målsetjing 35
Overordna mål for kommunen 36
Mål for kommunen 36
Strategi for å nå mål 36
Strategier 36
Status og rammevilkår 40
Økonomiske nøkkeltal - ambisjon 40
Statsbudsjettet 41
Sentrale inntekter i budsjettframlegget 47
Folketalsutvikling 48
Demografi 48
Befolkningsprognose 48
0 - åringer 48
Befolkningsprognose 48

Barnehage (1-5 år) 49
Befolkningsprognose 49
Grunnskole (6-15 år) 50
Befolkningsprognose 50
Videregående (16-19 år) 50
Befolkningsprognose 50
Voksne (20-66 år) 51
Befolkningsprognose 51
Eldre (67-79 år) 52
Befolkningsprognose 52
Eldre (80-89 år) 52
Befolkningsprognose 52
Eldre (90 år og eldre) 53
Befolkningsprognose 53
Investeringar i økonomiplanen 55
Andre investeringer 55
Selvkost 56
Andre investeringer 56
Sentraladministrasjon 56
Teknisk 58
Selvkost 60
Teknisk 60
Oversikt Investering og finansiering 61
Utvikling av lånegjeld og andre vesentlige langsiktige forpliktingar i økonomiplanperioden 61
Netto lånegjeld i prosent av brutto driftsinntekter 62
Netto lånegjeld i kroner per innbygger 63
Økonomisk utvikling i planperioden 64
Netto driftsresultat i prosent av brutto driftsinntekter 64
Disposisjonsfond i prosent av brutto driftsinntekter 65
Kommunens tjenesteområder 66
Sentraladministrasjon 66
Beskrivelse av dagens virksomhet 66
Utfordringer og strategi 66
Kostra-analyse 67
Driftsbudsjett med endringer 67

Innsparingstiltak 68
Nye tiltak 69
Ønska tiltak og ytterlegare innsparingar 70
Nye tiltak 70
Investeringsbudsjett 73
Ønska investeringar 75
Skule og kultur 76
Beskrivelse av dagens virksomhet 76
Utfordringer og strategi 76
Kostra-analyse 80
Driftsbudsjett med endringer 81
Samandrag budsjett 81
Innsparingstiltak 81
Nye tiltak 82
Ønska tiltak og ytterlegare innsparingar 83
Nye tiltak 85
Helse og sosial 90
Beskrivelse av dagens virksomhet 90
Utfordringer og strategi 90
Kostra-analyse 91
Driftsbudsjett med endringer 93
Samandrag budsjett 93
Innsparingstiltak 94
Nye tiltak 94
Ønska tiltak og ytterlegare innsparingar 97
Nye tiltak 99
Teknisk 105
Beskrivelse av dagens virksomhet 105
Utfordringer og strategi 105
Kostra-analyse 107
Driftsbudsjett med endringer 107
Innsparingstiltak 107
Nye tiltak 108
Ønska tiltak og ytterlegare innsparingar 109
Nye tiltak 109

Investeringsbudsjett 110
Ønska investeringar 112
Skattar, rammetilskot og finans 114
Kostra-analyse 114
Driftsbudsjett med endringer 114
Nye tiltak 114
Verbalvedtak 115
Verbalvedtak 115
Vedlegg 116
Budsjett og økonomiplan frå Stryn kyrkjelege fellesråd 117
Budsjett Kontrollutvalet 131

Rettleiing til økonomiplanen

Her kan du lese meir om kva ein økonomiplan er og korleis ein finn fram. I tillegg finn du forklaringar på nokre ord og uttrykk som blir brukt i økonomiplansamanheng.

Kva er ein økonomiplan?
Det er lovfesta at kommunane skal ha ein økonomiplan som visar korleis langsiktige utfordringar, mål og strategiar i kommunale og regionale planar skal følgast opp. Økonomiplanen skal visa prioriteringar og løyvingar, og dei mål og vilkår som økonomiplanen er bygd på. I økonomiplanen er det år 1 (2021) som er det bindande budsjettet til kommunen.

Den gir altså eit hovudoversyn over det økonomiske handlingsrommet i planperioden. Den syner dei sentrale rammeføresetnadene på inntekts- og utgiftsida (Sentrale kapittel). Vidare gir den oversyn over viktige lokale utviklingstrekk med relevans for drift og investeringar (Tenesteområde).

Når økonomiplanen no skal reviderast er det gjort ei vurdering av rammevilkåra som:
• Skatt og rammetilskot
• Renter/avdrag
• Avgifter
• Eigedomsskatt
• Endringsbehov i tenesteområda

Ut i frå dette vil ein sjå kva økonomisk handlingsrom kommunen har i åra framover, prioriteringar og utfordringar.

Framsikt – eit nytt verktøy for budsjett og rapportering
Stryn kommune er glade for å kunne gjere budsjett og økonomiplan meir tilgjengeleg for innbyggjarar, politikarar og andre interesserte. Frå og med budsjettåret 2020 går vi over til å nytte Framsikt som verktøy til Handlingsdel med økonomiplan og budsjett og samt rapportering til kommunestyret. Dette inneber at budsjettet ikkje vert gitt ut i papirform, men det vil bli publisert ein versjon i PDF som kan lastast ned.

Dette inneber ein ny måte for dei folkevalde å orientere seg i budsjettet på enn tidlegare. Budsjettet og økonomiplanen vert no presentert i ei web-løysing, der ein kan gå inn på dei ulike delane av budsjettet, og gå vidare inn i dei ulike rammeområda. Sjølv om budsjettet no vil innehalde meir detaljinformasjon på einingsnivå, er det viktig å huske at dei politiske vedtaka vert gjort på rammenivå.

STRUKTUR I BUDSJETTDOKUMENTET
Du kan enten orientere deg ved å nytte lenker på framsida av budsjettdokumentet. Alternativt nyttar du "Meny" øvst i skjermbilete for å orientere deg i dei ulike kapitla i dokumentet.

1. MENY
I menyen øvst til venstre finn du alle delane av dokumentet. Dei generelle og overordna delane av dokumentet øvst, og kapittel per tenesteområdeområde nedst.

2. SØKEFELT
Her kan du søkje etter ting du vil lese meir om i Handlings- og økonomiplanen.

3. INTRODUKSJON

Introduksjon til økonomiplanen, samt forklaring på nokon ord og begrep som blir nytta i budsjett og økonomiplan.

4. GRAFIKK OG NØKKELTAL
Grafisk framstilling av drift og investering per tenesteområde, samt finansielle hovudtal.

5. SENTRALE KAPITLER

Kommunedirektøren si innleiing
Innleiande ord om Handlings- og økonomiplanen frå rådmannen.

Budsjettvedtak
Her ligg framlegg til vedtak

Plangrunnlag
Her finn du visjon, verdiar, overordna mål og strategiar.

Status og rammevilkår
Her kan du lese meir om den økonomiske status i kommunen og kva føringar vi får gjennom til dømes statsbudsjettet.

Folketalsutvikling
Forventa folketalssutvikling i Stryn kommune som vi må ta omsyn til i våre planlegging av tenestetilboda i Stryn kommune, og som også påverkar våre inntekter.

Investeringar i økonomiplanen:
Oppsummering av investeringane i økonomiplanperioden og utviklinga av lånegjelda til Stryn kommune. Her kan ein klikke på namnet til investeringa for å lese meir om kvart enkelt tiltaket.

Økonomisk utvikling i planperioden
Ei kort oppsummering av den økonomiske utviklinga i kommunen i økonomiplanperioden.

Vedlegg
Her ligg "Budsjett og økonomiplan frå Stryn kyrkjelege fellesråd", og Kontrollutvalet.

6. TENESTEOMRÅDER

Her vert budsjettforslaget for dei enkelte rammeområda, med underliggande einingar, utdjupa. I tråd med gjeldande budsjettreglement, skal kommunestyret vedta ei netto driftsramme for kvart enkelt rammeområde.
Dei enkelte rammeområda er spesifisert med følgjande informasjon:

- Beskriving av dagens verksemd
- Utfordringar og strategi
- KOSTRA – analyse
- Mål
- Driftsbudsjett med endringar**)*
- Samandrag budsjett
- Ønska tiltak og ytterlegare innsparingar (dette er tiltak som ikkje er med i rådmannen sitt framlegg)
- Investeringar
- Ønska investeringar

**)Kort forklaring til driftsbudsjett med endringar:*
Vedtatt budsjett: Vedtatt ramme i økonomiplanen som vart vedteken i desember 2019

Sum vedtak førre periode: Vedtak i økonomiplanperioden som får ytterligare verknad i 2021

Konsekvensjustert ramme: Vedteken ramme frå desember 2019, inkludert tidlegare tidtak som påverkar i økonomiplanperioden

Sum nye tiltak: Summen av alle ny tiltak i Rådmannen sitt budsjettframlegg

Ramme 2021-2024: Sum forslag Ramme frå Rådmannen

Under denne tabellen er dei ulike tiltaka omtala nærare med tekst.

Forklaring av ord og omgrep

Budsjett og økonomiplan kan vere vanskeleg. Her forklarar vi nokre av dei orda og omgrepa vi brukar i økonomiplanen.

Avdrag
I kommunal sektor ser vi avskrivingane som er gjort i driftsrekneskapen, men dei får ikkje effekt for resultatet. Derimot vert avdrag på lån ført som ei utgift i driftsrekneskapen. Stryn kommune lånefinansierer det aller meste av investeringane i anleggsmidlar som kan avskrivast. For å sikre at verdiane til kommunen ikkje minkar, er det etablert ein handlingsregel: Eit prinsipp om at avdraga skal betalast i takt med avskrivingane på anleggsmidlane.

Størrelsen på låneopptak
Stryn kommune vil gjennom økonomiplanen ha ei auke i langsiktig gjeld.
Kostra brukar indikatoren Netto lånegjeld, som er brutto lånegjeld med frådrag av utlån (startlån og andre utlån). Stryn kommune sin handlingsregel knytt seg til Kostra si netto lånegjeld med frådrag av låneopptak til vatn og avløp (VA), som blir sett på som sjølvfinansierande.

Kommunelova
I kapittel 14 i Lov om kommuner og fylkeskommuner (kommunelova) er føresegnane for Økonomiplan, årsbudsjett, årsrekneskap, finansforvalting og rapportering.

Kommunale resultatomgrep
Bruken av ulike mål på kommunalt rekneskapsresultat kan forvirre. I forskrift om økonomiplan, årsbudsjett, årsrekneskap og årsmelding for kommunar og fylkeskommunar vert det omtalt rekneskapsmessig meir- og mindreforbruk, medan det i den obligatoriske hovudoversikten over drifta i kommunen er innført begrepa brutto og netto driftsresultat. Nedanfor vert desse og andre resultatformuleringar omtalt.

Rekneskapsmessig meir- eller mindreforbruk
Når ein kommune har høgare utgifter eller lågare inntekter enn budsjettert, blir det gjerne sagt at kommunen går med underskot. Meir presist er det å seie at kommunen har eit rekneskapsmessig meirforbruk.

Frå 2020 legg forskrift om årsbudsjett, økonomiplan etc. opp til at eit meirforbruk skal reduserast mest mogleg ved at overføring til investeringsrekneskapen vert redusert, fondsmidlar vert nytta osv. Eit mindreforbruk skal setjast av til disposisjonsfond.

I realiteten tyder dette at frå 2020 vil resultatbegrepa meir-/mindreforbruk ha mista tydinga si. Eit att stående meirforbruk vil berre vere eit uttrykk for eit att stående framført underskot til inndekning seinare år.

Brutto driftsresultat
Brutto driftsresultat er differansen mellom driftsinntekter og driftsutgifter, der driftsutgiftene også inkluderer avskrivingar. Dette er såleis eit mål på om driftsinntektene til kommunen over tid held tritt med driftsutgiftene. Eit positivt brutto driftsresultat vil vere nødvendig dersom finansutgiftene (renteutgifter og avdrag) er større enn finansinntektene (renteinntekter og utbytte). Omgrepet blir relativt lite nytta.

Netto driftsresultat
Netto driftsresultat er det mest brukte resultatomgrepet i kommunesektoren. Dette resultatet kjem fram som ein differanse mellom driftsinntekter, driftsutgifter og netto finansutgifter. Resultateffekten av avskrivingane er her eliminert. Om kommunen har halde seg innanfor budsjettet er derimot ikkje eit tema for dette omgrepet. Eit positivt netto driftsresultat er ei forutsetning for å kunne eigenfinansiere investeringar (redusere nye låneopptak) og bygge opp disposisjonsfond (etablere bufferar). Ei svakheit ved netto driftsresultat er at det ikkje gir eit godt nok bilde av den meir langsiktige økonomiske utviklinga i ein kommune. Eit lavt vedlikehaldsnivå vil for eksempel påverke driftsresultatet positivt. Ei anna innvending er at avdrag, og ikkje avskrivingar inngår i resultatbegrepet, slik at det ikkje blir teke nok omsyn til kapitalslitet.

Dette er eit argument for at kommunane bør ha eit netto driftsresultat som tilsvara minimum 1,75 % av driftsinntektene. Ein annan ting er at avsetningar til bundne fond (øyremerka formål) vil bidra til positive driftsresultat i det året pengane vert sette av i rekneskapen, men vil svekke resultatet tilsvarande når midlane skal brukast i drifta seinare år. Endringar i pensjonspremieavvik og dekning av tidlegare års underskot vil også påverke driftsresultatet, utan at dette bidrar til å gi et bilde på den reelle økonomiske situasjonen i det aktuelle rekneskapsåret.

Premieavvik og pensjon
Pensjonskassene bereknar ein premie som skal innbetalast med utgangspunkt i reglar og kriteria gitt av Finanstilsynet. For å berekne kostnaden kommunen kan utgiftsføre i rekneskapen, er det reglar gitt av Kommunal- og moderniseringsdepartementet som gjeld. Dersom innbetalt premie er høgare enn tillate kostnadsnivå, må kommunane inntektsføre mellomverande, premieavviket, i rekneskapsåret. Inntektsføringa skal utgiftsførast over anten 1 eller 7 år. Er kostnaden høgare enn premien, vert premieavviket behandla som over, men med motsett fortegn.

Inntektssystemet for kommunar og fylkeskommunar
Det overordna målet med inntektssystemet er å jamne ut føresetnadane til kommunane for å gi eit likeverdig tenestetilbod til innbyggjarane. Ved fordelinga av rammetilskotet vert det teke omsyn til strukturelle skilnader i kostnadar i kommunen (utgiftsutjamning) og forskjellar i skatteinntektene (skatteutjamning eller inntektsutjamning). Skatt og rammetilskot er kommunen sine frie inntekter. Saman med momskompensasjonen skal desse inntektene dekke ca. 80 % av utgiftsbehova i kommunen.

For dei resterande 20 % må kommunane sjølv skaffe inntekter, som til dømes brukarbetaling, utbytte, eigedomsskatt og finansinntekter.

Skatteinntektene til kommunane er andel av innbyggjarane sin innbetalte skatt på formue og inntekt. Innbetalt skatt blir fordelt til kommunen, fylkeskommunen, staten og folketrygda. Også når det gjeld skatteinntektene er det ei ordning i inntektssystemet som delvis tek i vare at kommunane har ulik skatteinntekt pr. innbyggjar. 10 gongar årleg vert det utrekna ei gjennomsnittleg inntekt pr. innbyggjar

for landet totalt og pr. kommune. Kommunar som har skatteinntekter utover landsgjennomsnittet får eit trekk som blir brukt til kompensasjon til dei kommunane som har lågare skatteinntekter enn landsgjennomsnittet. Kommunane blir ikkje justert heilt ned eller helt opp til landsgjennomsnittet. Kommunar med skatteinntekter under landsgjennomsnittet vert rekna som låginntektskommunar. Stryn kommune er ein låginntektskommune.

Sjå Portal for frie inntekter (frieinntekter.regjeringen.no) som beskriv alle elementa rammetilskota for kvar kommune

Kommunedirektøren si innleiing

Kommunedirektøren forklarar Handlings- og økonomiplan på overordna nivå, samt status og utfordringar Stryn kommune står ovanfor.

Planlegging av åra frå 2021 og framover, blir gjort med ei betydeleg uvisse. Covid 19-pandemien førte i 2020 til store utfordringar og endringar i kommunen sine prioriteringar. Kommunen har hatt utgifter knytt til beredskap og gjennomføring av tiltak gjennom pandemien, som det sjølvsagt ikkje var planlagt for i budsjettet for dette året. Regjeringa kom i revidert nasjonalbudsjett i mai med nokre kompenserande midlar, men bodskapen har heile tida vore at den endelege avgjerdsla om kompensasjon til kommunesektoren, kjem seinare. Det må vi legge til grunn, og denne økonomiplanen er difor utarbeidd med føresetnad om at kommunen får dekka sine meirkostnader knytt til pandemien.

Stryn kommune har denne hausten gjort arbeidsprosessen rundt økonomiplanarbeidet tilgjengeleg tidlegare og for fleire. Både ytre einingar og politisk nivå har i større grad vore involvert tidleg. Vi nyttar Framsikt som arbeidsverktøy og meiner dette har gjort samspelet mellom organisasjon og politisk nivå meir konstruktivt og dynamisk.

Folketal er vesentleg for inntektene i ein kommune. Diverre har vi ei negativ folketalsutvikling – fleire flyttar frå enn till. Det må vere eit hovudmål å snu denne utviklinga. Mange tiltak er sett i verk for å greie dette. Gode, offentlege teneste, arbeidsplassar og tilgjengelege bustadar er fundamentet. Samarbeid med næringsliv for å få til dette på ein berekraftig måte, er avgjerande for å hindre fråflytting og stimulere til tilflytting.

Stryn kommune leverer gode teneste, men innanfor stadig stramare økonomiske rammer. Kommunen står i dag i ein utfordrande økonomisk situasjon. Budsjettet er balansert ved å «skrape til margen». Likevel ser vi at Stryn kommune er betre stilte når ein samanliknar seg med mange andre kommunar. Dette gjennom god budsjettdisiplin og nøktern pengebruk over år. Dette har gjort at økonomiplanarbeidet i haust ikkje har vore prega av store kutt, men likevel ser vi at handlingsrom for nye tiltak er begrensa.

Det er store investeringsbehov i kommunen dei komande åra. Kommunestyret vil framover måtte prioritere mellom investeringar ein må gjere og investeringar ein ønskjer å gjere. Kommunedirektøren må signalisere at den auka kostnaden som følgjer av desse investeringane, ikkje kan berast i dei komande åra utan at dette får konsekvensar for drifta på andre område.

Når det gjeld drift, har over fleire år vore nedskjeringar etter «ostehøvelprinsippet». Slik også denne gongen. Med stadig større krav både frå sentralt- og lokalt hald, er det utfordrande å fortsette å kutte i drifta på denne måten. Dette betyr at vi må nytte andre verkemiddel for å omstille oss i åra som kjem, anten ved å auke inntektene eller redusere kostnadane.

Dei einaste inntektene vi sjølve kan auke, er eigedomsskatten. Alternativet er å redusere kostnader. Det som gjev størst effekt, men som samstundes oftast er vanskeleg å gjennomføre, er strukturendringar, t.d. legge ned ein skule eller stenge ei avdeling på ein sjukeheim. Problemet med strukturendringar er at dei ofte står i motsetning til andre politiske målsettingar og at dei skaper stor motstand når dei skal gjennomførast.

Ein annan måte å redusere kostnader på, er å levere eit lågare tenestenivå eller å auke eigenbetalinga for eksisterande teneste. Døme på dette kan vere standarden på kommunale vegar, kriterier for tildeling

av teneste, kulturskuletilbod eller SFO-satsar. Også denne type tiltak kan vere politisk vanskeleg å gjennomføre og truleg lite framtidsretta.

Den tredje måten å redusere kostnader på, er å effektivisere organisasjonen og/eller omorganisere. Målet her er å levere minst like gode teneste som i dag, men til ein lågare kostnad. Dette er den enklaste måten å vedta politisk fordi det påverkar brukarar i mindre grad, men tilsette i større grad. Ved å endre måten ein organiserer arbeidet på eller korleis ein utfører arbeidet, kan ein oppnå innsparingar. Å skape brei oppslutning rundt slike endringar og faktisk klare å hente ut gevinstar, krev dyktig leiarskap på alle nivå. Dette er prosessar som tek tid, og som krev tolmod og uthaldenheit.

Godt leiarskap er nøkkelen for å lukkast med å nå måla ein set seg. Leiarar som er endringsvillige og framtidsretta, og som leiar dei vanskelege prosessane med klokskap. Å investere i å utvikle godt leiarskap må difor vere ei prioritert oppgåve.

Kommunedirektøren har gjennom framlegg til Handlings- og økonomiplan 2021-2024 / budsjett 2021 gitt sine tilrådingar om driftsrammer og tenesteutvikling fireårsperioden. Ved handsaming av rådmannen sitt framlegg i kommunestyremøtet 17. desember, er det kommunestyret sine prioriteringar og vedtak som fastsett kommunen sine mål og rammer for perioden.

Hilde Lødøen

Konstituert kommunedirektør

Budsjettvedtak

Her ligg saksframlegg og vedtak "Godkjenning av handlings- og økonomiplan 2021-2024 og budsjett 2021"

Saksframlegg og vedtak "Godkjenning av Handlings- og økonomiplan 2021-2024 og budsjett 2021"

Godkjenning av Handlings- og økonomiplan 2021-2024 og budsjett 2021

Bakgrunn for saka:

I kommunelova § 14-2 og 14-3 står det at kommunestyret sjølv skal vedta og årsbudsjettet for det komande året og økonomiplanen for dei neste fire åra før årsskiftet. Lova seier også at formannskapet skal gi innstilling til økonomiplan og årsbudsjett.

Lovgrunnlag, reglar, føresegner, plandokument:
Kommuelova med føresegner (LOV-2018-06-22-83)
Plan og bygningslova § 11-1 fjerde ledd

Ikkje vedlagt sakstilfang:
- Kommuneøkonomiproposisjonen frå mai 20.
- Framlegget til statsbudsjett frå oktober 20
- «Grønt hefte» vedlegg til statsbudsjettet
- Detaljert drifts- og investeringsbudsjett

Saksopplysningar:
Rådmannen sitt framlegg til «Handlings- og økonomiplan 2021-2024 / Budsjett 2021» finn du ved å klikke her. Her ligg både den digitale versjonen, samt ein versjon i PDF.
Kommunelova § 14-3 fjerde ledd seier at innstilling til økonomiplan og årsbudsjett, med alle forslag til vedtak som ligg føre, skal offentleggjerast minst 14 dagar før kommunstyret handsamar den. Forslag til budsjett vert lagt ut til offentleg ettersyn etter handsamining i formannskapet i november 2020, og innspel til budsjett 2021 og økonomiplan 2021-2024 må vere kommunen i hende innan 11. desember 2020.

Vurdering:

Kommunen står i ein utfordrande økonomisk situasjon. Budsjettet er balansert ved å «skrape til margen». Vi har ikkje prisjustert driftskostnadane med prisstigning 3,6%, det vil seie at vi har mindre rammer til varer og tenester. Vi ser at det no ikkje er meir å gå på. Gjennom dette grepet sit vi med eit netto resultat før nye tiltak:

2021: -1.277.527
2022: -4.062.540
2023: -4.080.540
2024: -6.137.540

Det er store investeringsbehov i kommunen dei komande åra. Kommunestyret vil i åra framover måtte prioritere mellom investeringar ein må gjere og investeringar ein ønskjer å gjere. Kommunedirektøren må signalisere at den auka kostnaden som følgjer av desse investeringane, ikkje kan berast i dei komande åra utan at dette får konsekvensar for drifta på andre område.

Når det gjeld drift, ligg største utfordringa i Helse- og sosialsektoren. Alderssamansetninga har endra seg og det blir fleire eldre. Stadig fleire lovpålegg gjer at denne sektoren treng fleire hender for å dekke oppgåvene. Vi klarer ikkje å innfri dette med dei økonomiske rammene vi har. Dette vil medføre interne prosessar i året og åra som kjem.

Det same gjeld innanfor plan, areal og tekniske tenester. Krav gjennom lover og føreskrifter i tillegg til innbyggarane og næringslivet sine behov for raske avklaringar, krev ei omstilling i organisasjonen. Denne har starta, men krev gode prosessar som tek tid.

Kommunedirektøren har gjennom framlegg til Handlings- og økonomiplan 2021-2024 / budsjett 2021 gitt sine tilrådingar om driftsrammer og tenesteutvikling fireårsperioden. Ved handsaming av rådmannen sitt framlegg i kommunestyremøtet 17. desember er det kommunestyret sine prioriteringar og vedtak som fastsett kommunen sine mål og rammer for perioden.

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

1. Handlings- og økonomiplan 2021-2024
Framlegg til Handlings- og økonomiplan 2021-2024 for Stryn kommune blir godkjent, med dei føringane og premissa for kommunen sin tenesteproduksjon som går fram av dokumentet.

2. Driftsrammar
2.1 Driftsbudsjett 2021
Driftsbudsjett for 2021 blir vedtatt i samsvar med kommunedirektøren sitt framlegg i «1A Bevilgningsoversikt – drift».

2.2 Bevilgningsoversikt tenesteområde
Netto bevilgningar til sektorane blir vedtatt i samsvar med rådmannen sitt framlegg i «1B Bevilgninger – drift».

Kommunedirektøren får fullmakt til å fordele midlar frå overordna ansvar, inkludert statlege tilskot og lønsreserven, på dei enkelte tenesteområda.

Ordførar får fullmakt til å disponere formannskapet sin konto «Til disposisjon for formannskapet».

3. Investeringsrammar
Investeringsbudsjettet for 2021 blir vedtatt i samsvar med kommunedirektøren sitt framlegg i «2A Bevilgningsoversikt – investering».

Oversikt over dei enkelte investeringsprosjekta kjem fram i «Investeringar i økonomiplanen», samt kapitla for tenesteområda.

4. Skatt
Skatt på inntekt og formue for 2021 skrivast ut etter maksimalsats fastsett av Stortinget.

5. Lån
For 2021 blir det gjeve fullmakt til følgande låneopptak:

a) Lån til finansiering av eigne investeringar, inntil 56 mill. kroner.

b) Lån til sjølvkostområda, inntil 10,345 mill. kroner.

c) Lån til vidareformidling, inntil 7,0 mill. kroner.

Kommunedirektøren får fullmakt til å godkjenne lånevilkår for ovannemnde lånerammer.

Helse- og sosialutvalet 12.11.2020:

Handsaming:
Frå ap, foreslått av Jarle Hessevik, ArbeiderpartietArbeiderpartiet
Tilleggsframlegg 1 frå Stryn Ap - til Kommunedirektøren sitt framlegg pkt. 2.1:
Administrasjonen viser til at Tenester funksjonshemma treng langt meir enn auke på 0,55 stillingsheimlar for å gje tilfredsstillande tenester til brukarane jmf lovverk.
Helse- og sosialutvalet ber difor kommunestyret finne budsjettdekning for ein høgare stillingsprosent i salderinga av budsjettet for 2021.

Frå ap cc, foreslått av Jarle Hessevik, ArbeiderpartietArbeiderpartiet
Tilleggsframlegg 2 frå Stryn Ap - til Kommunedirektøren sitt framlegg, pkt 2.1:
Administrasjonen viser til at Stryn omsorgssenter har behov for større auke enn 0,4 stillingsheimlar knytt til Fiolen for å stette lovkrav.
Helse- og sosialutvalet ber difor kommunestyret finne budsjettdekning for ein høgare stillingsprosent i salderinga av budsjettet for 2021.

Frå ap 3, foreslått av Jarle Hessevik, ArbeiderpartietArbeiderpartiet
Tilleggsframlegg 2 frå Stryn Ap - til Kommunedirektøren sitt framlegg, pkt 4:
Helse- og sosialutvalet ber kommunestyret vurdere å auke eigedomsskatten for å kunne vere i stand til å løyse viktige oppgåver innan helse og omsorg innafor eit saldert budsjett.

Tre tillegg frå representant Jarle Hessevik. Det vart røysta på kvart punkt:

1. 3 stemmer for Hessevik sitt framlegg, 4 i mot
2. 3 stemmer for Hessevik sitt framlegg, 4 i mot
3. 3 stemmer for Hessevik sitt framlegg, 4 i mot

Det vart deretter røysta på kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak.

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak samrøystes tilrådd.

HS- 052/20 Vedtak:

1. Handlings- og økonomiplan 2021-2024
Framlegg til Handlings- og økonomiplan 2021-2024 for Stryn kommune blir godkjent, med dei føringane og premissa for kommunen sin tenesteproduksjon som går fram av dokumentet.

2. Driftsrammar
2.1 Driftsbudsjett 2021
Driftsbudsjett for 2021 blir vedtatt i samsvar med kommunedirektøren sitt framlegg i «1A Bevilgningsoversikt – drift».

2.2 Bevilgningsoversikt tenesteområde
Netto bevilgningar til sektorane blir vedtatt i samsvar med rådmannen sitt framlegg i «1B Bevilgninger – drift».

Kommunedirektøren får fullmakt til å fordele midlar frå overordna ansvar, inkludert statlege tilskot og lønsreserven, på dei enkelte tenesteområda.

Ordførar får fullmakt til å disponere formannskapet sin konto «Til disposisjon for formannskapet».

3. Investeringsrammar
Investeringsbudsjettet for 2021 blir vedtatt i samsvar med kommunedirektøren sitt framlegg i «2A Bevilgningsoversikt – investering».

Oversikt over dei enkelte investeringsprosjekta kjem fram i «Investeringar i økonomiplanen», samt kapitla for tenesteområda.

4. Skatt
Skatt på inntekt og formue for 2021 skrivast ut etter maksimalsats fastsett av Stortinget.

5. Lån
For 2021 blir det gjeve fullmakt til følgande låneopptak:

a) Lån til finansiering av eigne investeringar, inntil 56 mill. kroner.

b) Lån til sjølvkostområda, inntil 10,345 mill. kroner.

c) Lån til vidareformidling, inntil 7,0 mill. kroner.

Kommunedirektøren får fullmakt til å godkjenne lånevilkår for ovannemnde lånerammer.

Skule- og kulturutval 12.11.2020:

Handsaming:
Budsjetttendring frå KrF, foreslått av Kari Synnøve Muri, Kristeleg FolkepartiKristeleg Folkeparti
1. Fleksibelt barnehageopptak 572´
2. 40% still. Til kulturskulen heilårs 258´
3. Fritidskortet 300´

Nytt forslag til prioriteringsliste, foreslått av Endre Bø, Venstre
1. Løpande barnehageopptak
2. Vidareføre 40% ressurs i kulturskulen
3.Auka i kontaktlærarfunksjonen

4. Digitalisering i skulen
5. Fritidskort
6. Tolketeneste
7. BUA
8. solskjerming
9. Solskjerming
10. Auke i vikarbudsjettet

A: Driftstiltak.
Det var tre framlegg til kva driftstiltak ein skulle arbeid for å få inn i budsjettet. Framlegga ligg i saka.
1. Framlegg frå Administrasjonen
2. Framlegg frå Kari Synnøve Muri
3. Framlegg frå Endre Bø

Det vart først stemt over framlegget til Endre Bø, av den grunn at det hadde flest endringar. Framlegget var nedstemt, 6 mot 1 stemme.
Der etter vart punkt 1 og 2 sett opp mot kvarandre. Det vart eit delt vedtak. Framlegg 2 fekk 4 stemmer, framlegg 1 fekk 3 stemmer.

B: Investeringstiltak.
1. Loen barnehage
2. Stryn ungdomsskule, under føresetnad at det som ligg i saksutgreiinga vert følgt

SK- 056/20 Vedtak:
Skule- og kulturutvalet sitt innspel til økonomiplanen:
A. Driftstilskot:
1. Fleksibelt barnehageopptak 572´
2. 40% still. Til kulturskulen heilårs 258´
3. Fritidskortet 300´
B. Investeringstiltak:
1. Loen barnehage
2. Stryn ungdomsskule, under føresetnad av at det som ligg i saksutgreiinga vert følgt:

Dei 3,6 mill. kr. som det er tilrådd løyvd i 2021 - forprosjekt/uteområde ved Stryn ungdomsskule, ikkje vert nytta før det er avklart om skulen vert liggande der eller ikkje.

Sektorutval for tekniske saker 12.11.2020:

Handsaming:
Silje Skarstein var ikkje med, Inge Arne hadde tatt over som leiar. Det var 6 røysteføre.

TS- 122/20 Vedtak:
Sektorutval for tekniske saker si samrøystes tilråding:
Tatt til vitande. Blir å arbeide vidare med i budjsettprosessen.

Rådet for eldre og personar med nedsett funksjonsevne 16.11.2020:

Handsaming:

REF- 029/20 Vedtak:
Uttale til budsjettet:
Rådet for eldre og personar med nedsett funksjonsevne vil rå at det vert løyvt midlar til eit forprosjekt for å frå fram moglegheiter og kostnader med å investere i eit opplærings- /varmvassbasseng.
Folkehelse skal vere gjennomgåande i kommunen sitt arbeid og sine tenester. Med større satsing på folkehelse frå sentralt og fylkeskommunalt hald, og med oppfordring om å prioritere satsing innan flkehelse er eit opplæring- varmvassbasseng heilt nødvendig.
Vi viser til skriv frå Stryn og Hornindal Revmatikarlag når det gjeld historia for varmvassbasseng i Stryn, og kor stor etterspurnaden etter behandling i varmt basseng er. Skrivet føl uttalen (vedlegg 3)
Eit varmtvassbasseng vil vere godt for alle aldersgrupper og vil framtidig før etil reduerte utgifter til sjukeheimsplassar m.v., då eldre kan bu i eigen heim lenger og ikkje minst få eit mykje betre liv.
Rådet er kjend med at Stryn og Horningdal Revmatikarlag har øyremerka midlar på kr 200.000 til eit prosjektarbeid.
Rådet vil oppfordre politikarane i Stryn til å avsette nødvendige midlar til eit forprosjekt i budsjettet for 2021.

Ungdomsrådet 17.11.2020:

Handsaming:

UR- 024/20 Vedtak:
Ungdomsrådet kjenner på at dei ikkje har nok bakgrunnsforståing av arbeidet med budsjettet til å gjere ei uttale. På generelt grunnlag meiner ungdomsrådet at dersom det ikkje lar seg gjere å prioritere barn og ungdom gjennom budsjettet, må kommunen forplikte seg til å nytte seg av dei tilskota som ein kan søke på, og finne alternative løysingar som kan føre til meir aktivitet og meir inkludering av barn og unge. Vidare oppfordrar rådet til at ein får framgong i prosessen som har med Stryn ungdomsskule å gjere.

Formannskapet 19.11.2020:

Handsaming:

Saka vart teken opp til drøfting.
Kommundedireltøren peika på at dette er eit stramt budjsett med lite handlingsrom for nye tiltak.
Formannskapet handsamar saka på møtet 30.november.

FO- 195/20 Vedtak:

Formannskapet gjer endleleg vedtak om framlegg til Handlings og økonomiplan 2021 - 2024 og budsjett 2021 på møtet 30.novmeber.

Formannskapet 30.11.2020:

Handsaming:
Bua, foreslått av Torstein Tvinnereim, VenstreVenstre
Legg inn 50000 til Bua med årsverknad frå 2021. For 2021 blir det dekka av dispfond. Seinare år skal det arbeidast inn i budsjettet.

Tillegg til økonomiplanen, foreslått av Arnljot Sæternes, Høgre
Løyve 200 000 til eit forprosjekt til varmtvannsbasseng, dette utløyser kr 200000 frå eldrerådet sin varmtvannsbasseng konto.

Løyve 200 000 til Minnesund Oppstryn

Begge postar dekkes av disp fond

Utsetting av demning Langesethøgda, foreslått av Arnljot Sæternes, Høgre
Utsette bygging dam langesethøgda med ett år

Tillegg, foreslått av Per Atle Kjøllesdal, SenterpartietSenterpartiet
Innhald i exel ark

Inndekning:
Legesenter: Ekstra midlar Statsbusjettet
Dei andre ved bruk av disp.fond

40% stilling i kulturskulen, foreslått av Kari Synnøve Muri, Kristeleg FolkepartiKristeleg Folkeparti
Framleis styrke av lærarressurs i kulturskulen med 40% still.
Heilårsverknad: kr. 260.000, dekka over disp.fond.

stillingauke Helse og sosial, foreslått av Haldor Andre Lungård Hove, Arbeiderpartiet
Styrking av helsesituasjon. Til endelig vedtak i kommunestyret 17.des.

Det vart røysta over framlegg frå representanten Torstein Tvinnereim (V). Løyving kr 50.000 til BUA i 2021. Finansiering: Disposisjonsfond. Seinare år skal det innarbeidast i budsjett. Samrøystes vedteke.

Det vart røysta over framlegg frå representanten Arnljot Sæternes (H). Løyving kr 200 000 til forprosjekt varmtvannsbasseng. Finansiering: Disposisjonsfond. Samrøystes vedteke

Representanten Kari Synnøve Muri (KrF) bad formannskapet vurdere gilskapen. Muri er Kyrkjeverje. Muri vart kjend ugild. Heimel Forvaltningslova §6. Representanten Anders Magne Vik (Frp) tok sete i Muri sin stad. Det var 7 røystesføre.

Det vart røysta over framlegg frå representanten Arnljot Sæternes (H). Løyving til Minnelund Oppstryn kr 200 000. Finansiering: Disposisjonsfond. Samrøystes vedteke.

Det vart røysta over framleg frå representanten Kari Synnøve Muri (Krf). Styrke av lærarressurs i kulturskulen med 40% still. Heilårsverknad kr 260.000. Finansiering:Disposisjonsfond. Samrøystes vedteke.

Det vart røysta over framlegg frå ordførar:

Drift:	**2021**	**2022**	**2023**	**2024**
Legesenter. Rekruttere og behalde fastlegar. Finansiering: Ekstra midlar frå Statsbudsjettet.	1 500	3 000	4 000	4 000
Kontinuerlig bhg opptak. Finansiering: disposisjonsfond	572	572	572	572
Nordfjordakademiet. Finansiering: disposisjonsfond	150	200	250	250
Byggforvalting. Finansiering: disposisjonsfond	703	703	703	703
2 stillingar teknisk.Finansiering: disposisjonsfond	650	650	650	650
Bruk av disposisjonsfond (sum)	*2075*	*2125*	*2175*	*2175*
Investering: Investeringskostnader	**2 021**	**2 022**	**2 023**	**2 024**
Loen barnehgage	105	274	351	357
Nærings og bustadareal:				
Etablering av kommunalt bustadfelt	17	285	569	569
Grunninnløysing, areal til bustad og næringsføremål	516	1 335	1 697	1 725
Regulering av næringsareal aust for Skarsmyra	15	30	31	31
Regulering av næringsareal på Ytreeide	15	30	31	31
Stryn ungdomsskule - forprosjekt for framtidig bruk av Stryn Ungdomskule	64	125	125	125
	6 328	9 226	11 002	11 037

Framlegg frå ordførar samrøsystes vedteke.

Det vart røysta over framlegg frå representanten Arnljot Sæternes(H). Utsetting av løyving til Dam Langesetvatnet 3.5 mill blir utsett med eit år til 2022. Samrøystes vedteke.

Det vart røysta over tekstleg framlegg frå representanten Haldor Andre Lungård Hove (Ap). Styrking av helsesituasjon. Endeleg vedtak i kommunestyret 17.desember. Samrøystes vedteke.

Kommunedirektøren sitt framlegg samrøsystes vedteke med tilleggsframlegg som vist over.

FO- 223/20 Vedtak:
Tekstlege framlegg:
Dam Langesetvatnet: Investering 3,5 mill blir utsett til 2022

Helse og omsorg-tekstleg framlegg: Styrking av ressurssituasjonen i helse/omrosg. Endeleg vedtak i kommunestyret 17.desember.

Drift:	**2021**	**2022**	**2023**	**2024**
Legesenter. Rekruttere og behalde fastlegar. Finansiering: Ekstra midlar frå Statsbudsjettet.	1 500 000	3 000 000	4 000 000	4 000 000
Kontinuerlig bhg opptak. Finansiering: disposisjonsfond	572 000	572 000	572 000	572 000
Nordfjordakademiet. Finansiering: disposisjonsfond	150 000	200 000	250 000	250 000
Byggforvalting. (2021 finansiering: disposisjonsfond)	703 000	703 000	703 000	703 000
2 stillingar teknisk. (2021 finansiering: disposisjonsfond)	650 000	650 000	650 000	650 000
BUA.Finansiering: disposisjonsfond. Seinare år innarbeide i budsjett.	50 000	30 000	30 000	30 000
Styrke lærarressurs i Kulturskulen 2021 finansiering: disposisjonsfond	260 000	260 000	260 000	260 000
Forprosjekt varmtvassbasseng. Finansiering: disposisjonsfond	200 000			
Sum bruk av disposisjonsfond	**2 585 000**	**2 415 000**	**2 465 000**	**2 465 000**
Investering:	**2021**	**2022**	**2023**	**2024**
Loen barnehage	105 000	274 000	351 000	357 000
Minnelund Oppstryn	5 940	12 120	12 424	12 468
Nærings og bustadareal:				
Etablering av kommunalt bustadfelt	17 000	285 000	569 000	569 000
Grunninnløysing, areal til bustad og næringsføremål	516 000	1 335 000	1 697 000	1 725 000
Regulering av næringsareal aust for Skarsmyra	15 000	30 000	31 000	31 000
Regulering av næringsareal på Ytreeide	15 000	30 000	31 000	31 000
Stryn ungdomsskule- forprosjekt for framtidig bruk av Stryn Ungdomsskule (Nærmiljøanlegg)	64 000	125 526	126 333	128 376
Driftskonsekvens utsetting av Dam Langesetvatnet til 2022	- 60 200	-62 300	1 146	1 234
Investeringskostnad (bruk av disopsisjonsfond)	**737 940**	**2 092 646**	**2 817 757**	**2 853 844**

1. Handlings- og økonomiplan 2021-2024
Framlegg til Handlings- og økonomiplan 2021-2024 for Stryn kommune blir godkjent, med dei føringane og premissa for kommunen sin tenesteproduksjon som går fram av dokumentet.

2. Driftsrammar
2.1 Driftsbudsjett 2021
Driftsbudsjett for 2021 blir vedtatt i samsvar med «1A Bevilgningsoversikt – drift».

2.2 Bevilgningsoversikt tenesteområde
Netto bevilgningar til sektorane blir vedtatt i samsvar med «1B Bevilgninger – drift».

Kommunedirektøren får fullmakt til å fordele midlar frå overordna ansvar, inkludert statlege tilskot og lønsreserven, på dei enkelte tenesteområda.

Ordførar får fullmakt til å disponere formannskapet sin konto «Til disposisjon for formannskapet».

3. Investeringsrammar
Investeringsbudsjettet for 2021 blir vedtatt i samsvar med «2A Bevilgningsoversikt – investering».

Oversikt over dei enkelte investeringsprosjekta kjem fram i «Investeringar i økonomiplanen», samt kapitla for tenesteområda.

4. Skatt
Skatt på inntekt og formue for 2021 skrivast ut etter maksimalsats fastsett av Stortinget.

5. Lån
For 2021 blir det gjeve fullmakt til følgande låneopptak:

a) Lån til finansiering av eigne investeringar, inntil 94.490 mill. kroner.

b) Lån til sjølvkostområda, inntil 10,345 mill. kroner.

c) Lån til vidareformidling, inntil 7,0 mill. kroner.

Kommunedirektøren får fullmakt til å godkjenne lånevilkår for ovannemnde lånerammer.

Kommunestyret 17.12.2020:

KS- 149/20 Vedtak:

Dam Langesetvatnet: Investering 3,5 mill blir utsett til 2022

HELT MED
er ei organisasjon som jobbar for at psykisk utviklingshemma skal få vere ein del av arbeidslivet. Helt Med har bestemt seg for at Stryn blir ei av tre nye satsingskommuner. Lokalt næringsliv har vore positive og bedrifter har alt sagt seg positive til å ta i mot. Årskostnader er rekna til 80.000 kr. Stryn Venstre ynskjer å legge til rette for eit oppstart for ei stilling i Stryn kommune frå august 2021. Kostnad 25000 blir løyvd frå disposisjonsfond

Verbalframlegg barnehage skule
Kommunestyret ber om at det vert utarbeidd ein samla strategi for framtidige prioriteringar og bruk av ressursane innafor barnehage- og skulesektoren. Dette arbeidet kan startast i skule og kulturutvalet over nyttår saman med adm og vere klar når budsjettprosessen startar i 2021 og danne grunnlag for ev justeringar innafor budsjett og økonomiplan.
Utgreiinga skal baserast på prinsippet om at vi skal ha en struktur med sentrum- og grendeskular innanfor forsvarlege faglige og sosiale råmer.

Verbalframlegg kreftkoordinator
Avtalen om stillinga som kreftkoordinator vert sagt opp pr. 31.12.2021.
Kommunestyret gir administrasjonen i oppdrag å utarbeide ei alternativ løysing som kan dekke behovet etter bortfall av interkommunal koordinatorstilling. Dette skal inn i budsjettdrøftingane for 2022.

Vi vil utvikling
Kommunestyret startar "Prosjekt 2021 - vi vil utvikling" i januar 2021. Tema og framdriftsplan vert utarbeidd i samarbeid.

Tiltak

Drift:	**2021**	**2022**	**2023**	**2024**
Legesenter. Rekruttere og behalde fastlegar. Finansiering: Ekstra midlar frå Statsbudsjettet.	1 500 000	3 000 000	4 000 000	4 000 000
Kontinuerlig bhg opptak. Finansiering: disposisjonsfond	572 000	572 000	572 000	572 000
Nordfjordakademiet. Finansiering: disposisjonsfond	150 000	200 000	250 000	250 000
Byggforvalting. (2021 finansiering: disposisjonsfond)	703 000	703 000	703 000	703 000
2 stillingar teknisk. (2021 finansiering: disposisjonsfond)	650 000	650 000	650 000	650 000
BUA.Finansiering: disposisjonsfond. Seinare år innarbeide i budsjett.	50 000	30 000	30 000	30 000
Styrke lærarressurs i Kulturskulen 2021 finansiering: disposisjonsfond	260 000	260 000	260 000	260 000
Forprosjekt varmtvassbasseng. Finansiering: disposisjonsfond	200 000			
Sum bruk av disposisjonsfond	**2 585 000**	**2 415 000**	**2 465 000**	**2 465 000**
Investering:	**2021**	**2022**	**2023**	**2024**
Loen barnehage	105 000	274 000	351 000	357 000
Minnelund Oppstryn	5 940	12 120	12 424	12 468
Nærings og bustadareal:				
Etablering av kommunalt bustadfelt	17 000	285 000	569 000	569 000
Grunninnløysing, areal til bustad og næringsføremål	516 000	1 335 000	1 697 000	1 725 000
Regulering av næringsareal aust for Skarsmyra	15 000	30 000	31 000	31 000
Regulering av næringsareal på Ytreeide	15 000	30 000	31 000	31 000
Stryn ungdomsskule- forprosjekt for framtidig bruk av Stryn Ungdomsskule (Nærmiljøanlegg)	64 000	125 526	126 333	128 376
Driftskonsekvens utsetting av Dam Langesetvatnet til 2022	- 60 200	-62 300	1 146	1 234
Investeringskostnad (bruk av disopsisjonsfond)	**737 940**	**2 092 646**	**2 817 757**	**2 853 844**

1. Handlings- og økonomiplan 2021-2024
Framlegg til Handlings- og økonomiplan 2021-2024 for Stryn kommune blir godkjent, med dei føringane og premissa for kommunen sin tenesteproduksjon som går fram av dokumentet.

2. Driftsrammar
2.1 Driftsbudsjett 2021
Driftsbudsjett for 2021 blir vedtatt i samsvar med «1A Bevilgningsoversikt – drift».

2.2 Bevilgningsoversikt tenesteområde
Netto bevilgningar til sektorane blir vedtatt i samsvar med «1B Bevilgninger – drift».

Kommunedirektøren får fullmakt til å fordele midlar frå overordna ansvar, inkludert statlege tilskot og lønsreserven, på dei enkelte tenesteområda.

Ordførar får fullmakt til å disponere formannskapet sin konto «Til disposisjon for formannskapet».

3. Investeringsrammar
Investeringsbudsjettet for 2021 blir vedtatt i samsvar med «2A Bevilgningsoversikt – investering».

Oversikt over dei enkelte investeringsprosjekta kjem fram i «Investeringar i økonomiplanen», samt kapitla for tenesteområda.

4. Skatt
Skatt på inntekt og formue for 2021 skrivast ut etter maksimalsats fastsett av Stortinget.

5. Lån
For 2021 blir det gjeve fullmakt til følgande låneopptak:

a) Lån til finansiering av eigne investeringar, inntil 94.490 mill. kroner.

b) Lån til sjølvkostområda, inntil 10,345 mill. kroner.

c) Lån til vidareformidling, inntil 7,0 mill. kroner.

Kommunedirektøren får fullmakt til å godkjenne lånevilkår for ovannemnde lånerammer.

§5-4 Bevilgningsoversikter - drift (1A)

Beløp i 1000

	Regnskap 2019	Oppr. budsjett 2020	Øk.plan 2021	Øk.plan 2022	Øk.plan 2023	Øk.plan 2024
Rammetilskudd	-251 933	-228 268	-254 351	-256 077	-257 049	-257 022
Inntekts- og formuesskatt	-190 496	-217 754	-199 693	-199 693	-199 693	-199 693
Eiendomsskatt	-17 658	-17 796	-17 796	-17 796	-17 796	-17 796
Andre generelle driftsinntekter	-19 621	-22 745	-22 745	-22 745	-22 745	-22 745
Sum generelle driftsinntekter	**-479 708**	**-486 563**	**-494 585**	**-496 311**	**-497 283**	**-497 256**
Korrigert sum bevilgninger drift, netto	**473 169**	**458 272**	**478 307**	**474 604**	**475 608**	**473 524**
Avskrivinger	24 728	27 505	27 505	27 505	27 505	27 505
Sum netto driftsutgifter	**497 897**	**485 778**	**505 812**	**502 109**	**503 113**	**501 029**
Brutto driftsresultat	**18 189**	**-786**	**11 227**	**5 798**	**5 830**	**3 773**
Renteinntekter	-7 023	-5 622	-3 422	-3 422	-3 422	-3 422
Utbytter	-2 753	-2 500	-3 000	-3 000	-3 000	-3 000
Gevinster og tap på finansielle omløpsmidler	-307	-786	-786	-786	-786	-786
Renteutgifter	11 535	10 980	5 934	6 731	7 602	8 155
Avdrag på lån	23 826	24 158	23 036	24 962	26 273	27 086
Netto finansutgifter	**25 278**	**26 230**	**21 762**	**24 484**	**26 667**	**28 033**
Motpost avskrivninger	-24 728	-27 505	-27 505	-27 505	-27 505	-27 505
Netto driftsresultat	**18 740**	**-2 062**	**5 483**	**2 776**	**4 991**	**4 300**
Disponering eller dekning av netto driftsresultat						
Overføring til investering	2 559	2 093	2 093	2 093	2 093	2 093
Netto avsetninger til eller bruk av bundne driftsfond	-4 834	-4 991	-1 989	-477	-477	-477
Netto avsetninger til eller bruk av disposisjonsfond	-20 435	4 959	-5 588	-4 392	-6 607	-5 916
Dekning av tidligere års merforbruk i driftsregnskapet	0	0	0	0	0	0
Sum disponeringer eller dekning av netto driftsresultat	**-22 710**	**2 062**	**-5 483**	**-2 776**	**-4 991**	**-4 300**
Fremført til inndekning i senere år (merforbruk)	**-3 971**	**0**	**0**	**0**	**0**	**0**

§5-4 Sum bevilgninger drift, netto (1B)

Beløp i 1000

	Regnskap 2019	Oppr. budsjett 2020	Øk.plan 2021	Øk.plan 2022	Øk.plan 2023	Øk.plan 2024
Sentraladministrasjon	92 714	81 877	78 462	76 678	76 552	75 838
Skule og kultur	174 585	178 786	177 811	176 315	175 515	173 715
Helse og sosial	184 433	188 403	190 246	190 661	190 711	189 761
Teknisk	28 241	23 643	24 670	24 537	24 367	24 247
Skattar, rammetilskot og finans	-9 030	-15 392	7 136	9 426	11 426	12 926
Revisjon	0	0	0	0	0	0
Sum bevilgninger drift, netto	**470 942**	**457 316**	**478 325**	**477 617**	**478 571**	**476 487**
Herav:						
Avskrivinger	26 389	7 791	7 792	7 792	7 792	7 792
Netto renteutgifter og -inntekter	-161	-152	-152	-152	-152	-152
Netto avsetninger til eller bruk av bundne driftsfond	-4 834	-4 991	-1 989	-477	-477	-477
Netto avsetninger til eller bruk av disposisjonsfond	-23 621	-3 604	-5 633	-4 149	-4 199	-4 199
Korrigert sum bevilgninger drift, netto	**473 169**	**458 272**	**478 307**	**474 604**	**475 608**	**473 524**

§5-5 Bevilgningsoversikter - investering (2A)

Beløp i 1000

	Regnskap 2019	Oppr. budsjett 2020	Øk.plan 2021	Øk.plan 2022	Øk.plan 2023	Øk.plan 2024
Investeringer i varige driftsmidler	85 823	151 483	106 145	98 750	40 000	25 000
Tilskudd til andres investeringer	59	0	0	0	0	0
Investeringer i aksjer og andeler i selskaper	1 670	1 573	0	0	0	0
Utlån av egne midler	2 200	0	0	0	0	0
Avdrag på lån	1 347	2 022	0	0	0	0
Sum investeringsutgifter	**91 100**	**155 078**	**106 145**	**98 750**	**40 000**	**25 000**
Kompensasjon for merverdiavgift	-6 595	-539	0	0	0	0
Tilskudd fra andre	-6 222	-25 240	-1 310	-25 078	0	0
Salg av varige driftsmidler	-6 953	-280	0	0	0	0
Salg av finansielle anleggsmidler	-4 200	0	0	0	0	0
Mottatte avdrag på utlån av egne midler	-1 523	-2 022	0	0	0	0
Bruk av lån	-67 623	-121 548	-104 835	-73 672	-40 000	-25 000
Sum investeringsinntekter	**-93 117**	**-149 629**	**-106 145**	**-98 750**	**-40 000**	**-25 000**
Overføring fra drift	-2 559	-940	0	0	0	0
Netto avsetninger til eller bruk av bundne investeringsfond	1 295	163	0	0	0	0
Netto avsetninger til eller bruk av ubundet investeringsfond	8 074	-4 672	0	0	0	0
Dekning av tidligere års udekket beløp	4 035	0	0	0	0	0
Sum overføring fra drift og netto avsetninger	**10 845**	**-5 449**	**0**	**0**	**0**	**0**
Fremført til inndekning i senere år (udekket)	**8 828**	**0**	**0**	**0**	**0**	**0**

§5-5 Bevilgningsoversikter - investering (2B)

1. Investeringer i varige driftsmidler

Beløp i 1000

	Regnskap 2019	Oppr. budsjett 2020	Øk.plan 2021	Øk.plan 2022	Øk.plan 2023	Øk.plan 2024	Øk.plan Sum 2021-2024
Sentraladministrasjon							
Sentraladministrasjon	22 776	76 130	69 800	43 200	0	0	113 000
Sum Sentraladministrasjon	**22 776**	**76 130**	**69 800**	**43 200**	**0**	**0**	**113 000**
Skule og kultur							
Skule og kultur	37	0	0	0	0	0	0
Sum Skule og kultur	**37**	**0**	**0**	**0**	**0**	**0**	**0**
Teknisk							
Teknisk	61 682	75 353	36 345	55 550	40 000	25 000	156 895
Sum Teknisk	**61 682**	**75 353**	**36 345**	**55 550**	**40 000**	**25 000**	**156 895**
Skattar, rammetilskot og finans							
Skattar, rammetilskot og finans	1 329	0	0	0	0	0	0
Sum Skattar, rammetilskot og finans	**1 329**	**0**	**0**	**0**	**0**	**0**	**0**
Investeringer i varige driftsmidler	**85 823**	**151 483**	**106 145**	**98 750**	**40 000**	**25 000**	**269 895**

2. Tilskudd til andres investeringer

Beløp i 1000

	Regnskap 2019	Oppr. budsjett 2020	Øk.plan 2021	Øk.plan 2022	Øk.plan 2023	Øk.plan 2024	Øk.plan Sum 2021-2024
VEG, VATN, KLOAKK - NÆRINGSOMR. VISNES	59	0	0	0	0	0	0
Tilskudd til andres investeringer	**59**	**0**	**0**	**0**	**0**	**0**	**0**

3. Investeringer i aksjer og andeler i selskaper

Beløp i 1000

	Regnskap 2019	Oppr. budsjett 2020	Øk.plan 2021	Øk.plan 2022	Øk.plan 2023	Øk.plan 2024	Øk.plan Sum 2021-2024
EIGENKAPITALINSKOTKLP	1 496	1 573	0	0	0	0	0
KJØP OG SALG AV AKSJAR OG ANDELAR	175	0	0	0	0	0	0
Investeringer i aksjer og andeler i selskaper	**1 670**	**1 573**	**0**	**0**	**0**	**0**	**0**

4. Utlån av egne midler

Beløp i 1000

	Regnskap 2019	Oppr. budsjett 2020	Øk.plan 2021	Øk.plan 2022	Øk.plan 2023	Øk.plan 2024	Øk.plan Sum 2021-2024
KJØP OG SALG AV AKSJAR OG ANDELAR	2 200	0	0	0	0	0	0
Utlån av egne midler	**2 200**	**0**	**0**	**0**	**0**	**0**	**0**
Sum del 1-4	**89 753**	**153 056**	**106 145**	**98 750**	**40 000**	**25 000**	**269 895**

§5-6 Økonomisk oversikt etter art - drift (3)

Beløp i 1000

	Regnskap 2019	Oppr. budsjett 2020	Øk.plan 2021	Øk.plan 2022	Øk.plan 2023	Øk.plan 2024
Rammetilskudd	-251 933	-228 268	-254 351	-256 077	-257 049	-257 022
Inntekts- og formuesskatt	-190 496	-217 754	-199 693	-199 693	-199 693	-199 693
Eiendomsskatt	-17 658	-17 796	-17 796	-17 796	-17 796	-17 796
Andre skatteinntekter	-32	-33	-33	-33	-33	-33
Andre overføringer og tilskudd fra staten	-19 724	-23 000	-23 000	-23 000	-23 000	-23 000
Overføringer og tilskudd fra andre	-79 246	-49 104	-52 167	-49 351	-49 371	-49 351
Brukerbetalinger	-24 441	-24 737	-25 618	-25 618	-25 618	-25 618
Salgs- og leieinntekter	-51 332	-90 228	-95 543	-94 897	-94 897	-94 897
Sum driftsinntekter	**-634 862**	**-650 920**	**-668 202**	**-666 466**	**-667 458**	**-667 411**
Lønnsutgifter	364 454	354 542	361 837	362 658	363 827	363 668
Sosiale utgifter	83 738	65 291	84 230	86 403	88 419	89 903
Kjøp av varer og tjenester	128 622	164 096	161 915	154 590	152 309	149 800
Overføringer og tilskudd til andre	51 510	38 700	43 942	41 108	41 228	40 308
Avskrivninger	24 728	27 505	27 505	27 505	27 505	27 505
Sum driftsutgifter	**653 052**	**650 134**	**679 429**	**672 263**	**673 287**	**671 183**
Brutto driftsresultat	**18 189**	**-786**	**11 227**	**5 798**	**5 830**	**3 773**
Renteinntekter	-7 023	-5 622	-3 422	-3 422	-3 422	-3 422
Utbytter	-2 753	-2 500	-3 000	-3 000	-3 000	-3 000
Gevinster og tap på finansielle omløpsmidler	-307	-786	-786	-786	-786	-786
Renteutgifter	11 535	10 980	5 934	6 731	7 602	8 155
Avdrag på lån	23 826	24 158	23 036	24 962	26 273	27 086
Netto finansutgifter	**25 278**	**26 230**	**21 762**	**24 484**	**26 667**	**28 033**
Motpost avskrivninger	-24 728	-27 505	-27 505	-27 505	-27 505	-27 505
Netto driftsresultat	**18 740**	**-2 062**	**5 483**	**2 776**	**4 991**	**4 300**
Disponering eller dekning av netto driftsresultat						
Overføring til investering	2 559	2 093	2 093	2 093	2 093	2 093
Netto avsetninger til eller bruk av bundne driftsfond	-4 834	-4 991	-1 989	-477	-477	-477
Netto avsetninger til eller bruk av disposisjonsfond	-20 435	4 959	-5 588	-4 392	-6 607	-5 916
Dekning av tidligere års merforbruk	0	0	0	0	0	0
Sum disponeringer eller dekning av netto driftsresultat	**-22 710**	**2 062**	**-5 483**	**-2 776**	**-4 991**	**-4 300**
Fremført til inndekning i senere år (merforbruk)	**-3 971**	**0**	**0**	**0**	**0**	**0**

Plangrunnlaget

Her finn du Stryn kommune sin visjon, verdiar, overordna mål og strategiar.

Visjon

Vi vil utvikling!

Verdiar

Vi er:

STOLTE - Vi er myndiggjorte og verdsette medarbeidarar. Vi bidrag til at samfunnet har tillit til og respekt for arbeidet vårt.

TYDELEGE - Vi er synlege og klare. Vi har forventningar og stiller krav til oss sjølve og andre.

RAUSE - Vi er inkluderande, og vi har tillit, respekt og lojalitet for kvarandre og brukarane.

YTANDE - Vi er imøtekommande og serviceinnstilte. Vi tek initiativ, er aktive og tek ansvar i utforming og løysing av oppgåver.

NYSKAPANDE - Vi nyttar og utviklar erfaringar og kunnskap. Vi er engasjerte og endringsvillige, og vi arbeider kontinuerleg for auka kvalitet på tenestene.

Samanhengen mellom plansystemet og økonomiplanen

Plansystemet
Kommunen har ei rekkje planar for sine areal og verksemdområde. Planar blir utarbeidde både etter plan- og bygningslova og etter anna lovverk. Figuren under skisserer plansystemet.



Kommuneplanen sin samfunnsdel
Kommuneplanen består av ein samfunnsdel og ein arealdel, og er det overordna styringsdokumentet for utviklinga i kommunen. Samfunnsdelen fastset mål og strategiar for kommunesamfunnet som heilskap og kommunen som organisasjon. Arealdelen skal vise samanheng mellom framtidig samfunnsutvikling og arealbruk, og er juridisk bindande.

Kommuneplanen sin samfunnsdel gjeld for perioden 2013-2024, og har eit tidsperspektiv på 12 år. Den skal ha ein handlingsdel med 4 års perspektiv som syner korleis planen skal følgjast opp.

I samband med utarbeiding av samfunnsdelen blei det bestemt at handlingsdelen og økonomiplanen skal utgjere eitt dokument, slik at overordna føringar frå samfunnsdelen og økonomiske prioriteringar blir betre knytt saman.

Kommunedelplanar
Kommunedelplanar kan utarbeidast for eit avgrensa geografisk område eller for avgrensa tema, og skal følgje opp mål og strategiar frå kommuneplanen sin samfunnsdel. Kva for planar som skal utarbeidast/reviderast i kommunestyreperioden står i kommunen sin planstrategi 2016-2020.

Dei tematiske kommunedelplanane skal også ha ein handlingsdel. I desse handlingsdelane bør det ikkje fattast økonomiske bindande vedtak, då dette kan føre til at summen av alle tiltaka er større enn kommunen sine samla ressursar. Ressursfordelinga skal skje i dette dokumentet, handlingsdelen med økonomiplan, som skal vere kommunen sitt økonomiske styringsverktøy.

Sektor-, tema- og fagplanar er planar som i stor grad utarbeidast etter anna lovverk enn plan- og bygningslova. Desse er ofte viktige i oppfølging av kommuneplanen sin samfunnsdel, med konkretisering av mål og oppfølging med tiltak.

Kommuneplanen sin handlingsdel
Handlingsdelen skal konkretisere mål og tiltak knytt til målsetjinga, satsingsområda og strategiar i samfunnsdelen. Handlingsdelen gjer ei prioritering av kva vi bør få utført gjennom økonomiplanen, dei økonomiske ramma vil avgjere kva vi kan få utført. Det skal vere samsvar mellom samfunnsdelen og økonomiplanen.

Kommuneplanen sin samfunnsdel er delt inn etter tema, med tilhøyrande mål og strategiar. Desse står i kap. 2.3. Føringar frå samfunnsdelen. Ein har her berre teke med dei tiltaka som kan krevje økonomisk løyving for gjennomføring, i og med at dei økonomiske ressursane blir fordelt på sektorene er strukturert etter teneste/ansvarsområde.

Handlingsdelen med økonomiplan skal reviderast kvart fjerde år, men skal i tillegg bli rullert årleg. For den årlege rulleringa skal kommunen innhente synspunkt frå berørte statlege og regionale organ og andre som har ansvar for gjennomføring av tiltak i handlingsdelen.

FN sine berekraftsmål

FN sine berekraftsmål er den felles arbeidsplanen verda har for å utrydde fattigdom, bekjempe ulikskapar og stoppe klimaendringane innan 2030. Her kan du lese meir om FN sine berekraftsmål.

Regjeringa slår i kommuneproposisjonen for 2020 fast at «Regjeringen anser FNs bærekraftsmål som grunnleggende for å løse vår tids utfordringer… …Regjeringen vil bidra til at bærekraftsmålene blir et godt verktøy for kommunesektoren…»

Det er difor naturleg at berekraftsmåla skal vere ein del av det overordna rammeverket for utviklinga av Strynesamfunnet.

For Stryn peikar 6 av berekraftsmåla seg ut som viktige. Desse skal framover vere utgangspunktet for satsingsområda i kommune- og økonomiplanar. I tillegg inngår fleire av berekraftsmåla som ein del av kommunen sine 3 tidlegare utvalde satsingsområde.

Desse satsingsområda er:

- Bulyst og bustadtilbod
- Folkehelse
- Tilrettelegging for næringslivet

Dette kan koplast mot følgjande av FN sine berekraftsmål:

I den komande økonomiplanperioden skal vi arbeide vidare med å definere hovudmål, delmål og strategiar som skal vere førande for vårt arbeid. Desse satsingsområda skal vere tverrsektorielle og gjelde alle tenesteområda. Dette stiller krav til at vi må arbeide saman på tvers av sektorane for å nå dei måla vi set oss.

Økonomiske måltal

Økonomisk handlingsrom er avgjerande for å kunne oppretthalde og vidareutvikle tenestetilboda til innbyggjarane i kommunen. Det er viktig med stabilitet og forutsigbarheit i den økonomiske politikken, noko som vidare vil gi god kvalitet i tenestene, fornøgde brukarar, innbyggarar og tilsette.

Stryn kommune sin økonomi har vore preget av god budsjettkontroll og mindreforbruk på rekneskapen dei siste åra. Stryn kommune har vore ei vekstkommune når det gjeld folketal, og har hatt stadig auke i inntekter på bakgrunn av dette. No ser ein at veksten har stagnert og folketalet har gått ned. Dette fører til lågare inntekter og driftsnivået må følje etter inntektene.

Hovedmål	Delmål	Indikator	2016	2017	2018	Siste måling 2019	Forventet 2020	Mål 2021	Mål 2022	Mål 2023	Mål 2024	Gj.sn. Kostra gr	Gj.sn. landet
Godt økonomisk handlingsrom	Arbeidskapital fråtrekt premieavvik i prosent av brutto driftsinntekt (likviditet) > 20%	Arbeidskapital ex. premieavvik i prosent av brutto driftsinntekter	14.6 %	25.0 %	26.9 %	24.8 %	0.0 %	22.0 %	21.0 %	21.0 %	21.0 %	17.9 %	17.9 %
Godt økonomisk handlingsrom	Netto driftsresultat minst 1,75 % Når disposisjonsfondet er under 10% av brutto driftsinntekt skal ein i budsjett ha minst 1,75% i netto driftsresultat som skal leggast til fondet.	Netto driftsresultat i prosent av brutto driftsinntekter	4.2 %	1.1 %	2.5 %	-2.8 %	0.3 %	1 %	1 %	1,5 %	1,5 %	1.9 %	1.9 %
Godt økonomisk handlingsrom	Stryn kommune skal ha disposisjonsfond på 10% av brutto driftsinntekt.	Disposisjonsfond i prosent av brutto driftsinntekter	5.8 %	6.7 %	7.0 %	6.1 %	0.0 %	10.0 %	10.0 %	10.0 %	10.0 %	4613.5 %	4613.5 %
Godt økonomisk handlingsrom	Maksimum 80% av årlege investeringar kan lånefinansierast.						76,5 %	90 %	87 %	85 %	84 %		

Kommuneplanen si målsetjing

Hovudmål
Hovudmål for kommuneplanen sin samfunnsdel 2013-2024 er:

VEKST BASERT PÅ BULYST OG NÆRINGSUTVIKLING

I denne samanheng er vekst både auke i folketal og næringsverksemd. For å få til dette må ein leggje til rette for gode bustadtilbod, godt kommunalt tenestetilbod og god folkehelse. Kommunen må i tillegg prioritere faktorar som gjer at Stryn kommune er ein god stad å bu i samt leggje til rette for utvikling av næringslivet.

Satsningsområde
I arbeidet for å nå hovudmålsetjinga har kommunen valt ut tre satsingsområde med tilhøyrande mål og strategiar:

- Folkehelse

- Tilrettelegging for næringslivet

- Bulyst og bustadtilbod

Overordna mål for kommunen

- Bulyst og bustadtilbod
- Folkehelse
- Tilrettelegging for næringslivet

Mål for kommunen

Overordnet mål	Delmål
Bulyst og bustadtilbod	Aktivt samarbeid mellom kommune og sivil sektor om ulike integreringstiltak i lokalsamfunnet
	Eit godt tenestetilbod innan helse- og omsorg
	Intensiv norskopplæring og god integrering av språklege minoritetar
	Kommunen skal prioritere å få på plass attraktive bustadfelt i vekstområdet Stryn sentrum – Loen. Dette gjeld mellom anna bustadfeltet Solvik/Rake. Når det gjeld resten av kommunen skal ein leggje i hovudsak ut område for LNF – område med spreidd bustader, i tillegg til nokre få bustadfelt i dei største tettstadane
	Legge til rette for gode møteplassar i alle tettstader
	Sikre god kvalitet i skule og barnehage
	Stryn kulturhus skal vere kommunen sitt fremste hus for kunst og kulturformidling
	Stryn skal ha eit attraktivt, inkluderande og mangfaldig kulturliv for å styrkje identitet, omdøme, næringsliv, trivsel og bulyst
Folkehelse	Auka fysisk aktivitet for alle, mellom anna ved å leggje til rette for fleire gang- og sykkelvegar, sentrumsnære turstiar, badeplassar og sikker tilgang til natur- og friluftsområde
	Folkehelse skal vere gjennomgripande i kommunen sitt arbeid og sine tenester
	Godt samarbeid mellom kommunen og frivillige lag og organisasjonar
Tilrettelegging for næringslivet	Gode vilkår for grunderånda
	Godt samarbeid mellom skule og næringsliv
	Plassere nye næringsareal i nærleik til hovudvegsystemet, primært kring Stryn sentrum og på Langeset. Minst mogleg konflikt med viktige jordbruksareal, natur- og kulturlandskap og friluftsområde
	Vidareutvikle Olden som cruisedestinasjon

Strategi for å nå mål

Strategier

Føringar frå samfunnsdelen

I samfunnsdelen har ein sett fleire mål og strategiar innan dei ulike tema. Dei som kan krevje økonomiske løyvingar er følgjande strategiar:

FOLKEHELSE

- Helse og førebygging skal ha vekt i planlegging og tenesteutøving
- Tilrettelegging av god infrastruktur for fellesskap, tryggleik, deltaking og sunne levevanar
- Vidareføre og utvikle MOT arbeidet
- Satse på konseptet Frisklivssentral for strukturert hjelp til endring av livsstil
- Delta i interkommunal samfunnsmedisinsk teneste og andre relevante samarbeidstiltak

OPPVEKST

- IKT som administrativt og fagleg verktøy i skule og barnehage
- Intensiv norskopplæring for språklege minoritetar
- Utvikle og få til betre samanheng mellom vaksenopplæring, arbeid og utdanning i samarbeid med NAV, flyktningetenesta og utdanningsinstitusjonane
- Dagleg fysisk aktivitet og fokus på kosthald i skule og barnehage
- Styrke samarbeidet med næringslivet

- Stimulere til auka aktivitet etter skuletid
- Gje tilbod om kulturelle opplevingar i skule og barnehage
- Sikre ein framtidsretta og berekraftig barnehage- og skulestruktur. Tilbodet i kommunen må byggast ut slik at ein til ei kvar tid har kapasitet til ein forventa vekst i barne- og elevtalet
- Auke barnehagekapasiteten i Stryn sentrum – Loen – Olden
- Sikre gode og tidsmessige lokale og aktivitetsområde
- Utarbeide kommunedelplan for oppvekstsektoren

HELSE OG SOSIAL OMSORG

Barneverntenesta

- Interkommunalt samarbeid (tiltaksstillingar, fagleg samarbeid m.m.)

Sosial tenester i NAV

- Samarbeid med flyktningtenesta, vaksenopplæring og næringsliv for å kvalifisere flyktningar og innvandrarar til arbeid
- Gode samarbeidsstrukturar kring rusproblematikk og ressurs for samordning og innsats

Helse- og omsorgstenester

- Syte for funksjonelle lokalitetar for helse - og omsorgstenestene
- Utvikle samarbeid og samhandling med frivillige
- Satse på interkommunalt samarbeid om oppgåver som er vanskeleg å takle åleine

FLYKTNINGAR OG INNVANDRING

- Nytte barnehage, grunnskule og SFO aktivt for å sikre god språkutvikling og integrering
- Ha arbeidsretta norskopplæring
- Aktivt samarbeid mellom kommune, næringsliv og NAV om språkopplæring og kvalifiseringstiltak for vaksne

IDRETT OG FRILUFTSLIV

- Avklare og setje av areal til idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv
- Godt samarbeid mellom lag/organisasjonar og kommunen som stimulerer til utbygging, god drift og aktivitet
- Legge til rette for eigenorganisert aktivitet blant barn og unge ved å ha gode nærmiljø/aktivitetsanlegg
- Legge til rette for sentrumsnære turstiar og god tilgang til naturområder
- Sikre dei viktigaste friluftsområda, dette gjeld særleg turstiar og badeområde med parkering

KULTUR

- Utvikle eksisterande og nye kulturtilbod
- Gode støtteordningar/økonomiske rammevilkår for lag og organisasjonar som stimulerer til innsats og aktivitet
- Utvikle Stryn kulturhus vidare som kommunen sitt fremste hus for kunst og kulturformidling. Kulturhuset skal i tillegg vere eit naturleg val for møteverksemd, kurs og konferansar

- Utvikle og legge til rette for at Stryn kulturskule skal bli eit ressurssenter for kultur og kunstfag
- Arbeide for å få nye lokale til kulturskulen
- Utvikle og legge til rette for at Stryn bibliotek skal vere eit framtidsretta og moderne folkebibliotek og skulebibliotek
- Synleggjere og inkludere eit aukande etnisk mangfald i kulturlivet
- Profesjonalisere tenestetilbodet innafor kultursegmentet
- Arbeide for å få gjenopprette stillinga som ungdomskontakt

KYRKJA

- Sikre tilstrekkelege rammeløyvingar og tenesteyting

NATUR, KULTURMILJØ OG LANDSKAP

- Utarbeide kommunedelplan for kulturminne og kulturmiljø

TETTSTADER OG BUSTADOMRÅDE

- Setje av nye areal til bustadområde kring Stryn sentrum gjennom arbeidet med kommunedelplan for Langeset – Stryn – Storesunde
- Opne for samarbeid kommune/næringsliv om bygging av rimelege gjennomgangsbustader
- Initiere prosjekt for tettstadutvikling basert på fylkeskommunal deltaking
- Setje i gang planarbeid knytt til vidareutvikling av Olden som cruisedestinasjon

SAMFERDSEL OG INFRASTRUKTUR

- Arealdelen skal avklare viktige spørsmål som

  - Stryn er eit trafikalt knutepunkt for storbil og buss
  - framtidig vegsystem for tilkomst til hytteområda nord for Stryn sentrum

- Prioritere finansiering og realisering av gang- og sykkelveg frå Loen til Solvik
- Utgreie behovet for framtidige løysingar for trafikken gjennom Stryn sentrum, og kvalitetssikre at arealdelen tek høgde for desse
- Bidra til regional og lokal samordning ved utbygging av breibandnett, stille krav om tilrettelegging av breiband ved ny utbygging. Vurdere økonomisk deltaking i utbyggingsprosjekt som ikkje har kommersielt grunnlag
- Kartlegge kritiske brukarar i høve breiband og framføringsvegar i beredskaps-samanheng i samband med heilskapleg ROS-analyse
- Prioritere sikring av vasskjelder og god vasskvalitet
- Utgreie utbygging og vedlikehald av vassforsyning og avløpsnett i sine respektive kommunedelplanar

NÆRINGSUTVIKLING OG VERDISKAPING

- Følgje opp næringsanalysa frå 2012 med ein tydeleg næringsstrategi. God oppfølging av gründerar. Kommunen sitt næringsapparat skal vere meir offensive i høve landbruket ved utadretta verksemd, særleg i høve rekruttering, investering og tilleggsnæringar på garden
- Auke produksjonen innanfor landbruket med 1 % per år.

- Støtte opp om utvikling av reiselivsnæringa, særleg tiltak for betre inntening, utvida sesong og kommersiell utnytting av naturen i samsvar med reiselivsplanen for Sogn og Fjordane

KLIMA OG ENERGI

- Alle større bygg, som vert planlagt i nærleiken av fjernvarmeleidning, må ha vassboren varme samt kople seg til fjernvarmenettet. Plikta til tilknyting baserast på at fjernvarmeenergien er konkurransedyktig med andre energikjelder
- Vurdere elektrisitetsforsyning til cruiseskip i Olden som alternativ til dagens bruk av dieselaggregat. Energibehovet er svært stort og vil krevje ei styrking av el-nettet lokalt
- Stryn Sommarskisenter bør få el-forsyning fram til anleggsområdet, enten via nett eller ved lokal vasskraftproduksjon i eit småkraftverk
- Arbeide for meir kollektiv persontransport i kommunen gjennom arbeidsbussruter og tettare lokalbussnett skal redusere utslepp av klimagassar. Prøve å få til samarbeid mellom kommunen og fylkeskommunen for å etablere arbeidsruter til dei største arbeidsplassane i kommunen
- Etablering av ladepunkt for EL-bilar
- Offensiv for utbygging av gang- og sykkelveger

Status og rammevilkår

Her kan du lese meir om den økonomiske status i kommunen og kva føringar vi får gjennom til dømes statsbudsjettet.

Status og rammevilkår
Stryn kommune skal ha ein berekraftig økonomi for å sikre at kommunen vil vere i stand til å gje innbyggjarane stabile og gode velferdstenester på kort og lang sikt.
Med berekraftig økonomi meiner vi at kommunen sine årvisse utgifter skal vere finansiert av sikre, årvisse inntekter, og at kommunen skal levere økonomiske resultat i tråd med staten sine forventningar til oss.

Økonomiske nøkkeltal - ambisjon

For å gjere kommunen meir økonomisk robust og berekraftig må ein sette seg nokon finansielle måltal for kommunen sin økonomi:

- Disposisjonfond i prosent av brutto driftsinntekt.

Stryn kommune skal ha disposisjonsfond på 10% av brutto driftsinntekt.

- Netto driftsresultat

Når disposisjonsfondet er under 10% av brutto driftsinntekt skal ein i budsjett ha minst 1,75% i netto driftsresultat som skal leggast til fondet.

- Arbeidskapital

Arbeidskapital fråtrekt premieavvik i prosent av brutto driftsinntekt (likviditet) > 20%

- Finansiering av investeringar

Maksimum 80% av årlege investeringar kan lånefinansierast.

Måltala vert lagde til grunn som handlingsreglar i kommunen sitt budsjettarbeid.

Kommunestyret er innforstått med at auka lånegjeldsgrad dei komande åra vil måtte finansierast med ein kombinasjon av kutt i tenestetilbod, auka inntekter og effektivisering av tenesteproduksjonen.

Statsbudsjettet

Inntektssystemet er staten si "berekningsformel" for finansiering av kommunesektoren. Det består av ein heil rekke kriteria som tar omsyn til kommunale skilnader i til dømes innbyggarane si aldersfordeling, busettingsmønster, helse- og sosiale forhold mv. Inntektssystemet gir Stryn kommune lågare inntekter enn Vestland fylket i snitt, og lågare enn vi tidlegare har hatt og har basert drifta vår på. Dette gjer at vi får utfordringar med at inntektene ikkje dekker dei driftsutgiftene vi har med dagens drift i kommunen, og dette er noko vi må jobbe med gjennom økonomiplanperioden for å få ein langsiktig berekraftig kommune.

Veksten i inntektene til Stryn kommune vart gjennom statsbudsjettet auka med 2,7 %, noko som er lågare enn snittet for både fylket og for landet elles. Denne auka sikrer at vi kan fortsette drifta som den er no, men der er ikkje noko auke i dei sentrale inntektene til kommunen utover den samla pris- og kostnadsveksten i kommunane (kommunal deflator 2,7 %). Det vil seie at status for Stryn kommune no er at vi har inntekter nok til å drifte kommunen vidare som i dag, men det er ikkje rom økonomisk for nye ønska tiltak. For å få eit handlingsrom til kommunen må ein jobbe vidare med å anten redusere eksisterande kostnadar eller auke inntektene.

Føringar frå statsbudsjettet har blitt oppdatert i brev frå fylkesmannen som ligg under:

"*STATSBUDSJETTET 2021 - KOMMUNEOPPLEGGET*

Regjeringa presenterer framlegg til statsbudsjett for 2021. Fylkesmannen vil her gi eit samandrag som kan vere nyttig for kommunane i samband med budsjettarbeidet i haust.

Det er ein pårekna vekst frå 2020 til 2021 i frie inntekter for kommunane samla i Vestland på 3,1 prosent. Pårekna vekst frå 2020 til 2021 for kommunane i landet samla er 3,0 prosent. 19 kommunar i Vestland ligg likt eller over landsgjennomsnittet, medan 24 kommunar ligg under.

I brevet betyr «kommunane» primærkommunane utan at fylkeskommunane er med, og «departementet» betyr Kommunal- og moderniseringsdepartementet (KMD).

Regjeringa sitt framlegg for budsjettåret 2021

Det er rekna med ein nominell skatteauke for kommunane frå 2020 til 2021 med 6,6 prosent. På-rekna skatteinntekter i 2021 byggjer blant anna på pårekna sysselsetjingsvekst (0,6 prosent) og lønsvekst (2,2 prosent).

Det er i statsbudsjettet lagt opp til at det kommunale skatteøyret blir justert frå 11,10 prosent i 2020 til 12,15 prosent i 2021.

Det er lagt opp til at skattedelen av kommunane sine samla inntekter skal vere om lag 40 prosent også for 2021.

Den samla pris- og kostnadsveksten i kommunane – kommunal deflator – er i framlegget 2,7 prosent. Deflatoren blir nytta til prisjustering av statlege rammetilskot og øyremerkte tilskot i stats-budsjettet. Kostnadsdeflatoren består av:

- Lønsvekst 2,2 prosent
- Varer og tenester 3,6 prosent
- Samla prisvekst 2,7 prosent

Samla vekst i frie inntekter

Det er lagt opp til ein realvekst i dei frie inntektene for primærkommunane frå 2020 til 2021 med kr 1,6 mrd. Denne veksten er rekna frå inntektsnivået i år som var lagt til grunn i saldert budsjett, det vil seie pårekna inntektsnivå lagt til grunn i desember 2019 for budsjett 2020. Det er rekna eit sær-skilt tillegg i realveksten i frie inntekter frå 2020 til 2021 på om lag kr 1,18 mrd. for primær-kommunane, som tilsvarer inntektsreduksjonen i år frå nivået i saldert budsjett til revidert nasjonal-budsjett.

Veksten i dei frie inntektene er realauke slik at priskompensasjonen frå 2020 til 2021 vil kome som eit tillegg i inntektene. Oppjusteringa av pårekna skatteinntekter etter revidert nasjonalbudsjett (meirskatt kr 1,8 mrd.) er ikkje med i samanlikningsgrunnlaget frå i år.

Pårekna meirutgifter i 2021 knytte til den demografiske utviklinga er om lag kr 0,9 mrd. for primær-kommunane. Dette er den delen av meirutgiftene som følgje av befolkningsutviklinga som må bli finansierte av dei frie inntektene.

Kr 100 mill. av veksten i dei frie inntektene vil vere knytt til særskilt satsing på barn og unge si psykiske helse.

Frie inntekter – skatt og rammeoverføring – på kvar kommune

Vedlagt tabell syner rammeoverføring og pårekna frie inntekter for 2021. Pårekna skatt og inntekts-utjamning i tabellen byggjer på kommunane sin faktiske skatteinngang i 2019. Dette grunnlaget er justert opp i samsvar med pårekna samla skattevekst i 2020 og 2021.

I berekning av skatteprognose for 2021 er det justert for same endring i prosent i høve til rekne-skapen 2019 for alle kommunane, uavhengig av den lokale utviklinga i kvar kommune etter 2019. Denne skatteprognosen er nytta som grunnlag for pårekna inntektsutjamning. Kommunane må justere for lokale tilhøve i budsjetteringa av skatt for 2021.

Veksten i frie inntekter vil variere mellom kommunane. Årsaker er følgjande punkt som påverkar kommunane ulikt frå år til år :

- endringar i inntektssystemet
- endringar i folketalet og alderssamansetjing
- endring i andre kriteriedata
- endring i fordelinga av skjønstilskot

- endring i veksttilskot
- endring i distriktstilskot eller småkommunetillegg
- endringar i skattegrunnlaget

Priskompensasjon frå 2020 til 2021 er innarbeidd i oversynet for dei frie inntektene i vedlagt tabell.

Det er som nemnt rekna med ein nominell vekst i kommunane sine samla frie inntekter på landsbasis frå 2020 til 2021 med 3,0 prosent. Denne veksten er rekna i høve til pårekna inntektsnivå i år (rekneskap 2020), medrekna oppjusteringa av skatteinntektene. Den pårekna veksten for kommunane samla i Vestland er 3,1 prosent.

Auka rammeoverføring blir gitt for nye oppgåver og omfattar også heilårsverknader i denne samanhengen. Utrekna prosentvekst for dei frie inntektene er korrigert for dette i vedlagt tabell, slik at kompensasjon i denne samanheng ikkje inngår i prosentveksten. I utrekning av prosentvekst er det også korrigert for innlemming av øyremerkte tilskot i rammetilskotet og dessutan for grensejusteringar.

Aktuelle saker

Helsestasjon og skulehelseteneste

Den delen av rammetilskotet som er grunngitt med satsinga på helsestasjon og skulehelsetenesta blir vidareført frå 2020 til 2021, med priskompensasjon. For 2021 er rammetilskotet knytt til føremålet kr 929,0 mill. Midlane blir fordelte mellom kommunane på grunnlag av talet på innbyggjarar i alderen 0–19 år, med eit minstenivå på kr 100.000,- per kommune.

Tilskot til frivilligsentralar

Tilskot til frivilligsentralar vart innlemma i rammetilskotet frå og med 2017. Tilskotet er i åra til og med 2020 fordelt med utgangspunkt i fordelinga av det øyremerkte tilskotet i 2016.

Tilskot til frivilligsentralar vil bli teke ut av rammetilskotet for 2021 og i staden gitt som øyremerkt tilskot på Kulturdepartementet sitt budsjett. Kr 206,8 mill. blir teke ut av rammetilskotet.

Ressurskrevjande tenester

Ordninga med øyremerkte tilskot for ressurskrevjande tenester gjeld for tenestemottakarar til og med det året dei blir 67 år. Utbetaling av tilskot til kommunane i 2021 vil vere basert på direkte lønsutgifter i 2020 knytte til tenestemottakarar.

Det er lagt opp til følgjande for 2021:

- Kompensasjonsgraden blir vidareført med 80 prosent av netto utgifter ut over innslagsnivået.

- Innslagsnivået for å få kompensasjon blir auka per tenestemottakar frå kr 1,361 mill. til kr 1,430 mill. for netto utgifter i 2020. Det inneber ein auke på kr 46.000,- utover justering for pårekna lønsvekst i 2020 (1,7 prosent).

- Kompensasjonen som blir utbetalt frå staten til kommunane i 2021 skal kommunane inntektsføre i sine rekneskap for 2020. Kommunane skal inntektsføre den pårekna kompensasjonen i rekneskapen for det same året som utgiftene har vore.

- Tilskot for personar med psykisk utviklingshemming (16 år og eldre) i rammetilskotet blir trekt frå nettoutgiftene i berekningsgrunnlaget. Eventuelle statlege øyremerkte tilskot blir også trekt frå berekningsgrunnlaget.

Det er lagt opp til ein særskilt kompensasjon med skjønstilskot til små kommunar som har høge utgifter til ressurskrevjande tenester. Det er framlegg om ei samla ramme på kr 30 mill. Ordninga blir administrert av departementet, og det er ikkje lagt opp til at kommunane kan søkje om kompensasjon. Det er berre kommunar med maksimalt 3000 innbyggjarar som kan få kompensasjon gjennom ordninga. Departementet vil i samband med fordelinga vurdere kor stor eigenandel for utgiftene kommunen har per innbyggjar og kommunen sin økonomi m.m.

Ny delkostnadsnøkkel for grunnskule

Det er i 2020 innlemma i rammetilskotet kr 1316,8 mill. av øyremerkt tilskot til tidleg innsats i skulen gjennom auka lærartettleik på 1.–10. trinn. Desse midlane blir i 2020 fordelte særskilt i ramme-tilskotet, med om lag same fordeling som i 2019 når dei var øyremerkte.

Det er framlegg om ny delkostnadsnøkkel for grunnskule frå 2021. Det blir for 2021 lagt opp til å fordele halvdelen av midlane til tidleg innsats særskilt, basert på den tidlegare fordelinga, og halv-delen etter den nye delkostnadsnøkkelen. Frå 2022 er det planlagt å fordele midlane fullt ut etter den nye delkostnadsnøkkelen. I den nye delkostnadsnøkkelen blir kriteriet for innbyggjarar 6-15 år vekta noko opp. Kriteria for busetjing og gradert basiskriterium blir samla vekta tilsvarande ned.

Andre saker som har innverknad på rammetilskotet:

Trus- og livssynssamfunn utanom Den norske kyrkja: Staten tek over kommunane sitt tilskotsansvar. Kr 467,8 mill. blir teke ut av rammetilskotet.

Private barnehagar har i gjennomsnitt lågare pensjonsutgifter enn det dei får kompensert. Dette fører til netto uttrekk frå rammetilskotet til kommunane med kr 215,8 mill. Uttrekket frå rammetilskotet blir fordelt etter delkostnadsnøkkelen- for barnehage.

Nytt tak på eigenandelar for frikort helsetenester: Kommunane får kompensasjon på kr 50 mill. gjennom auka rammetilskot for å kunne ivareta utsette grupper. Tak på eigenandelar 1 og 2 for frikort helse-tenester blir slått saman til eit nytt tak for eigenandelar frå 01.01.2021. Fordeling av kompensasjon på rammetilskotet skal skje etter delkostnadsnøkkel for sosialhjelp.

Inntektssystemet i 2021

Inntektsutjamning

Inntektsutjamninga er 60 prosent av skilnaden mellom kommunane sitt skattenivå og gjennom-snittleg skattenivå for landet. Tilleggskompensasjonen – for kommunar med lågt skattenivå – er 35 prosent av det skattenivået er under 90 prosent av landsgjennomsnittet. Kompensasjonsgraden blir vidareført som i noverande inntektssystem.

Overgangsordninga INGAR

Overgangsordninga med inntektsgarantitilskot (INGAR) gir kompensasjon for ei utvikling i rammetilskotet med meir negativt avvik enn eit fastsett beløp per innbyggjar (grenseverdien) frå landsgjennomsnittet, frå eit år til det neste. Grenseverdien for kompensasjon er no kr 400,- per innbyggjar. Det vil m.a.o. vere den delen av utviklinga i rammetilskot frå det eine året til det neste året som er meir enn kr 400,- per innbyggjar svakare enn landsgjennomsnittet, som blir kompensert.

INGAR tek ikkje omsyn til endring i skatt, inntektsutjamning, veksttilskot og skjønstilskot.

INGAR tek omsyn til endringar i inntektssystemet, innlemming av øyremerkte tilskot i rammeoverføring, oppgåveendringar, endringar i kriteriegrunnlaget (t.d. talet på eldre og personar med psykisk utviklingshemming), bortfall av småkommunetillegg og nedgang eller bortfall av distriktstilskot.

Teljetidspunkt

For 2021 gjeld folketal per 1. juli 2020 for innbyggjartilskotet (medrekna overgangsordninga INGAR) og kriteria for aldersgrupper i utgiftsutjamninga. Andre kriteriedata i utgiftsutjamninga er frå 1.

januar 2020. Oppdatering av folketal i inntektsutjamninga blir vidareført med teljedato 1. januar i sjølve budsjettåret.

Veksttilskot

Veksttilskotet blir gitt til kommunar som har hatt ein årleg befolkningsvekst dei siste tre åra høgare enn ei vekstgrense i prosent (gjennomsnitt per år). I 2021 blir vekstgrensa ført vidare med 1,4 prosent.

Veksttilskotet blir gitt med eit fastsett beløp per innbyggjar utover vekstgrensa, beløpet blir prisjustert i 2021 til kr 62.252,-.

Distriktstilskot Sør-Noreg utanom småkommunetillegg

Distriktstilskotet skal ivareta kommunar i Sør-Noreg med svak samfunnsutvikling. Det blir gitt til kommunar som har ein distriktsindeks på 46 eller lågare.

Skattenivået må ha vore under 120 prosent av landsgjennomsnittet i gjennomsnitt for dei siste tre åra, for at kommunen skal få tilskot.

Den eine delen av tilskotet blir gitt med ein sats per kommune, og den andre delen av tilskotet blir gitt med ein sats per innbyggjar. Begge delane av tilskotet blir gradert på grunnlag av distriktsindeksen slik at lågare indeks gir større tilskot.

Småkommunetillegg

Småkommunetillegget blir gitt til kommunar med under 3200 innbyggjarar. Tilskotet er frå og med 2017 gradert på grunnlag av distriktsindeks. Jo høgare distriktsindeks, jo større trekk i høve til fullt tilskot (opp til 50 prosent). Dei kommunane som har lågast indeks får ikkje noko trekk i høve til fullt tilskot.

Skattenivået må ha vore under 120 prosent av landsgjennomsnittet i gjennomsnitt for dei siste tre åra, for at kommunen skal få tilskot.

Det er ikkje lagt opp til endringar i distriktstilskotet og småkommunetillegget for 2021. Distrikts-indeks blir ikkje endra for 2021. Tilskota blir prisjusterte frå 2020 til 2021.

Utgiftsbehov

Gjennom utgiftsutjamninga i inntektssystemet skal kommunane få full kompensasjon for skilnader i kostnader som dei ikkje sjølve kan påverka. Grunnlaget for omfordelinga i utgiftsutjamninga er utgiftsbehovet per innbyggjar for landsgjennomsnittet og for den einskilde kommune.

Skjønstilskot

a) Fylkesmannen sine ordinære skjønsmidlar for 2021.

Basisramma for fylkesmennene sitt samla skjønstilskot i landet blir redusert med kr 100 mill. frå 2020 til 2021, til kr 850 mill. i 2021. For Vestland blir basisramma redusert frå kr 163,0 mill. i 2020 til kr 145,0 mill. i 2021.

Reduksjonen i basisramma blir overført til innbyggjartilskotet.

Ein del av skjønsramma for 2021 vil først bli fordelt mellom kommunane i budsjettåret 2021. Fylkesmannen i Vestland har gjort ei overordna fordeling av skjønsmidlane mellom ordinært skjøn i statsbudsjettet (kr 115,0 mill.), fornyings- og innovasjonsprosjekt (kr 15,0 mill.) og til fordeling i budsjettåret (kr 15,0 mill.).

Fordelinga av skjønstilskot for 2021 er vist i eigen kolonne i vedlagt tabell. Vi viser til vår nettside der det blir lagt ut meir informasjon om fordelinga av skjønstilskot mellom kommunane.

b) Departementet sine skjønsmidlar for 2021.

Departementet vil ha ein reserve av skjønsmidlar på kr 150 mill. for 2021. Desse midlane vil mellom anna bli brukt til å gi kompensasjon for reduksjon i veksttilskot, som følgje av kommunesamanslåing, og den nemnde særskilte kompensasjonen til små kommunar som har høge utgifter til ressurs-krevjande tenester.

Eigedomsskatt

Det vart vedteke for 2020 reduksjon av maksimal skattesats for eigedomsskatt for bustad- og fritids-eigedomar frå sju til fem promille.

Det er framlegg for 2021 at maksimal skattesats for eigedomsskatt for bustad- og fritidseigedomar blir redusert ytterlegare frå fem til fire promille.

Det er frå og med 2019 sett av kompensasjon for kommunar som får reduserte inntekter som følgje av at dei ikkje lenger kan krevje eigedomsskatt på produksjonsutstyr og installasjonar.

Samla kompensasjon for bortfall av eigedomsskatt på produksjonsutstyr og installasjonar er i framlegget redusert frå kr 500 mill. til kr 300 mill. Beløp er etter at opptrappinga av ordninga har fått full verknad etter sju år. I 2021 er det framlegg om ei samla kompensasjon på kr 174,4 mill. Kompensasjon blir gitt i rammetilskotet med særskilt fordeling.

Med helsing

Lars Sponheim *Gunnar O. Hæreid*

assisterande fylkesmann "

Sentrale inntekter i budsjettframlegget

Skatt på inntekt og formue er budsjettert med kr 199.693.000,-.
Ordinært rammetilskot er budsjettert med kr. 254.351.000,-

Eigedomsskatt er budsjettert med kr. 17,796 mill. kr., på same nivå som i 2020. Dette er den einaste inntektskjelda kommunen sjølv kan påverke gjennom regulering av promillen eigedomsskatten. Eigedomsskatten i Stryn kommune er sett til 3,4 promille.

Folketalsutvikling

Her kan ein sjå forventa folkestalutvikling i Stryn kommune i dei neste 25 åra basert på tal frå Statistisk sentralbyrå.

Demografi

Befolkningsprognose



	2020	2025	2030	2035	2040	2045
0 - åringer	63	60	62	63	62	59
Barnehage (1-5 år)	392	326	324	332	333	323
Grunnskole (6-15 år)	918	849	742	689	699	701
Videregående (16-19 år)	401	366	335	320	280	278
Voksne (20-66 år)	4 080	3 995	3 930	3 776	3 643	3 563
Eldre (67-79 år)	901	950	1 002	1 063	1 143	1 112
Eldre (80-89 år)	293	359	453	540	550	598
Eldre (90 år og eldre)	82	71	90	119	161	200
Total	7 130	6 976	6 938	6 902	6 871	6 834

Prognose type : Middels nasjonal vekst
Prognose periode : 25

0 - åringer

Befolkningsprognose



	2020	2025	2030	2035	2040	2045
0 år	63	60	62	63	62	59
Total	63	60	62	63	62	59

Barnehage (1-5 år)

Befolkningsprognose



	2020	2025	2030	2035	2040	2045
1 år	68	62	63	64	64	61

	2020	2025	2030	2035	2040	2045
2 år	73	64	64	66	66	63
3-5 år	251	200	197	202	203	199
Total	392	326	324	332	333	323

Grunnskole (6-15 år)

Befolkningsprognose



	2020	2025	2030	2035	2040	2045
6-9 år	339	321	270	272	279	278
10-12 år	309	237	218	204	210	210
13-15 år	270	291	254	213	210	213
Total	918	849	742	689	699	701

Videregående (16-19 år)

Befolkningsprognose



	2020	2025	2030	2035	2040	2045
16-17 år	202	193	165	152	141	142
18 år	103	90	90	86	70	69
19 år	96	83	80	82	69	67
Total	401	366	335	320	280	278

Voksne (20-66 år)

Befolkningsprognose



	2020	2025	2030	2035	2040	2045
20 år	86	75	97	70	66	65
21 år	98	88	80	68	66	62
22 år	93	72	80	71	64	60
23-24 år	152	147	136	135	131	114
25-34 år	797	765	713	703	674	641
35-44 år	867	814	829	816	772	755
45-49 år	455	445	422	414	431	405
50-66 år	1 532	1 589	1 573	1 499	1 439	1 461
Total	4 080	3 995	3 930	3 776	3 643	3 563

Eldre (67-79 år)

Befolkningsprognose



	2020	2025	2030	2035	2040	2045
67-79 år	901	950	1 002	1 063	1 143	1 112
Total	901	950	1 002	1 063	1 143	1 112

Eldre (80-89 år)

Befolkningsprognose



	2020	2025	2030	2035	2040	2045
80-89 år	293	359	453	540	550	598
Total	293	359	453	540	550	598

Eldre (90 år og eldre)

Befolkningsprognose



	2020	2025	2030	2035	2040	2045
90 år eller eldre	82	71	90	119	161	200

	2020	2025	2030	2035	2040	2045
Total	82	71	90	119	161	200

Investeringar i økonomiplanen

Her kan ein lese om investeringane i økonomiplanperioden fordelt på dei ulike sektorane og sjølvkost.

Andre investeringer

Beløp i 1000	Økonomiplan				Sum
Investeringsprosjekter	**2021**	**2022**	**2023**	**2024**	**2021-24**
Sentraladministrasjon					
Barnehage Loen	6 100	3 200	0	0	9 300
EPC - Alternativ 2	8 000	0	0	0	8 000
Grunninnløysing, areal til bustad og næringsføremål	30 000	15 000	0	0	45 000
Stryn kyrkjelege fellesråd: 1. Minnelund Oppstryn	200	0	0	0	200
Stryn kyrkjelege fellesråd: 3 Nordsida Kyrkje - Påbygg Handicap WC ++	500	0	0	0	500
Stryn ungdomsskule - forprosjekt for framtidig bruk av Stryn Ungdomsskule/nærmiljøanlegg	5 000	0	0	0	5 000
Vikane omsorgssenter - rehabilitering	20 000	25 000	0	0	45 000
Sum Sentraladministrasjon	**69 800**	**43 200**	**0**	**0**	**113 000**
Skule og kultur					
Stryn ungdomsskule - forprosjekt for framtidig bruk av Stryn Ungdomsskule/nærmiljøanlegg	0	0	0	0	0
Teknisk					
BRANNSTASJON YTRE EINING	1 000	5 000	0	0	6 000
Bygging veg med fortau Solvik - Leite	16 000	0	0	0	16 000
DAM LANGESETVATNET	0	3 500	0	0	3 500
Delfinansiering gangveg Loen - Solvik	0	18 000	0	0	18 000
Etablering av kommunalt bustadfelt	1 000	14 000	0	0	15 000
Ny brannstasjon i sentrum	0	5 000	40 000	25 000	70 000
Regulering av næringsareal aust for Skarsmyra	500	0	0	0	500
Regulering av næringsareal på Ytreeide	500	0	0	0	500
Storesunde - ny veg fram til forsamlingshus - inkl. grunnkjøp	7 000	0	0	0	7 000
Sum Teknisk	**26 000**	**45 500**	**40 000**	**25 000**	**136 500**
Skattar, rammetilskot og finans					
Delfinansiering gangveg Loen - Solvik	0	0	0	0	0
Stryn ungdomsskule - forprosjekt for framtidig bruk av Stryn Ungdomsskule/nærmiljøanlegg	0	0	0	0	0
Sum	**95 800**	**88 700**	**40 000**	**25 000**	**249 500**

Selvkost

Beløp i 1000	Økonomiplan				Sum
Investeringsprosjekter	**2021**	**2022**	**2023**	**2024**	**2021-24**
Teknisk					
Førebuing prosjektering nytt avløpsrenseanlegg Loen	250	0	0	0	250
Instumentering avløp	500	0	0	0	500
Kamera og nytt freseutstyr til feiarvesenet	70	0	0	0	70
KARTLEGGING OG TILSTANDSVURDERING AV LEDNINGSNETT I STRYN SENTRUM	200	0	0	0	200
KLOAKKSANERING PERHUSTUNET	1 000	0	0	0	1 000
Loen vassverk - etablere ny gravd brønn	0	1 100	0	0	1 100
Loen vassverk - oppgradering eksisterande VBA	0	3 250	0	0	3 250
OMBYGGING TYVA VASSVERK - NY GRUNNVASSBRØNN	1 925	0	0	0	1 925
Omlegging VA-leidningar bru Loen og ny pumpestasjon Lovik	2 700	0	0	0	2 700
Prosjektering nytt avløpsrenseanlegg Loen	2 500	5 000	0	0	7 500
Rehabilitering infiltrasjonsanlegg Hjelle	300	0	0	0	300
Utbetring overvassytem Kreklingen gbnr 58/44	0	700	0	0	700
Utsleppslinjer kloakk - utbetring av skader	400	0	0	0	400
Utstyr VA - kamera med sonde, pipe mic lekkasjesøk, røykmaskin lekasjesøk	500	0	0	0	500
Sum Teknisk	**10 345**	**10 050**	**0**	**0**	**20 395**
Sum	**10 345**	**10 050**	**0**	**0**	**20 395**

Andre investeringer

Sentraladministrasjon

Barnehage Loen

Loen barnehage har ikkje kapasitet til å ta imot alle barna som soknar til Loen. Det vart det gjort vedtak i kommunestyre 19.12.2019, at utbygging skulle skje i 2020. 5 små barn frå Loen har inneverande barnehageår plass i Vikalida barnehage.

Arbeidet for å gjennomføre tiltaket starta umiddelbart etter vedtak. Rom- og funksjonsplanar vart sendt til arkitekt Sporstøl som ferdigstilte skisser for bygget i mai. Det viste seg behov for meir areal for å stette krav til fellesareal for vaksne og barn samt meir garderobe/toalettplass. Kostnaden difor høgre enn bevilga. Utbygging var opprinneleg tenkt i 2021, men vart framskunda av kommunestyret gjennom verbalframlegg. Tid til planarbeidet vart difor redusert.

Fleire utfordringar dukka opp og tiltaket må utsetjast:

- Høgre kostnadar
- Flaumkartlegging for området ikkje gjort, noko som vil medføre at vi ikkje får byggeløyve. Midlar til dette vart løyvd sommar 2020 med oppstart haust 2020.

Tiltaket må difor flyttast fram i tid, med auka økonomiske rammer + 3,2 mill.

EPC - Alternativ 2

EPC-prosjekta er lagt inn med to alternativ. Alt.2- den mest omfattande «pakken» med ei investering på 16,3 mill.inneheld i tillegg ein del tiltak som likevel må utbetrast i nær framtid, men og energisparande. Vil gi ei innsparing på energiutgifter på ca 1.500.000,- frå 2022. Dette vil gi innsparte midlar til drift på frå ca kr. 330.000,-, då rente og avdragskostnadane vil ligge på inntil kr. 1.170.000,-. I det lange løp vil dette prosjektet gi meir innsparingar enn alternativ 1.

Stryn kyrkjelege fellesråd: 3 Nordsida Kyrkje - Påbygg Handicap WC ++

I samband med utviding av gravplassen på Nordsida tok soknerådet initiativ til å lage sokkel for tilbygget, med ei bod under. Dette er realisert ved at soknerådet har forskottert tiltaket. Tilbygget får og eit lagerrom med inngang frå våpenhuset. Nordsida sokneråd har sterkt engasjement for dette tiltaket, og har dette som første prioritet. Soknerådet garanterer for kr. 100.000 i medfinansiering av tiltaket. Det vert føreslått ei todelt løyving: 2021: kr. 623.500 for å realisere bygging, 2022: kr. 226.500 for å dekke Nordsida sokneråd si forskottering i 2019/2020.

Stryn ungdomsskule - forprosjekt for framtidig bruk av Stryn Ungdomsskule/nærmiljøanlegg

Forprosjekt i 2021 for framtidig Stryn ungdomsskule - 300 000.

Endeleg avklaring kan ikkje skje før reguleringsplanen for Stryn sentrum er ferdig handsama.

Ved uendra lokalisering, må tidlegare vedtatt og utsett prosjekt på uteområdet fullfinansierast og realiserast.

Prosjektet har i mange år vore med som prioritert nærmiljøanlegg. Det har vore sett på vent med bakgrunn i mangel på areal. Areal vart erverva i 2019.

Plan for nærmiljøanlegget har blitt utarbeidd med stor grad av brukarmedverknad.

Samla kostnad 4 700 000. Prosjektet vil kunne utløyse spelemidlar på kr. 1 638 000.

Prosjektet har i etterkant blitt sett på vent i prosessen rundt reguleringsplan. Det har blitt reist spørsmål frå politisk nivå om bygging av ny skule/omlegging av skulestrukturen i Stryn sentrum.

Evt. ny ungdomsskule i sentrum - 200 mill

Vikane omsorgssenter - rehabilitering

Det er naudsynt med rehabilitering på Vikane omsorgsenter. Eksisterande tilskotsordning med statleg finansiering for rehabilitering er meldt at det kjem til å vil bli avslutta i 2020, og det er difor naudsynt å starte dette prosjektet no for å få desse midlane. Prosjektet har ein samla kostnad på kr. 45.000.000,-, der 55 % vil vere statleg finansiering (24.750.000,-). Resten vil vere låneopptak. Forutsetning for prosjektet er at vi blir tildelt statleg midlar. Prosjektet vil ikkje blir gjennomført om vi ikkje får desse midlane.

Teknisk

BRANNSTASJON YTRE EINING

Arbeidstilsynet har kome med pålegg om oppgradering av brannstasjonar i Stryn kommune. Dette tiltaket inneber bygging/opprusting av ein eller to utestasjonar. Plassering må avgjerast i eiga sak i 2021.

Bygging veg med fortau Solvik - Leite

Veg frå Leitekviakrysset til Solvik med tilkopling til Fv60. Prosjektet må kome samtidig, eller før GS-veg Loen-Solvik.

Med dette tiltaket vil ein kunne vidareutvikle Rake bustadfelt. Er framleis ein stor del av feltet som var regulert i 1985 som ikkje er bygd ut.

DAM LANGESETVATNET

Kommunal veg kryssar ein kombinert bru/demning ved utløpet av Langesetvatnet. Tiltaket gjeld innleige av fagansvarleg konsulent for å sjå på ulike løysingar for at demning skal vere i samsvar med damsikkerheitsforskrift. Krav om innmelding av damsikkerheitsklasse til NVE 6.jan.2020.

Ny brannstasjon i sentrum

Stryn brannvesen har pålegg frå Arbeidstilsynet når det gjeld reine og skitne soner, ventilasjon, garderobeforhold på alle stasjonane. Dette må løysast. Dette kan løysast i bygget vi er i dag, men er ei lite framtidsretta løysing sidan området på sikt skal brukast til andre ting. Brannvesenet treng difor nye lokalitetar som stettar krava til arbeidstilsynet.

Storesunde - ny veg fram til forsamlingshus - inkl. grunnkjøp

Tiltaket gjeld bygging av ny veg frå Fv722 til Grendahus på Storesunde i samsvar med reguleringsplan frå 25.6.2015. Stryn kommune har inngått rettsforlik der kommunen skal yte tilskot til gbnr 69/1 mot at kommunen slepp oreigning av areal til veg. Stryn kommune er saksøkt for manglande etablering av veg, okt 2017. I forhold til gjennomføringsevne er det lagt opp til oppstart i 2020 med ferdigstilling i 2021.

Selvkost

Teknisk

Kamera og nytt freseutstyr til feiarvesenet

Det var på budsjettet for 2020 sett opp to kamera til feiarvesenet. Tanken er at begge feiarane skal ha dette kameraet i bilen, og tilgjengeleg ute på oppdrag. På oppdrag vi er ute på - både når det gjeld feiing og tilsyn , treng vi ofte kamera for å kunne inspiserer skorsteinen. Har ein dette i bilen til ei kvar tid vil feiarane spare doble turar. Summen som var sett opp i 2020 var for liten til 2 kamera. I feieutstyret til feiaren skal der også vere utstyr til fresing av beksot. Dette er også utstyr som begge feiarane skal ha i bilen tilgjengeleg for å kunne utføre arbeidet etterkvart.

KARTLEGGING OG TILSTANDSVURDERING AV LEDNINGSNETT I STRYN SENTRUM

Under arbeid med kommunedelplan for avløp, og ved arbeid med reguleringsplan for Geilevegen er delar av området i Kreklingen/Geilevegen kartlagt. Det er dokumentert mykje havarerte leidningar, og utslepp av kloakk til sentrumsbekkar. Behov for meir omfattande kartlegging for å finne det totale behovet for sanering.

KLOAKKSANERING PERHUSTUNET

Gjeld sanering av næring og bustad frå gbnr 57/175 ved gamlebrua til gbnr 57/86. Kloakk frå området går i dag på Stryneelva. Er etablert delvis ferdig pumpestasjon ved gbnr 57/228 som lyt ferdigstillast.

Utbetring overvassytem Kreklingen gbnr 58/44

I området Kreklingen er det store skadar på avløpssystem. Tiltaket gjeld utbetring av en konkret skade på overvassystem ovanfor gbnr 58/44.

Utsleppslinjer kloakk - utbetring av skader

Utbetring og tilsyn av utsleppspunkt for avløp i sjø.

Oversikt Investering og finansiering

Beløp i 1000	Økonomiplan			
	2021	2022	2023	2024
Investeringer i varige driftsmidler	106 145	98 750	40 000	25 000
Investeringer i aksjer og andeler i selskaper	0	0	0	0
Avdrag på lån	0	0	0	0
Sum finansieringsbehov	106 145	98 750	40 000	25 000
Kompensasjon for merverdiavgift	0	0	0	0
Tilskudd fra andre	-1 310	-25 078	0	0
Salg av varige driftsmidler	0	0	0	0
Mottatte avdrag på utlån av egne midler	0	0	0	0
Bruk av lån	-104 835	-73 672	-40 000	-25 000
Overføring fra drift	0	0	0	0
Netto avsetninger til eller bruk av bundne investeringsfond	0	0	0	0
Netto avsetninger til eller bruk av ubundet investeringsfond	0	0	0	0
Sum finansiering	-106 145	-98 750	-40 000	-25 000
Sum finansieringsbehov	**106 145**	**98 750**	**40 000**	**25 000**
Sum finansiering	**-106 145**	**-98 750**	**-40 000**	**-25 000**
Udekket finansiering	0	0	0	0

Utvikling av lånegjeld og andre vesentlige langsiktige forpliktingar i økonomiplanperioden

Utvikling av lånegjeld og andre vesentlige langsiktige forpliktingar i perioden 2020-2024 for Stryn kommune. Oversikta er eksl. formidlingslån/startlån.

Lånegjeld (tal i 1000)	**2020**	**2021**	**2022**	**2023**	**2024**
IB Lånegjeld pr. 1.1.	**605 725**	**642 097**	**713 551**	**752 211**	**765 938**
Avdrag	-24 158	-23 036	-24 962	-26 273	-27 086
Nye låneopptak	60 530	94 490	63 622	40 000	25 000
UB Lånegjeld pr. 31.12.	**642 097**	**713 551**	**752 211**	**765 938**	**763 852**
Lånegjeld pr. innbyggar (7 118 innb. pr. 3. kvartal 2020)	90	100	106	108	107

Netto lånegjeld i prosent av brutto driftsinntekter



	KOSTRA 2016	KOSTRA 2017	KOSTRA 2018	KOSTRA 2019	Budsjett 2020	Økplan 2021	Økplan 2022	Økplan 2023	Økplan 2024
Stryn	65,0 %	72,8 %	74,2 %	81,8 %	98,0 %	107,7 %	115,3 %	117,2 %	116,9 %

Netto lånegjeld i kroner per innbygger



	KOSTRA 2016	KOSTRA 2017	KOSTRA 2018	KOSTRA 2019	Budsjett 2020	Økplan 2021	Økplan 2022	Økplan 2023	Økplan 2024
Stryn	54 169	64 119	67 706	75 664	89 432	101 689	109 207	111 555	111 560

Økonomisk utvikling i planperioden

Her ligg ei kort oppsummering av den økonomiske utviklinga i kommunen ut i frå dei tiltak og føringar som ligg inne i økonomiplanperioden.

Netto driftsresultat i prosent av brutto driftsinntekter



	KOSTRA 2016	KOSTRA 2017	KOSTRA 2018	KOSTRA 2019	Budsjett 2020	Økplan 2021	Økplan 2022	Økplan 2023	Økplan 2024
Stryn	4,2 %	1,1 %	2,5 %	-2,8 %	0,3 %	-0,8 %	-0,4 %	-0,8 %	-0,6 %

Disposisjonsfond i prosent av brutto driftsinntekter



	KOSTRA 2016	KOSTRA 2017	KOSTRA 2018	KOSTRA 2019	Budsjett 2020	Økplan 2021	Økplan 2022	Økplan 2023	Økplan 2024
Stryn	5,8 %	6,7 %	7,0 %	6,1 %	7,0 %	6,0 %	5,3 %	4,3 %	3,4 %

Kommunens tjenesteområder
Sentraladministrasjon

Beskrivelse av dagens virksomhet

Tenesteområdet Sentraladministrasjonen består av:

Økonomiavdeling, HR-avdeling, Plan- og næringsavdeling, Bygg- og vedlikehaldsavdeling, Avdeling for service og kommunikasjon, samt Politisk styring og overføringar til tru- og livssynssamfunn.

Tenesteområdet har ansvar for å tilrettelegge for god politisk og administrativ styring, samt ein rekke fellesfunksjonar på vegne av heile organisasjonen.

Utfordringer og strategi

Gjennom ansvaret for ein rekke fellesfunksjonar på vegne av heile kommunen, har tenesteområdet ein viktig funksjon knytt til å sikre ein heilheitlig praksis og samhandling i heile organisasjonen.

Sentraladministrasjonen skal også legge til rette for at dei folkevalde kan drive god politisk styring gjennom utarbeiding av gode politiske beslutningsgrunnlag og sekretariatstenester.

Tenesteområdet skal også bistå kommunedirektøen med å sikre god administrativ styring, gjennom å utarbeide heilheitlege og koordinerte administrative beslutningsgrunnlag.

Både private og offentlege verksemder nasjonalt møter eit større krav om ein meir effektiv og sentralisert administrasjon. Dette for å skape meir robuste fagmiljø som vil gi ein meir attraktiv arbeidsplass, både for eksisterande og nye arbeidstakarar. Økt digitalisering av administrative prosesser stiller krav til ny kompetanse som skal bidra til betre kvalitet og optimalisering av ressursbruken. Kompetanseutvikling vil difor vere avgjerande for dette. Stryn kommune har starta prosessen med effektivisering av administrasjonen med til dømes oppretting av HR-avdeling, og avdeling for service og kommunikasjon, og arbeidet med effektivisering av administrasjonen vil fortsette. I 2020 gjekk personalavdeling over til å bli HR-avdeling. Dette for å auke forkuset på HR og viktigheita av det arbeidet i ein så stor organisasjon som Stryn kommune er.

Det vidare arbeidet med digitalisering, endring av arbeidsprosessar og effektivisering er eit berande tema. Det er viktig å vidareutvikle kommunen sine digitale programvareløysingar, planlegge og gjennomføre forbetringstiltak både for interne arbeidsprosessar, og å legge til rette for sjølvbeteningsløysingar der det er mogleg både for tilsette og innbyggarar. Når det gjeld tenestetilbodet til innbyggarane må vi legge til rette for gode og brukarvennlege digitale tenester, og rettleiing og støtte i bruken av desse tenestene. Kommunen har vore aktiv deltakar i høve utbygging av breibandnett til alle område i kommunen.

Ny planstrategi 2020 – 2024 skal vedtakast av nytt kommunestyre og vil prioritere vidare planarbeid. Dette vil legge føringane for den vidare utviklinga av Stryn kommune.

Negativ folketalsutvikling og den demografiske samansetjinga vil bli utfordrande inn i framtida. Dei nyaste tala frå SSB på folketalsutvikling viser no ein nedgang i folketalet til Stryn kommune gjennom dei

neste 25 åra, og nedgangen er blant barn og personar i arbeidsfør alder. Blant eldre er det auking i folketalet.

Tilgong til areal til bustad og næringsføremål avgjer om vi kan tilrettelegge for vekst og utvikling. Kommunen har lite eige areal å tilby til bustad- og næringsføremål og er avhengig av avtalar med private aktørar. Vi må jobbe for eit mest muleg oppdatert planverk med arealbruksføremål i samsvar med behov på kort og lang sikt, og få tilgang til areal til bustad- og næringsføremål som er strategisk viktige, om nødvendig med bruk av plan- og bygningslova.

Landbruket er inne i ei omstrukturering, endra forbruksvaner blant anna som følgje av klima og livsstilsendringar vil kunne føre til store endringar i produksjonsmønsteret og ein bør støtte prosessar der landbruksnæringa jobbar mot best muleg innretning mot klima- og miljøutfordringane.

Klima og miljøutfordringane vil krevje stadig større ressursar, både fagleg og økonomisk, og ein bør skaffe nok og rett kompetanse på klima og miljø til å kunne handtere og prioritere dei rette grepa mot klimautfordringane.

Stryn kommune har hatt stor auke i tal eigedommar vi eig dei siste 10 åra. Mange av eigedommane har store vedlikehaldsbehov. Det er behov for å gå igjennom eigedommane til Stryn kommune og legge ein plan på kva ein skal gjere med desse, både når det gjeld vedlikehald og vurdering av vidare eigarskap.

Kostra-analyse

Prioritet	Stryn 2018	Stryn 2019	Sogn og Fjordane (-2019)	Landet uten Oslo	Kostragruppe 10
Administrasjon brutto driftsutgifter beløp pr innb (kr)	4 492	5 635	6 442	4 425	4 344
Forv.utgifter i ei endomsforv. brutto driftsutgifter beløp pr innb (kr)	219	279	309	311	228
Landbruksforvaltning og landbruksbasert næringsutvikl. nettodriftsutgifterbeløp pr innb (kr)	252	284	314	132	173
Netto driftsutgifter, kirke, i prosent av totale netto driftsutgifter	1,5 %	1,2 %	1,3 %	1,1 %	1,2 %
Politisk styring brutto driftsutgifter beløp pr innb (kr)	424	504	769	484	521
Tilrettelegging og bistand for næringslivet nettodriftsutgifterandel av totale utgifter (prosent)	0,8 %	1,9 %	0,8 %	0,2 %	0,2 %
Tilrettelegging og bistand for næringslivet nettodriftsutgifterbeløp pr innb (kr)	509	1 290	578	140	128

Driftsbudsjett med endringer

Beløp i 1000

	Avdeling	Økonomiplan 2021	2022	2023	2024
Vedtatt budsjett		**82 011**	**82 011**	**82 011**	**82 011**
Sum Vedtak forrige periode		**-1 696**	**-2 302**	**-2 378**	**-3 092**
Sum Lønns- og prisvekst		**-96**	**-96**	**-96**	**-96**
Konsekvensjustert budsjett		**-1 792**	**-2 398**	**-2 474**	**-3 188**
Konsekvensjustert ramme		**80 220**	**79 613**	**79 537**	**78 823**
Driftskonsekvens					
16035-EPC Alt:2	Sentraladministrasjon	-420	-1 532	-1 532	-1 532
22101: Barnehage-Loen	Sentraladministrasjon	35	70	70	70
Skule Stryn sentrum (utbygging/flytting)	Sentraladministrasjon	0	0	-50	-50
Andre tiltak	Sentraladministrasjon	0	20	20	20
Sum Driftskonsekvens		**-385**	**-1 442**	**-1 492**	**-1 492**
Innsparingstiltak					
Effektivisering / omorganisering eiga bygningsmasse	Sentraladministrasjon	-1 000	-1 000	-1 000	-1 000
Innsparing lisensar/abonnement m.m.	Sentraladministrasjon	-150	-150	-150	-150
Overføring til andre trusamfunn - statleg ansvar	Sentraladministrasjon	-343	-343	-343	-343
Sum Innsparingstiltak		**-1 493**	**-1 493**	**-1 493**	**-1 493**
Nye tiltak					
56050- Byggforvaltar	Sentraladministrasjon	0	0	0	0
HELT MED	Sentraladministrasjon	0	0	0	0
Nordfjordakademiet	Sentraladministrasjon	0	0	0	0
Stryn kyrkjelege fellesråd - Driftstiltak	Sentraladministrasjon	120	0	0	0
Sum Nye tiltak		**120**	**0**	**0**	**0**
Nye tiltak og realendringer budsjett		**-1 758**	**-2 935**	**-2 985**	**-2 985**
Ramme 2021-2024		**78 462**	**76 678**	**76 552**	**75 838**

Innsparingstiltak

Effektivisering / omorganisering eiga bygningsmasse

Stryn kommune eig i dag ei stor bygningsmasse der vi har store driftskostnadar. Det vil bli satt igang eit prosjekt å gå igjennom bygningsmassen og ta ei vurdering kva eigedommar Stryn kommune bør fortsette å eige eller selje, med mål om å effektivisere drifta.

Innsparing lisensar/abonnement m.m.

I starten av 2021 må det takast ein gjennomgang av alle kommunen sine lisensar og abonnement, og avslutte unødvendige abonnement og lisensar som kommunen har i dag.

Overføring til andre trusamfunn - statleg ansvar

Gjennom statsbudsjettet som vart lagt fram i oktober kom føljande informasjon:

"Trus- og livssynssamfunn utanom Den norske kyrkja: Staten tek over kommunane sitt tilskotsansvar. Kr 467,8 mill. blir teke ut av rammetilskotet."

For Stryn kommune utgjer dette kr. 343.000,- som var budsjettert i overføring til andre trusamfunn.

Nye tiltak

56050- Byggforvaltar

Stilling for drifting av byggforvaltning og byggforvaltningssystem. Det er omfattande krav til dokumentasjon på utførte tiltak på bygg, inkl.tekniske anlegg, og kravet til dokumentasjon frå ulike tilsyn vert stadig sterkare. I tillegg har vi idag eit altfor uoversiktleg system for inn/utleige av kommunale bustader. Dette bør samlast under eit ansvar.

Vedtak KS: Finansierast av disposisjonsfond.

HELT MED

HELT MED er eit prosjekt med fokus på å få fleire funksjonshemma inn i arbeidslivet.

HELT MED arbeidstakarar skal aldri erstatte anna arbeidskraft. Ein føresetnad for å kunne gje så lav lønn som ca. 30-35 kroner timen er at dei ikkje erstattar grunnbemanninga, men blir brukt som supplement for å gje auka service og produksjon utover det som som blir rekna som normalt.

Kommunen betaler kun 20 % av sammenliknbar tariff for arbeidsområdet (ca 30-35 kroner pr time). For arbeidstaker kjem dette i tillegg til inntektssikring gjennom uføretrygd. Låge lønnskostnader for bedriftene kompenserer for redusert arbeidsevne og litt meir oppfølging fra kommunen si side.

Vedtak KS: Bruk av fond.

Nordfjordakademiet

Stryn kommune ser samarbeidet med Nordfjordakademiet som ein viktig del av vårt strategiske HR-arbeid. Akademiet er ei foreining som skal bistå næringsliv og det offentlege i Nordfjord ved å være eit bindeledd mellom 1) medlemene av foreininga og nordfjordingar som er i utdanningsløp (i og utanfor regionen) og 2) andre yrkesaktive som bur utanfor regionen som vil flytte til Nordfjord. Eit mål er å følgje unge i Nordfjord gjennom heile utdanningsløpet og auke kompetansen deira når det kjem til val av yrke, samt lage eit grunnlag for god kommunikasjon mellom skular, næringsliv og kommunar slik at man på lengre sikt vil framsette Nordfjordregionen som ein attraktiv bu- og bli-destinasjon. Kr 100.000,- i etableringsstøtte (eingongsstøtte). Kr 150.000/200 000 i årleg medlemskontigent som skal dekke kostnad til drift, samlingar, utvikling og bistand med rekruttering.

Vedtak KS: Finansierast av disposisjonsfond.

Stryn kyrkjelege fellesråd - Driftstiltak

Stryn kyrkjelege fellesråd får eit tilskot i 2021 på kr. 120.000,- som kan prioriterast til driftstiltak. Vi har ikkje muligheit til å imøtekome nokon av dei innspelte tiltaka, men ønskjer at fellesrådet får ei ramme på 120.000,- til driftstiltak som dei sjølve kan prioritere.

Ønska tiltak og ytterlegare innsparingar

Beløp i 1000	Pri.	Endringskode	Økonomiplan			
			2021	2022	2023	2024
56049 Byggforvaltning- Programvare FDV	0	Nytt tiltak	60	60	60	60
AMU-tiltak	1	Nytt tiltak	1 120	0	0	0
Auka tilskot til Telegrafen	0	Nytt tiltak	50	50	50	50
Helseuniverset	5	Nytt tiltak	70	20	20	20
Ny 50% stilling HR-avdeling	0	Nytt tiltak	370	370	370	370
Stryn kykjelege fellesråd 3: Byte sikringsskap i Olden kyrkje	4	Nytt tiltak	200	0	0	0
Stryn kyrkjelege fellesråd 1: Utvending måling, Innvik kyrkje	0	Nytt tiltak	170	0	0	0
Stryn kyrkjelege fellesråd 2: Utvendig måling, Randabygd kyrkje	0	Nytt tiltak	500	0	0	0
Stryn kyrkjelege fellesråd 4: Rehabilitering av tak over sakresti, Randabygd kyrkje	0	Nytt tiltak	150	0	0	0
Stryn kyrkjelege fellesråd 5: Kjøp av programvare	2	Nytt tiltak	15	15	15	15
Stryn kyrkjelege fellesråd 6: Sekretærressurs sokneråd	0	Nytt tiltak	50	50	50	50
Sum			**2 755**	**565**	**565**	**565**

Nye tiltak

56049 Byggforvaltning- Programvare FDV

Dataprogram som held oversikt over status vedlikehald, vedlikehaldsplaner, tilsynsrapporter, påminning tidsfrister, dokumentasjonslagring.

AMU-tiltak

Tiltaket gjeld ulike tiltak som er handsama og prioritert i Arbeidsmiljøutvalet. Dette er vedlikehaldstiltak som gjeld arbeidsmiljø.

Legesenter Vikane: Ombygging for legesekretær – 30.000,-
Fiolen Stryn omsorgsenter Golv Fiolen – 350.000,-
Olden skule: Flexivegger – 440.000,-
Arbeidssenteret: Skifte vidauge – 35.000,-
Vikane skule: Lydfeller i ventilasjonsanl. – 45.000,-
Rand skule: Nytt belegg i klasserom – 40.000,-
Loen skule: Lys parkeringsplass – 90.000,-
Vikane skule: Utelys – 90.000,-

Auka tilskot til Telegrafen

Telegrafen får i dag eit årleg tilskot frå Stryn kommune på kr. 242 500.

Det er usikkert om Stryn vidaregåande skule vil vidareføre si avtale. Dette fordi dei har få brukarar av tilbodet. Dei fleste brukarane er knytt til ungdomsskulen. Dei søker om ekstra støtte for å kompensere dette.

Helseuniverset

Helsefaguniverset er ein nettbasert undervisningsportal for dei som skal ta teorieksamen og vidare fagbrev i helsefag som vaksne. Innheld all teori som dei treng i høve eksamen. Kr 50.000,- i etableringsstøtte (eingongsstøtte). Kr 20.000 i årleg lisens som skal dekke kostnad til drift, samlingar og utvikling av portalen.

HR vurderer dette som eit viktig virkemiddel i vår strategiske tilsettingsstrategi.

Ny 50% stilling HR-avdeling

Sterkt behov for ny stilling som kan utøve en del enkle arbeidsoppgåver som kan frigjere tid/synnergieffektar til å hente ut gevinsten ved å etablere ei HR-avdeling.

Td gjer ein av dei tilsette i dag løns- og personalarbeid tilsvarande to 100%-stillingar ved tidlegare organisering. Oppgåvene har verken blitt færre eller fått systemunderstøtting.

Vidare har avdelinga fått stadig nye oppgåver i det ein har endre funksjon frå ei rein personalavd til ei HR-avdeling. Dette medfører ei større forventning om bla ei synleg avdeling ute i avdelingane, utvikling av prosedyrar, opplæring osb. Per i dag fungerer ikkje avdelinga etter intensjonen pga for mange saker relatert til rein saksbehandling (på for få folk).

Stryn kykjelege fellesråd 3: Byte sikringsskap i Olden kyrkje

Dette er eit behov som nyleg har blitt kjent. Både tilstandsanalyse og IK-servicerunde vurderer tilstanden på to gamle sikringsskap som svært dårleg. Dette gjeld brannrisiko og bør takast snarast råd.

Stryn kyrkjelege fellesråd 1: Utvending måling, Innvik kyrkje

Innvik kyrkje vart sist måla i 2005/2007, behov for snarleg måling har vore synleg i fleire år, og den stod øvst på prioriteringslista for måling i 2020. Utan kommunal finansiering i 2020 søkte Innvik sokneråd om å få forskottere måling i 2020.
Ei løyving på kr. 170.000 dekker soknerådet si forskottering. Det vert presisert at soknerådet har vedteke å yte kr. 100.000 i medfinansiering. Samla kostnad for prosjektet kr. 270.000.

Stryn kyrkjelege fellesråd 2: Utvendig måling, Randabygd kyrkje

Randabygd kyrkje vart sist måla i 2010, det er behov for snarleg måling. Det bør skiftast takrenner, og det er behov for å skifte nokre vindu og det er påvist skada treverk som må skiftast. Randabygd kyrkje ligg i eit terreng som gjer det utfordrande å bruke lift som ein vanlegvis gjer med mindre vedlikehaldstiltak. Ved måling vert det sett opp stillas, og ein må då nytte høvet til å gå grundig over heile bygget.
Tilstandsanalyse stadfestar behovet for noko utbetring av roteskader og kitting av vindauge i tillegg til måling.

Stryn kyrkjelege fellesråd 4: Rehabilitering av tak over sakresti, Randabygd kyrkje

Det er påvist råteskader i treverket på takrafta, tilstandsanalysen vil gje sikrare grunnlag for omfang av skader. Det er uansett viktig å utbtre skadene før dei medfører alvorleg lekkasje.

Stryn kyrkjelege fellesråd 5: Kjøp av programvare

På kyrkjekontoret er det trong for å ta i bruk supplerande programvare for arbeidstidsplanlegging/-registrering.

Stryn kyrkjelege fellesråd 6: Sekretærressurs sokneråd

Det er framleis tre sokneråd som ikkje har fått tilbod om sekretærressurs.

Investeringsbudsjett

Beløp i 1000	Økonomiplan				Sum
Investeringsprosjekter	**2021**	**2022**	**2023**	**2024**	**2021-24**
Barnehage Loen	6 100	3 200	0	0	9 300
EPC - Alternativ 2	8 000	0	0	0	8 000
Grunninnløysing, areal til bustad og næringsføremål	30 000	15 000	0	0	45 000
Stryn kyrkjelege fellesråd: 1. Minnelund Oppstryn	200	0	0	0	200
Stryn kyrkjelege fellesråd: 3 Nordsida Kyrkje - Påbygg Handicap WC ++	500	0	0	0	500
Stryn ungdomsskule - forprosjekt for framtidig bruk av Stryn Ungdomsskule/nærmiljøanlegg	5 000	0	0	0	5 000
Vikane omsorgssenter - rehabilitering	20 000	25 000	0	0	45 000
Sum investeringsprosjekter	**69 800**	**43 200**	**0**	**0**	**113 000**

Barnehage Loen

Loen barnehage har ikkje kapasitet til å ta imot alle barna som soknar til Loen. Det vart det gjort vedtak i kommunestyre 19.12.2019, at utbygging skulle skje i 2020. 5 små barn frå Loen har inneverande barnehageår plass i Vikalida barnehage.

Arbeidet for å gjennomføre tiltaket starta umiddelbart etter vedtak. Rom- og funksjonsplanar vart sendt til arkitekt Sporstøl som ferdigstilte skisser for bygget i mai. Det viste seg behov for meir areal for å stette krav til fellesareal for vaksne og barn samt meir garderobe/toalettplass. Kostnaden difor høgre enn bevilga. Utbygging var opprinneleg tenkt i 2021, men vart framskunda av kommunestyret gjennom verbalframlegg. Tid til planarbeidet vart difor redusert.

Fleire utfordringar dukka opp og tiltaket må utsetjast:

- Høgre kostnadar
- Flaumkartlegging for området ikkje gjort, noko som vil medføre at vi ikkje får byggeløyve. Midlar til dette vart løyvd sommar 2020 med oppstart haust 2020.

Tiltaket må difor flyttast fram i tid, med auka økonomiske rammer + 3,2 mill.

EPC - Alternativ 2

EPC-prosjekta er lagt inn med to alternativ. Alt.2- den mest omfattande «pakken» med ei investering på 16,3 mill.inneheld i tillegg ein del tiltak som likevel må utbetrast i nær framtid, men og energisparande. Vil gi ei innsparing på energiutgifter på ca 1.500.000,- frå 2022. Dette vil gi innsparte midlar til drift på frå ca kr. 330.000,-, då rente og avdragskostnadane vil ligge på inntil kr. 1.170.000,-. I det lange løp vil dette prosjektet gi meir innsparingar enn alternativ 1.

Stryn kyrkjelege fellesråd: 3 Nordsida Kyrkje - Påbygg Handicap WC ++

I samband med utviding av gravplassen på Nordsida tok soknerådet initiativ til å lage sokkel for tilbygget, med ei bod under. Dette er realisert ved at soknerådet har forskottert tiltaket. Tilbygget får og eit lagerrom med inngang frå våpenhuset. Nordsida sokneråd har sterkt engasjement for dette tiltaket, og har dette som første prioritet. Soknerådet garanterer for kr. 100.000 i medfinansiering av tiltaket.

Det vert føreslått ei todelt løyving: 2021: kr. 623.500 for å realisere bygging, 2022: kr. 226.500 for å dekke Nordsida sokneråd si forskottering i 2019/2020.

Stryn ungdomsskule - forprosjekt for framtidig bruk av Stryn Ungdomsskule/nærmiljøanlegg

Forprosjekt i 2021 for framtidig Stryn ungdomsskule - 300 000.

Endeleg avklaring kan ikkje skje før reguleringsplanen for Stryn sentrum er ferdig handsama.

Ved uendra lokalisering, må tidlegare vedtatt og utsett prosjekt på uteområdet fullfinansierast og realiserast.

Prosjektet har i mange år vore med som prioritert nærmiljøanlegg. Det har vore sett på vent med bakgrunn i mangel på areal. Areal vart erverva i 2019.

Plan for nærmiljøanlegget har blitt utarbeidd med stor grad av brukarmedverknad.

Samla kostnad 4 700 000. Prosjektet vil kunne utløyse spelemidlar på kr. 1 638 000.

Prosjektet har i etterkant blitt sett på vent i prosessen rundt reguleringsplan. Det har blitt reist spørsmål frå politisk nivå om bygging av ny skule/omlegging av skulestrukturen i Stryn sentrum.

Evt. ny ungdomsskule i sentrum - 200 mill

Vikane omsorgssenter - rehabilitering

Det er naudsynt med rehabilitering på Vikane omsorgsenter. Eksisterande tilskotsordning med statleg finansiering for rehabilitering er meldt at det kjem til å vil bli avslutta i 2020, og det er difor naudsynt å starte dette prosjektet no for å få desse midlane. Prosjektet har ein samla kostnad på kr. 45.000.000,-, der 55 % vil vere statleg finansiering (24.750.000,-). Resten vil vere låneopptak. Forutsetning for prosjektet er at vi blir tildelt statleg midlar. Prosjektet vil ikkje blir gjennomført om vi ikkje får desse midlane.

Ønska investeringar

Beløp i 1000	Økonomiplan				Sum
Investeringsprosjekter	**2021**	**2022**	**2023**	**2024**	**2021-24**
Ombygging rom på Fiolen	2 000	0	0	0	2 000
Rehabilitering gamle Olden kyrkje	1 500	0	0	0	1 500
Stryn kyrkjelege fellesråd: 2. Universell tilkomst Utvik kyrkje	120	0	0	0	120
Tonning skule - utbygging til 3 parallellar	0	5 000	50 000	15 000	70 000
Sum investeringsprosjekter	**3 620**	**5 000**	**50 000**	**15 000**	**73 620**

Ombygging rom på Fiolen

Det er behov for større og lydtett rom til bebuar med særskilte utfordringar ved Stryn omsorgssenter. Større og lydtett rom er eit tiltak for å stette både brukar, med-bebuarar og tilsette sitt krav om ein trygg, god og verdig kvardag. Andre løysingar har vore vurdert, men etter fagleg og økonomisk perspektiv, samt rekruttere og behalde personale er det denne løysinga som vert sett som mest hensiktsmessig. Det er avklart med Husbanken at dette er prosjekt som truleg vil fylle kriteria for tilskot. Tilskotet vil vere 55% av inntil maksimal kostnadsgrense på kr 3 400 000,-.

Tonning skule - utbygging til 3 parallellar

Områderegulering i Stryn sentrum kan føre til utbygging/flytting av Tonning skule og/eller Stryn Ungdomsskule. Prosjektet blir å starte med planlegging i 2021 og bygging 2022/2023. Om begge skulane kjem med i prosjektet vil del 2 komme i neste økonomiplan periode.

Skule og kultur

Beskrivelse av dagens virksomhet

Skule- og kulturetaten dekker tenesteområda:

Grunnskule
SFO
Barnehage
PPT
Vaksenopplæring
Kultur

Stryn kommune skal vere ein god stad å bu og leve i.
Dette skal sikrast gjennom gode barnehagar, skular, kultur- og fritidsaktivitetar.

Kommunen har åtte grunnskular, der fem har SFO-tilbod, åtte kommunale og ein privat barnehage, eiga PP-teneste, eit vaksenopplæringsenter for flyktningar/innvandrarar, kulturavdeling med ansvar for kulturhus/symjehall/idrettshall, kulturskule og bibliotek. Fem av skulane/barnehagane er organisert som oppvekstsenter med felles leiing.

Etaten har 309 tilsette fordelt på 267 årsverk.

Per 01.10.2019 er det 907 elevar i grunnskulen (GSI) og 372 barn i barnehage - 120 under tre år, 252 over tre år (Basil).

Utfordringer og strategi

Stort arbeidspress. God organisering og fordeling av oppgåver er avgjerande.

Rand skule:
Skulen har små kull, fleire med berre 1 barn og årskull utan barn. Dette gjev utfordringar både sosialt og fagleg. Det naturlege utviklingsrommet i jamaldringsgruppa manglar for fleire av elevane. Sidan mars har vi også vore avskjerma frå andre skular og samarbeid med dei p.g.a. smitteverntiltak. Særleg sårbart er dette for dei eldste elevane.
Vi ønskjer tilflytting til bygda og sterk auke i barnetal/elevtal! Her har vi plass til mange

Nordsida skule har hatt og har nedgang i elevtal og barnetal. Sårbare Treng fleire tilflyttarar og barnefødslar.

Tonning skule:
Den største utfordringa vår dette skuleåret er innføring av nye fagplanar.
Elles har Tonning skule ei utfordring med rom både til elevar, arbeidsplassar til tilsette og møterom.
Tregt nettverk skapar stor frustrasjon både for elevar, føresette og tilsette.

Inneklimaet på skulen er i periodar svært dårleg, dette skapar eit dårleg arbeidsmiljø både for elevar og tilsette.

Stryn ungdomsskule er eit gamalt bygg som over mange år har hatt utfordring med fukt i grunnen. Dette har ført til store fuktskader i underetasjen, som blir brukt til skulekjøkken, musikk og kunst & handverk. Bygget vart ikkje godkjent av Folkehelseinstituttet og treng omfattande renovering. Vi har eit håp om nybygg og derfor er planlegging av nytt uteområde lagt på is.

Loen skule har nedgang i elevtalet dette året, og prognosane viser variasjon frå år til år. Svingningane har delvis samanheng med i kva grad arbeidsinnvandrarane har med familien til landet. Ferdigstilling av nye byggefelt er viktig for stabiliteten.

Vikane skule har stor nedgang i elevtalet. Det blir viktig at ein legg tilrette for at folk kan etablere seg i Vikane.

Tonning SFO skulle hatt ein eigen base.
Generell lav bemanningsnorm er ei utfordring når ein har mange born med ulike utfordringar.

Oppstryn SFO: Det trengs ein auke i ressursen slik at dei tilsette på SFO har tid til samarbeidsmøte med kvarandre og med lærarane. Særleg når barn med spesielle behov går både på skule og SFO er slike møter heilt naudsynte. Pr. i dag er ressursen til dette for liten.

Rand barnehage har utfordringa med lågt barnetal i barnehagen

Nordsida barnehage har nedgang i barnetalet og treng tilflytting og fleire fødde barn

Vikalida barnehage vart bygt som ein 4-avdelings barnehage, men godkjent for fem. Når barnehagen er fylt opp, er det trangt.

Tonning barnehage blei bygt tidleg på 80-talet. Barnehagen sin største utfordring i dag, er det store behovet for vedlikehald. Dette gjeld både utvendig og innvendig. Ved å oppgradere til ein betre standard, vil barnehagen framstå som ein god sentrumsbarnehage.

Oppstryn barnehage si utfordring er å oppretthalde barnetalet gjennom fleire fødde barn og tilflytting

Loen barnehage har fått vedtak på bygging av ei ny avdeling. Prosessen har stoppa grunna flumkartlegging. Treng fortgang i bygginga for å gje tilbod til alle barna som bur i bygda.

Olden barnehage har stabilt høge søkartal og har ofte fleire barn enn det den opprinneleg vart godkjent for. Sulle per i dag hatt plass til fleire barn

Vikane barnehage er i dag lokalisert til Utvik. Plassering av barnehagen har vore til handsaming i fleire omgangar, men er enno ikkje endeleg avklart. Dette er slitande på bygdefolket og tilsette. Barnehagen treng avklaring på permanent lokalisering.

Stort arbeidspress som krev stram prioritering

Stryn vaksenopplæringssenter
Lite føreseieleg kor mange elevar ein har frå år til år og korleis ein då skal organisere gruppene. Målgrupper med særskilde behov; t.d. kvinner med store omsorgsoppgåver, traumatiserte deltakarar og deltakarar med liten eller ingen skulebakgrunn. Elles må ein jobbe meir med integrering og inkludering i kommunen. Ingen lærer språk i eit vakuum – alle må ta eit ansvar.

Kultur
Ein barnevenleg og aktiv kulturpolitikk gjev grunnlag for gode oppvekstvilkår og det er eit mål at alle barn og unge i Stryn kommune skal ha høve til å delta i kulturaktivitetar frå tidleg alder uavhengig av sosial bakgrunn og økonomi. Ein ser fleire kommunar innfører tilbod som BUA-utlånssentral, fritidskort, lågare prisar for barn og unge, og har gode aktivitetstilbod som femner breitt. Ein ser behov for det i Stryn også.

Kultursektoren er avhengig av økonomi for å kunne drive eksisterannde tilbod, utvikle nye tiltak og støtte den frivillige sektoren med sitt viktige arbeid. Det er få lovpålagde oppgåver innanfor kultursektoren og ein er avhengig av politisk vilje og prioriteringar for å kunne utvikle og stimulere kulturfeltet lokalt.

Stryn kulturhus
Kulturhuset skal legge til rette for lokalt kulturliv, tilby eit rikt profesjonelt kulturprogram og utvikle tilbod for ulike brukargrupper.

Kulturhuset har ein sal til kulturarrangement og kino, og naturleg nok vert det mindre kinotilbod ved fleire kulturarrangement. Ein ser behov for ein eigen kinosal. Symjehallen vart sist rehabilitert i 2001 og har behov for større oppgradering og modernisering for vidare utvikling.Det er eit ønskje om meir brukarvenlege prisar i kulturhus og symjehall, då er det behov for auka overføringar direkte i budsjett.

Stryn kulturskule
Stryn kulturskule ligg nasjonalt lågt når det gjeld tal kulturskuletimar og tal elevar i målgruppa. Kulturskulen har som mål å bli eit lokalt ressurssenter og ein samarbeidande aktør i grunnopplæringa og kulturlivet i kommunen. Det krev ei auka økonomisk satsing for å jobbe aktivt med å nå nye målgrupper, tilby nye og spanande tilbod, vere synleg i lokalmiljøet og ha elevprisar som gjer det mogleg at fleire melder seg inn.

Stryn bibliotek

Med berre eitt bibliotek i ein langstrakt kommune blir det mindre tilbod til utkantbygdene, men samtidig mogelegheiter til eit godt fagleg arbeidsmiljø med fire tilsette. Stryn bibliotek er blitt meirope-bibliotek, og det er viktig for å gje eit betre bibliotektilbod til alle innbyggarane i kommunen.

Biblioteket skal vere ein møteplass og arena for offentleg samtale og debatt og har hatt stor auke i arrangement, samt utlån og besøk siste åra. Bokbestanden er liten i samanlikning med andre kommunar og det er avgrensa areal i lokalet. Det er ei utfordring at biblioteket ikkje når alle i kommunen. Korleis ein skal nå fleire er noko ein må arbeide med for å finne gode løysingar på. Ved ein vidare auke i utlån og besøk er det behov for auka personalressursar, større lokale, midlar til arrangement, og auka midlar til innkjøp.

Utfordringar og strategi

Eit hovudmål for Stryn kommune må vere at fleire ønskjer å flytte til bygdene våre. Då må tenestene vere av høg kvalitet og skule- og barnehagar vere rusta for auka barne- og elevtal der folk buset seg.

Forutsigbare rammevilkåret er avgjerande for kvalitet i tenestetilbodet.

Det er nedgang i barne- og elevtalet i dei fleste krinsar. Særleg dei minste barnehagane/skulane er sårbare for nedgong og svingningar i barne- og elevtalet. Små barnehagar og skular med lågt barne-elevtal gjev mindre robuste einingar med omsyn til fagkompetanse og fagtilbod. Små barnehagar og skular har også ein vesentleg høgre kostnad per barn/elev enn større.

For å sikre busetting i alle bygder og handlingsrom i tenestetilbodet, må ein ha eit langsiktig og overordna perspektiv på busettingsmønster og barnehage- skulestruktur. Dette må henge saman. Skal kommunen oppretthalde eksisterande desentraliserte struktur, må det leggast til rette for busetting også i utkantane, med tilgang på tomter, arbeidsplassar og god infrastruktur.
Skal yngre folk flytte til bygdene våre, er dette overordna. Løpande opptak – gje tilbod til barn som ikkje har lovfesta rett til barnehageplass er også viktig.

Kommunen har ein relativt stor del minoritetsspråklege barn/elevar. Det er bra for å oppretthalde barne- og elevtalet, og Stryn kommune er kjent for å ta godt imot nye barn/elevar med anna språk og kultur. Det er likevel viktig med målretta tiltak for integrering av fleirspråklege, både barn, unge og vaksne. Fleirkulturell forståing er positivt for alle. Rask nok norskopplæring og målretta tiltak for god nok integrering er ei utfordring. Det er også viktig å vurdere kvar ein buset flyktningane våre. Erfaringar har vist at mindre lokalmiljø kan ha vel så effektive tiltak for intergrering og rask språkopplæring som større stader.

Vi treng tilsette med høg fagleg kompetanse på alle nivå, og kommunen må tenke langsiktig for å sikre dette. Gode og målretta rekrutteringstiltak må til for å møte dei forventingane og krava som vil følgje dei komande åra. Stryn har per i dag relativt gode søkjartal på utlyste ledige stillingar. Men med nye krav til kompetanse, er det utfordrande å dekke krava på alle område.

Nasjonale satsingar på vidareutdanning er viktig å nytte seg av for å stette kompetansekrava i faga, og kommunen prioriterer så mange som råd innafor rammene. Det er også viktig med kompetanseheving retta mot språkopplæring og integrering av fleirspråklege, både barn, unge og vaksne. Vi ønskjer eit kulturelt mangfald og legg til rette for eit allsidig læringsmiljø.

Stryn kommune ønskjer å vere eit berekraftig samfunn i vekst og utvikling. Skule- og kulturetaten vil arbeide målretta gjennom kommunen sitt verktøy for å knyte opplæringsløpet mot berekraftige tiltak i lokalt næringsliv.

Stryn kommune har eit variert, rikt og allsidig kulturliv. Det skal vere lav terskel for å delta i det lokale kulturliv og å oppleve kunst og kultur.
Billettprisar, opningstider og kostnader knytt til medlemsskap/leige av hus er med på å avgjere kven og kor mange som kan delta på det som er tilgjengeleg av kulturtilbod i kommunen. Dette kan ekskludere barn og unge frå deltaking. Det er få offentlege transportmiddel mellom Stryn sentrum og bygdene, noko som kan påverke deltakinga, særleg det som er retta mot barn og unge. Det er i tillegg behov for universell utforming på fleire stader som tilbyr kultur- og fritidstilbod.
Dugnadstradisjonen er sterk i Stryn kommune, og mange er villige til å stille opp for fellesskapen med gratisinnsats. Likevel ser vi ei endring ved at fleire ønskjer å delta i tidsavgrensa prosjekt/tiltak, i staden

for å bli faste medlemmar i lag og organisasjonar. Vi ser og at fleire ønskjer å delta i aktivitetar utan å vere med i ein organisasjon eller ta på seg styreverv. Framleis vert storparten av den frivillige kulturverksemda drive av lokale eldsjeler på fritida, men det er ein klar tendens til at frivillig sektor vert profesjonalisert, og at dei aktive sjølv har større forventningar og krav til kva lag/organisasjonar kan tilby. Konsekvensen er at det kan verte dyrare å delta, noko som rammar særleg barn og unge. Kultursektoren er på line med andre sektorar avhengig av økonomi for å kunne drive eksisterande tilbod, utvikle nye tiltak og sist men ikkje minst, legge til rette for at det lokale kulturliv kan blomstre. Lokale kulturbygg/grendahus og idrettsanlegg er viktige arena for eit levande, kreativt og inkluderande samfunn. Vi treng eit større fokus på desse anlegga, både når det gjeld økonomi, vedlikehald og modernisering.

Kostra-analyse

	Stryn 2018	Stryn 2019	Sogn og Fjordane (-2019)	Landet uten Oslo	Kostragruppe 10
Prioritet					
Netto driftsutgifter for kultursektoren per innbygger i kroner	2 009	2 599	2 603	2 549	2 173
Netto driftsutgifter per innbygger (202) grunnskole (B)	13 662	13 924	14 454	11 819	12 701
Netto driftsutgifter per innbygger 1-5 år i kroner, barnehager	149 123,0	156 934,0	173 570,0	163 207,0	157 055,0
Netto driftsutgifter til skolefritidstilbud (215), per innbygger 6-9 år	3 781,6	5 778,8	6 616,7	4 875,3	3 777,7
Dekningsgrad					
Andel elever i grunnskolen som får særskilt norskopplæring	20,8 %	19,8 %	5,1 %	4,9 %	3,3 %
Andel innbyggere 6-9 år i kommunal og privat SFO	47,4 %	46,0 %	51,6 %	57,7 %	49,8 %
Kvalitet					
Elevunders. 10. trinn - Mobbet av andre elever på skolen	1,2	1,4			
Elevunders. 7. trinn - Mobbet av andre elever på skolen	1,2	1,3			
Nasjonale prøver 5. trinn: Engelsk	50,0	49,0			
Nasjonale prøver 5. trinn: Lesing	50,0	47,0			
Nasjonale prøver 5. trinn: Regning	50,0	52,0			
Nasjonale prøver 8. trinn: Engelsk	50,0	51,0			
Nasjonale prøver 8. trinn: Lesing	49,0	50,0			
Nasjonale prøver 8. trinn: Regning	53,0	49,0			
Nasjonale prøver 9. trinn: Lesing	51	55			
Nasjonale prøver 9. trinn: Regning	54	56			

Driftsbudsjett med endringer

Beløp i 1000		Økonomiplan			
	Avdeling	2021	2022	2023	2024
Vedtatt budsjett		**178 784**	**178 784**	**178 784**	**178 784**
Sum Vedtak forrige periode		**361**	**-499**	**-1 299**	**-3 099**
Sum Lønns- og prisvekst		**-725**	**-725**	**-725**	**-725**
Konsekvensjustert budsjett		**-364**	**-1 224**	**-2 024**	**-3 824**
Konsekvensjustert ramme		**178 420**	**177 560**	**176 760**	**174 960**
Innsparingstiltak					
Innsparing lisensar/abonnement m.m.	Skule og kultur	-150	-150	-150	-150
Redusert bemanning	Skule og kultur	-459	-1 095	-1 095	-1 095
Sum Innsparingstiltak		**-609**	**-1 245**	**-1 245**	**-1 245**
Nye tiltak					
"Løpande opptak" i barnehage (pri 1)	Skule og kultur	0	0	0	0
BUA - ultånssentral (pri 7)	Skule og kultur	0	0	0	0
Forprosjekt varmtvassbasseng	Skule og kultur	0	0	0	0
Vidareføring av 40% stilling i Kulturskulen (pri 2)	Skule og kultur	0	0	0	0
Sum Nye tiltak		**0**	**0**	**0**	**0**
Nye tiltak og realendringer budsjett		**-609**	**-1 245**	**-1 245**	**-1 245**
Ramme 2021-2024		**177 811**	**176 315**	**175 515**	**173 715**

Samandrag budsjett

Lønskostnadane i skule- og kulturetaten aukar. Dette trass i nedgang i barne-og elevtal. Hovudårsaka til dette var eit lønsoppgjer som gav store utslag i vår sektor i 2019. I tillegg ser vi auka behov for spesialundervisning og særleg oppfølging knytt til helse - både psykisk og fysisk.

Når det gjeld budsjettrammer til andre utgifter, er desse relativt stramme. Det er her ein har hatt budsjettkutt siste åra. Difor er det også meldt behov for mange tiltak utover rammene. Det økonomiske handlingsrommet tilseier ikkje at alle desse behova vert innfridde.

Politiske vedtak legg i stor grad føringar for prioriteringar ein gjer.

Ein må møte behovet for barnehageplassar i Loen og avklaring rundt oppvekstsenter i Vikane. Stryn ungdomsskule - både bygningsmasse og uteområde - må prioriterast i budsjettperioden. Det same gjeld utbygging Tonning skule.

Innsparingstiltak

Innsparing lisensar/abonnement m.m.

I starten av 2021 må det takast ein gjennomgang av alle kommunen sine lisensar og abonnement, og avslutte unødvendige abonnement og lisensar som kommunen har i dag.

Redusert bemanning

Redusert bemanning som følgje av nedgang i elevtal. Verknad 5 mnd i 2021

Nye tiltak

"Løpande opptak" i barnehage (pri 1)

"Løpande opptak" i barnehage

Stryn kommune har eitt hovudopptak i året (mars) og alle barn med rett til barnehageplass, får det - dvs barn som fyller eitt år før 1. desember komande barnehageår og søke innan fristen 1. mars.

Desse barna dannar grunnlaget for bemanning heile barnehageåret. Nye barn blir tatt inn berre når nokon seier opp ein plass.

Inntil 2017 hadde kommunen problem med å oppfylle retten til plass i dei fleste barnehagane, men barnetalet har gått ned, og det er er no arealmessig kapasitet i alle barnehagar med unntak av Tonning, Loen og Olden.

Bemanningsnorma i barnehagen i dag gjer at vi ikkje kan ta inn nye barn utan å auke bemanninga.
Eit ekstra barn under 3 år, krev 33% stilling. Eit over 3 år, krev halvparten.

Var vedtatt med 250 000 for "løpande opptak" i KS 166/19 og auka i KS 028/20 med kr 322 000 - totalt 572 000

Vedtak 028/20: Permanent ordning med fleksibelt barnehageopptak må handsamast i samband med ØPL 2021-2024.

Vedtak KS: Finansierast av disposisjonsfond.

BUA - ultånssentral (pri 7)

BUA-utlånssentral gjer det enklare og meir attraktivt for born og unge å låne sport- og fritidsutstyr, bli inkludert og vere fysisk aktive, og gjer det enklare for kommunar å låne ut utstyr.

Vedtak KS: Finansierast av disposisjonsfond i 2021 (kr. 50.000,-), og innarbeide i budsjettet vidare (kr. 30.000,-).

Forprosjekt varmtvassbasseng

Forprosjekt utgreiing varmtvassbasseng/opplæringsbasseng kr. 200.000,- i midlar frå kommunen. I tillegg kjem kr. 200.000,- i midlar frå Stryn og Hornindal Revmatikarlag. Vedtak KS: Finansierast av disposisjonsfond.

Vidareføring av 40% stilling i Kulturskulen (pri 2)

Stilling vart vedtatt ut 2020. Vidareføring ut skuleåret som eit minimum. Dette for at det ikkje skal gå utover aktiviteten til elevane. Hausten 2020 er ressursen nytta til aspirantopplæring korps.

Vedtak KS: Finansierast av disposisjonsfond, og skal gjelde heile 2021.

Ønska tiltak og ytterlegare innsparingar

Beløp i 1000	Pri.	Endringskode	Økonomiplan			
			2021	2022	2023	2024
62081: Auka vikarbudsjett i grunnskulen (pri 6)	6	Nytt tiltak	666	666	666	666
62121: Kompetanseheving i oppvekstsektoren	0	Nytt tiltak	410	410	410	410
62131: Færre elevar per kontaktlærar	0	Nytt tiltak	297	711	711	711
62163: Solskjerming fire klasserom Tonning skule (pri 8)	8	Nytt tiltak	300	0	0	0
64001: Leikar/utstyr barnehage	0	Nytt tiltak	308	308	308	308
64054: Utbetringar i Vikalida barnehage	0	Nytt tiltak	85	0	0	0
66111: Tiltaksmidlar til lokal kunst- og kulturutvikling	0	Nytt tiltak	0	30	50	50
66129: Tilskot kulturminne etter søknad, kulturminnefondet	0	Nytt tiltak	100	100	100	100
66131: Faleide skulemuseum - formidling og utvikling	0	Nytt tiltak	0	0	0	100
66145: Kulturskule - 100% ny stilling	0	Nytt tiltak	0	579	579	579
66151: Bibliotek - ny stilling 50%	0	Nytt tiltak	295	295	295	295
66153: Kulturhus og kino - budsjettauke utstyr	0	Nytt tiltak	0	50	50	50
66154: Kulturskule - budsjettauke arrangement	0	Nytt tiltak	0	50	50	50
66155: Den kulturelle skulesekken - utviklingsprogram	0	Nytt tiltak	0	0	50	0
Auka administrasjonsressurs for dagleg leiar på SFO	0	Nytt tiltak	10	10	10	10
Auka midlar til driftstilskot til turløyper og skianlegg	0	Tidligere vedtatte tiltak	300	300	300	300
Auka ressurs rektor-styrar i oppvekstsenter	0	Nytt tiltak	250	600	600	600
Auke 20 % assistentstilling	0	Nytt tiltak	86	86	86	86
Bibliotek - midlar til arrangement	0	Nytt tiltak	0	50	50	50
Bibliotek - nytt hyllesystem	0	Nytt tiltak	500	0	0	0
Bygdebok - Rentefritt lån	0	Nytt tiltak	0	203	203	203
Digitalisering av skulen (pri 5)	5	Nytt tiltak	738	738	738	738
Felles skilting - kulturhus, kino, symjehall og kulturskule	0	Nytt tiltak	100	0	0	0
Fritidskort for barn og unge (pri 4)	4	Nytt tiltak	300	300	300	300
Garden Li - auke i driftstilskot	0	Nytt tiltak	0	10	10	10
Inngangsport	0	Nytt tiltak	20	0	0	0
Kulturadministrasjon - ny stilling 50%	0	Nytt tiltak	0	0	0	320
Lyddemping	0	Nytt tiltak	100	0	0	0
Nytt gjerde rundt uteområdet	0	Nytt tiltak	80	80	80	80
Nytt golv i klasserom	0	Nytt tiltak	50	50	50	50
Oppgradering av uteområde Utvik barnehage	0	Nytt tiltak	500	0	0	0
Seriekoppla brannalarm	0	Nytt tiltak	50	0	0	0

Singerheimen - auke i driftstilskot	0	Nytt tiltak	0	10	10	10
Solskjerming (pri 9)	9	Nytt tiltak	50	0	0	0
Symjehall - Nytt elektronisk billettsystem	0	Nytt tiltak	0	850	0	0
Symjehall - tidtakarsystem	0	Nytt tiltak	80	0	0	80
Tak overbygg	0	Nytt tiltak	50	0	0	0
Tolketeneste på Vaksenopplæringa (pri 3)	3	Nytt tiltak	10	10	10	10
Sum			**5 735**	**6 496**	**5 716**	**6 166**

Nye tiltak

62081: Auka vikarbudsjett i grunnskulen (pri 6)

Korttidsfråveret er høgre enn det skulane har midlar til å setje inn vikar for

62121: Kompetanseheving i oppvekstsektoren

Sentrale styresmakter har lagt til rette for ei sterk satsing på vidareutdanning for lærarar i grunnskulen (Kompetanse for kvalitet) og ei satsing på kompetanseheving for tilsette i barnehagen. Det er avsett sentrale midlar til tiltaka, men det er forventa at kommunen stiller opp med eigne midlar dersom kommunen skal nytte seg av vidareutdanningstilboda som vert sett i gang.

62131: Færre elevar per kontaktlærar

Tiltaket legg opp til gå tilbake til 12 elevar per kontaktlærar (ordning før 2013). Talet er i dag 15 elevar + at ein har fått tilført 3 ekstra kontaktlærarar som blir lagt til klassar med særskilt behov etter søknad. Skal ein dekke behovet for ein kontaktlærar per 12 elevar, vil dette innebere ekstra kostnad som vist.

62163: Solskjerming fire klasserom Tonning skule (pri 8)

Høg temperatur i klasserom, noko som påverkar arbeidsforholda både for elevar og lærarar. Det er levert inn avvik på dette våren 2019. På dette klasserommet er det vår vurdering at det ikkje vil vere tilstrekkeleg med ei innvendig skjerming grunna varmeproblematikken, og ein må ha på plass ei utvendig løysing som kan fungere i kombinasjon med elevane sin bruk av til dømes ball på uteområdet.

64001: Leikar/utstyr barnehage

Vedtekne forskrifter for offentlege leikeplassar/skular og barnehagar må overhaldast. Det er kommunen sitt ansvar å sjå til at leikeplassane og utstyret er i forskriftsmessig stand. Dette er eit kontinuerleg arbeid som årleg krev reparasjonar og utskifting av utstyr.

64054: Utbetringar i Vikalida barnehage

Viktig med beising av barnehagen. Den ber tydeleg preg av at dette trengst.
Også viktig å få satt inn eit vindauge som kan opnast på formingsrommet. Dette rommet har det vore målt luftkvalitet i som synte dårlege verdiar. Dette gjer og at rommet ikkje blir brukt så mykje som vi

ynskjer.
I bakken bak barnehagen er det i periodar med mykje nedbør, mykje vatn som kjem opp av jorda. I frostperiodar blir det store issvullar og som spreier seg nedover bakken. Dette gjer at vi må stenge av området når det blir for gale. Dette med tanke på sikkerheit. Tiltaket her må vere å få drenert skikkeleg.

66111: Tiltaksmidlar til lokal kunst- og kulturutvikling

Mange lag og organisasjonar synes at det er dyrt å leige lokaler i ulike kulturbygg. Dette tiltaket er meint å kunne støtte opp om lag og organisasjonar som treng stimuleringsmidlar for å setje i gang ulik kunst- og kulturformidling i sal eller scene.

66129: Tilskot kulturminne etter søknad, kulturminnefondet

Kommunedelplan for kulturminne er vedtatt i kommunestyret. Handlingsprogram føl planen, men det er ikkje budsjettert midlar til tiltak.
Årleg kostnad kr. 100 000

66131: Faleide skulemuseum - formidling og utvikling

Utvikle museet til eit levande kulturtilbod.

66151: Bibliotek - ny stilling 50%

Stor aktivitet og lange opningstider - krev fleire tilsette. Alternativet er å redusere aktiviteten

66153: Kulturhus og kino - budsjettauke utstyr

Utstyr blir gammalt og må skiftast ut. Budsjettrammene er små, og om ein ventar for lenge vert det fordyrande.

66155: Den kulturelle skulesekken - utviklingsprogram

Nytt program for utvikling av tilbodet

Auka administrasjonsressurs for dagleg leiar på SFO

Auka administrasjonsressurs til den som driv den daglege drifta av SFO.

Den som er dagleg drivar av SFO har bruk for meir tid til samarbeid med lærarar, den dei arbeider saman med og rektor. Særleg er det viktig å samarbeide om born med særskilde behov, og slik situasjonen er no, er ressursen til dette for knapp.

Auka midlar til driftstilskot til turløyper og skianlegg

Aukar avsette midlar med kr 300 000. Samla sum vert 900 000.

Auka ressurs rektor-styrar i oppvekstsenter

Auka arbeidsmengd til administrative oppgåver til styrar/rektor.

Auke 20 % assistentstilling

20 % auke i assistentstilling. I dag brukar vi 20 % av grunnbemanninga som er knytt opp til bussavdelinga Vestavinden til reinhald og vedlikehald av bussen, dette går på bekostning av personaltettheit og vil ikkje være i samsvar med lovverket.

Bibliotek - midlar til arrangement

I folkebiblioteklova er det stor vekt på biblioteka si rolle som kulturarena, og som arena for debatt og samtale. Stryn bibliotek har hatt mange arrangement dei siste åra ved støtte frå eksterne aktørar. Dette er lite forutsigbart og usikkert. For å kunne halde fram med å vere ein kulturarena er det difor nødvendig å også ha nokre eigne budsjettmidlar til dette.

Bibliotek - nytt hyllesystem

Biblioteket har behov for eit nytt hyllesystem. Det som er i bruk i dag er av eldre dato og ikkje funksjonelt i eit moderne bibliotek. Det er behov for eit hyllesystem som er meir fleksibelt, med t.d. lågare hyller slik at biblioteket blir meir tilgjengeleg og oversikteleg.

Bygdebok - Rentefritt lån

Søknad om rentefritt lån kr. 1 000 000 til dekning av trykkekostnader i samband med utgjeving av Strynesoga. Med utbetaling på kr 200 000 årleg frå 2022-2026.

Digitalisering av skulen (pri 5)

Frå hausten 2020 vil skulen få innført nye læreplanar med ny overordna del i høve opplæringa. Dei nye læreplanane, fagfornyinga skal ruste skulen og elevane til å møte samfunnet sine behov i framtida – meir digital skule. Infrastruktur og utstyr må sikrast. Eit tiltak er å byte ut alle Pc`ar med Chromebook. Dette vil ha ein kostnad på om lag kr. 3000 per elev (930 elevar).

Felles skilting - kulturhus, kino, symjehall og kulturskule

Innvendig og utvendig skilting av Stryn kulturhus og Stryn kulturskule.

Fritidskort for barn og unge (pri 4)

Fritidskort for barn og unge til å kunne delta i organisert aktivitet på likt grunnlag.

Garden Li - auke i driftstilskot

Behov for auke i driftstilskot.

Inngangsport

Porten til hovudinngangen er dårleg og begynner å gå i stykker.

Kulturadministrasjon - ny stilling 50%

Grunna auka aktivitet er det behov for auka bemanning – 50% stilling.

Lyddemping

Bhg har avdleingar som ikkje er innenfor lovlig støynivå. Bhg har gjort ein del tiltak, men trenger å kjøpe inn lydplater som skal monterast i tak.

Kontor til styrar og ass. styrar har velidg klang. I tillegg er det lytt imellom dei.

Nytt gjerde rundt uteområdet

Gjerdet rundt skulen og barnehagen er gammalt og dårleg. Det er stadig nye stader der det må reparerast, og det blir vanskeleg etter som det blir lappa på fleire gongar. Det er særleg viktig på sørsida av bygget, der det er høg mur som endar rett i vegen.

Nytt golv i klasserom

Skifte golv i klasserom. Golvbelegget er slitt, og det dekker ikkje heile golvet.

Seriekoppla brannalarm

Bhg har to brannalarmsystem som ikke er samankoppla. Viss det begynner å brenne i det eine bygget vil ikkje brannalarm i det andre bygget løses ut. Ein hører ikkje brannalarm viss det går i nybygg og omvendt. Dette kan skape farlege situasjonar.

Singerheimen - auke i driftstilskot

Behov for auke i driftstilskot.

Solskjerming (pri 9)

Oppstryn skule og barnehage har i perioden april t.o.m september sol frå aust som varmar opp klasserom og rom i bhg. Det er inga solskjerming på desse romma og temperaturen kan kome opp i 25-30grader. Det er vanskeleg å drive undervisning og leik i så varme rom. Sjølv om klasseromma har lystette gardiner slepp varmen inn og gjer det til tider uuthaldeleg varmt.

Symjehall - Nytt elektronisk billettsystem

Nytt billettsystem for inn og utslsusing av publikum til symjehallen.

Symjehall - tidtakarsystem

Tidtakarsystem til vassklia i symjehallen.

Tak overbygg

Terrassedør ut frå avd. Vestavinden manglar overbygg. Få tak frå dør til overbygg slik at det blir meir funksjonelt. Vil då unngå at det regnar inn ved lufting av avdelinga.

Tolketeneste på Vaksenopplæringa (pri 3)

Ressursar til tolk på vaksenopplæringa vart fjerna tidlegare i samband med nedskjeringsprosess. Stort behov for tolketeneste særleg knytt til overføringsflyktningar.

Helse og sosial

Beskrivelse av dagens virksomhet

Helse- og sosialetaten yter tenester til alle aldrar i befolkninga. Tenesteyting er organisert på følgjande måte:

Eining for pleie- og omsorgstenester, område Stryn og område Vikane. Under desse områda kjem dagtilbod til heimebuande demente, aktivitetstilbod for eldre, institusjonsdrift, heimesjukepleie, praktisk bistand i heimen og kjøkkendrift på kvar av områda. Område Stryn har i tillegg heildøgnsbemanna omsorgsbustadar. Område Vikane har eige reinhaldspersonale.

Eining miljø- og velferdstenester yter tenester i heimen til personar med psykisk utviklingshemma, samt arbeidssenter. I tillegg er tenester innan psykisk helse og rus, transporttenester/følgjekort/parkeringskort, støttekontaktsordning og avlastning for barnefamiliar knytt til denne eininga.

Eining helsetenester omfattar helsestasjon med skulehelseteneste og jordmordteneste, legekontor, legevakt og legevaktformindling samt fysio- og ergoterapitenester.

I tillegg inneheld helse- og sosialetaten barneverntenesteste, sosiale tenester i NAV og flyktningteneste.

Saksbehandling av Husbanksaker og skjenkesaker ligg til denne etaten.

Utfordringer og strategi

Det vert i mange samanhengar vist til at vi vert fleire eldre som har behov helse- og sosialtenester i åra som kjem. Dette gjeld også for Stryn kommune. Vi må legge til rette for at innbyggjarane også i framtida får trygge og gode tenester. Vi må nytte kompetansen rett, vi må finne effektive måtar å yte tenester på, vi må organisere oss rett og vi må nytte tilgjengeleg teknologi for å oppretthalde eit kvalitativt og forsvarleg tenestetilbod.

Som ein følgje av at vi stadig lever lenger vert det fleire med komplekse og samansette behov. Demens viser seg å vere stor auke i forekomstar.

Det vert også vist til at det vert færre tenesteytarar i framtida. Det vert fødde færre enn tidlegare, og mange vel andre fagområde enn helse- og sosialtenestyting. Ei knappheit på kompetanse på landsbasis er særskilt gjeldande for Stryn kommune. Vi ser allereie no at vi har utfordringar med rekruttering. Dette gjeld særskilt lege-, sjukepleie, vernepleie- og psykologkompetanse. Dette er eit område vi må ha fokus på og legge strategiar for rekruttering. Mangel på kompetanse fører til press på lønn og andre kostnadar knytt til stillingar innan dette fagområdet.

I eit godt pasientforløp skal tenestene vere saumlause. Vi opplever utfordringar med dette både i høve eksterne samarbeidspartar (eks. spesialisthelsetenesta) og internt i tenestene våre. Meir komplekse diagnosebilete og helsesituasjon, fleire med kroniske lidingar og yngre med samansette behov skapar større behov for samhandling og heilskapleg kompetanse. Det vert viktig i åra som kjem å ha dette i fokus.

Institusjonsplassar og tilrettelagte bustadar vil verte ein mangel. Fleire må bu lenger heime enn tidlegare. Hjelpa må ytast i heimen, og heimen må vere tilrettelagt for å kunne nytte ulike hjelpemiddel. For å kunne imøtekome auken i behov for tilrettelagte bustadar må innbyggjarane ta eit større ansvar for eigen alderdom. Dette må kommunen kommunisere til innbyggjarane og legge til rette for god informasjon, råd og veiledning samt vurdere tilskotsordningar i høve utbetring m.m.

Kommunen får stadig ført over nye oppgåver frå staten. Store endringar som kan nemnast er samhandlingsreforma der oppgåvene vert flytta frå spesialisthelsetenesta til kommunane. Dette gjeld både somatikk og psykiatri. I tillegg har reforma kravd ei stor endring i legekontordrifta og press på fastlegeordninga. I barneverntenesta ser vi at staten også forventar at kommunen skal ta oppgåvene sjølve. Dette gjeld både å utføre tiltaksarbeid i heimen samt finansiering rundt fosterheimsplassering og institusjonsdrift. Frå 2022 vil kommunen få eit betydeleg større ansvar då barnevernsreforma trer i kraft.

Nye lovkrav set også tenesteytinga under press. Helsepersonell får stadig større ansvar på ulike områder og brukarane får nye rettigheiter som kostar mykje for kommunen å innfri. Det viser seg dessverre at finansiering ikkje føl med på lik linje med nye lovkrav og retningslinjer for tenestytinga. Det krev ein stadig meir effektiv ressursutnytting frå kommunen for å stette alle krav og forventningar.

Innan personal har vi i helse- og sosialetaten svært mange tilsett som arbeider i deltidsstillingar. Ein del har til dels små stillingar. Hovudutfordringa er behov for bemanning i helgane. Ved arbeid kvar 3. helg krev det mange tilsette, det er vanskeleg å fylle desse stillingane til heile stillingsheimlar. Det vert arbeidd aktivt med å få til større stillingsheimlar.

Kostra-analyse

	Stryn 2018	Stryn 2019	Sogn og Fjordane (-2019)	Landet uten Oslo	Kostragruppe 10
Prioritet					
Andel netto driftsutgifter til barn som er plassert av barnevernet (f.252)	48,9 %	47,1 %	54,1 %	56,8 %	54,7 %
Netto driftsutgifter per innbygger 0-17 år, barnevernstjenesten	5 361	7 032	10 268	10 891	10 886
Produktivitet					
Brutto driftsutgifter per barn som er plassert av barnevernet (f. 252)	413 182	442 154	458 101	444 076	398 336
Brutto driftsutgifter til introduksjonsordningen pr. mottaker (1000 kr)	30,7	41,1	148,9	172,6	160,3
Brutto driftsutgifter til tiltak (funksjon 251, 252) per barn med tiltak	135 957	148 315	160 371	172 755	141 217
Brutto driftsutgifter til økonomisk sosialhjelp pr. mottaker (B)	34 544	35 316	40 593	49 860	43 248
Korrigerte brutto driftsutgifter, institusjon, pr. kommunal plass	1 178 591	1 256 576	1 215 348	1 274 516	1 274 495
Utgifter per beboerdøgn i institusjon	3 429	3 823	3 923	3 842	4 024
Dekningsgrad					
Andel barn med barnevernstiltak pr 31.12 ift. innbyggere 0-17 år	2,2 %	2,5 %	3,2 %	3,0 %	3,6 %
Andel barn som har fullført helseundersøkelse innen utgangen av 1. skoletrinn (B)	104,4 %	98,7 %	93,7 %	91,1 %	88,7 %
Andel mottakere med sosialhjelp som hovedinntektskilde (B)	32,8 %	35,0 %	31,0 %	41,5 %	38,2 %

	Stryn 2018	Stryn 2019	Sogn og Fjordane (-2019)	Landet uten Oslo	Kostragruppe 10
Barn med undersøkelse ift. antall innbyggere 0-17 år	3,0 %	3,9 %	3,6 %	4,8 %	4,9 %
Gjennomsnittlig stønadslengde for mottakere med sosialhjelp som hovedinntekt (måneder)	4,6	4,4	134,3	2 252,8	130,7
Årsverk av fysioterapeuter pr. 10 000 innbyggere. Funksjon 241 (B)	9,2	8,3	8,6	7,7	7,0
Årsverk av helsesøstre pr. 10 000 innbyggere 0-5 år. Funksjon 232	107,3	109,9	112,1	86,6	87,6
Kvalitet					
Andel brukertilpassede enerom m/ eget bad/wc (prosent)	55,6 %	55,6 %	92,9 %	91,0 %	89,5 %
Andel pasienter på liste uten lege	7,8 %	13,7 %	2,2 %	1,6 %	1,2 %
Andel plasser i enerom i pleie- og omsorgsinstitusjoner	100,0 %	100,0 %	98,9 %	98,2 %	97,8 %
Gjennomsnittlig listelengde	693,0	649,0	784,0	1 049,0	1 039,0
Legetimer per uke per beboer i sykehjem (timer)	0,43	0,27	0,43	0,56	0,52
Stillinger med fagutdanning per 1 000 barn 0-17 år	3,1	3,8	4,6	5,2	4,7
Andre nøkkeltall					
Flyktninger - Vedtak om bosetting - Prosent av anmodning	100,0 %	100,0 %			
Innvandrere i prosent av befolkningen	15,7 %	15,5 %			

Driftsbudsjett med endringer

Beløp i 1000		Økonomiplan			
	Avdeling	2021	2022	2023	2024
Vedtatt budsjett		**188 402**	**188 402**	**188 402**	**188 402**
Sum Vedtak forrige periode		**-47**	**-1 604**	**-2 554**	**-3 504**
Sum Lønns- og prisvekst		**-1 034**	**-1 034**	**-1 034**	**-1 034**
Konsekvensjustert budsjett		**-1 082**	**-2 639**	**-3 589**	**-4 539**
Konsekvensjustert ramme		**187 321**	**185 764**	**184 814**	**183 864**
Innsparingstiltak					
Innsparing lisensar/abonnement m.m.	Helse og sosial	-150	-150	-150	-150
Tilskot til frivilligsentralar - statleg ansvar	Helse og sosial	-537	-537	-537	-537
Sum Innsparingstiltak		**-687**	**-687**	**-687**	**-687**
Nye tiltak					
Auke i utgifter til fosterheim	Helse og sosial	1 452	1 452	1 452	1 452
Formidling av startlån frå Husbanken til private	Helse og sosial	0	0	0	0
Kjøp av tenester frå staten (FFT ev. foreldre/barn senter)	Helse og sosial	143	143	143	143
Kreftkoordinator - oppseiing av avtale frå 2022	Helse og sosial	106	-76	-76	-76
Legekontor, 1,0 stilling sjukepleiar	Helse og sosial	0	653	653	653
Miljø og velferd, avd. Bøabakkane og Sentrumsgruppa (Tenester funksjonshemma), auke 0,55 stilling	Helse og sosial	283	283	283	283
Psykologteneste, interkommunalt samarbeid	Helse og sosial	-190	-190	-190	-190
Rekruttere og behalde fastlegar	Helse og sosial	1 500	3 000	4 000	4 000
Sakkunnig utgreiing	Helse og sosial	66	66	66	66
Stryn omsorgssenter. Ny fagarbeiderstilling - auke 0,4 stilling til resursskrevjande brukar	Helse og sosial	252	252	252	252
Sum Nye tiltak		**3 612**	**5 584**	**6 584**	**6 584**
Nye tiltak og realendringer budsjett		**2 925**	**4 897**	**5 897**	**5 897**
Ramme 2021-2024		**190 246**	**190 661**	**190 711**	**189 761**

Samandrag budsjett

Det har vore ei utfordring å få budsjettet i balanse. Leiarane i dei ulike tenestene har meldt om behov for auke i bemanning og andre type tiltak som fremjar tenestytinga sin kvalitet. Det har vore lite rom for endringar. Mange av tiltaka er grunna i behov for førebyggjande arbeid. Vi ser at dette er rett og viktig bruk av midlar. Førebyggjande arbeid vil gje gevinstar på sikt. Vi har likevel ikkje greitt å finne rom for dette.

Største delen av budsjettet er knytt mot lønnskostnadar. Av andre kostnadar er det særleg kjøp av tenester frå interkommunale samarbeid og drift av bygningar og utstyr som gjev store utslag.

Innsparingstiltak

Innsparing lisensar/abonnement m.m.

I starten av 2021 må det takast ein gjennomgang av alle kommunen sine lisensar og abonnement, og avslutte unødvendige abonnement og lisensar som kommunen har i dag.

Tilskot til frivilligsentralar - statleg ansvar

Gjennom statsbudsjettet som vart lagt fram i oktober kom føljande informasjon:

"Tilskot til frivilligsentralar
Tilskot til frivilligsentralar vart innlemma i rammetilskotet frå og med 2017. Tilskotet er i åra til og med 2020 fordelt med utgangspunkt i fordelinga av det øyremerkte tilskotet i 2016.

Tilskot til frivilligsentralar vil bli teke ut av rammetilskotet for 2021 og i staden gitt som øyremerkt tilskot på Kulturdepartementet sitt budsjett. Kr 206,8 mill. blir teke ut av rammetilskotet."

For Stryn kommune utgjer dette kr. 536.860,- som var budsjettert i overføring til Stryn frivilligsentral.

Nye tiltak

Auke i utgifter til fosterheim

Barneverntenesta har 10 barn i fosterheim. Kostnadane ved frikjøp (frå ordinært arbeid) av fosterforeldre har vore underbudsjettert i både 2019 (Forbruk 3,2 mill) og 2020 (ligg an til 3 mill). Situasjonen i dag er til trass for at vi har fosterbarn som er svært krevjande, og som har store problem både sosialt, heime og på skulen - ser vi no at vi kan redusere frikjøpet. Ein stor del av fosterbarna har blitt så gamle at det ikkje er behov for fullt frikjøp lenger.

Kjøp av tenester frå staten (FFT ev. foreldre/barn senter)

Barneverntenesta kan kjøpe nokre tiltak frå Buf - etat. Blant anna Funksjonell familieterapi. Dette er tiltak for ungdom som har åtferdsvanskar, som anten kjem til uttrykk heime, på skulen eller begge plassar. Funksjonell familieterapi jobbar etter ein evidensbasert metode, og svært systematisk, noko mange familiar treng. I periodar med stor pågang av saker og vakanse i interkommunal heimebasert teneste - har tiltaket blitt brukt ein del. Ein del av sakene som blir sett i gang hausten 2020, vil strekke seg inn i 2021. Interkommunalt heimebasert tiltak vil bli fulltallig i mars 2021. Målet er at dette tiltaket skal jobbe meir i saker som FFT jobbar i i dag. Denne posten i budsjettet inkluderer opphald på Foreldre- og barn senter.

Kreftkoordinator - oppseiing av avtale frå 2022

Stryn kommune har vore med i interkommunalt samabeid om 50% stilling kreftkoordinator. Dette var i utgangspunktet i lag med 5 kommunar. Då Selje slo seg saman med Eid, Hornindal gjekk til Volda og

Vågsøy til Kinn er det frå 2021 berre Stad og Stryn igjen i ordninga. Samarbeidet må seiast opp før nytt budsjettår dersom ein vil gå ut av avtalen. Då avtalen ikkje vart sagt opp frå Stryn kommune si side innan utgangen av 2019 må vi betale for 2021. Det har vorte ei dyr ordning sidan det er så få å dele på, og forslaget er at vi seier opp avtalen innan 31.12.20. Då vil kostnaden som er lagt inn i vidare økonomiplan verte redusert til 0 f.o.m. 2022.

Legekontor, 1,0 stilling sjukepleiar

Det er behov for sjukepleiekompetanse ved legekontoret, jf. krav i akuttmedisinforskrifta, men vi har så langt ikkje funne rom for denne stillinga. I forbindelse med koronapandemien er det lova at kommunane skal få dekka kostnadar til smittevern/smittesporing. Det vert difor rekruttert sjukepleiar til legekontoret med forventning om dekning av kostnadane frå statlege tilskot i 2021. F.o.m. 2022 er det sterkt ynskjeleg å halde fram med denne kompetansen i legekonotert, og då gå over til arbeid innan akuttmedisin og andre sjukepleiefaglege utviklingsoppgåver ved legekontoret.

Miljø og velferd, avd. Bøabakkane og Sentrumsgruppa (Tenester funksjonshemma), auke 0,55 stilling

Behov for auke i stillingsresurs for å yte tilfredsstillande tenester til brukarane jmf lovverk.

Vi har fått fleire brukarar det siste året utan å få tilført midlar, og vi har ei brukargruppe som er aldrande og har betydelige funksjonsfall som gjer at dei treng mykje meir tilrettelegging for å meistre kvardagen mest mogleg sjølvstendig.

Det er samla sett behov for ei auke på 2,6 stilling, men administrasjonen har i framlegg til budsjett berre muligheit for prioritere inn og ei auke med 0,55 stilling.

Psykologteneste, interkommunalt samarbeid

Interkommunal psykologstilling vart politisk behandla i 2017. Kostnaden vart den gang sett til 320 500 for 2018. Då det har vore store utfordringar knytt til rekruttering har det ikkje vorte så høge kostnadar grunna vakante stillingar. Vertskommunen har framleis ikkje greidd å rekruttere psykolog. Då det vart eit lovkrav f.o.m. 01.01.20. å ha psykologkompetanse i kommunane, har vi inngått avtale med leverandør om digital psykologteneste. Kostnad på dette er pr. 2020 avtalt til kr. 213 600 fordelt på 4 kommunar (Stad, Gloppen, Bremanger og Stryn). Alle får like mange timar og såleis lik betaling uavhengig av kommunestørrelse. Dette er langt billigare enn kostnad i økonomiplan frå 2019.

Rekruttere og behalde fastlegar

Det har over tid vore utfordring i å rekruttere fastlegar. Dette blir det særskilt jobba med no. Administrasjonen jobbar med å utarbeide ulike modellar som kan nyttast for både å rekruttere og behandle fastlegar. Arbeidet er ikkje ferdig utgreidd, men for å sikre muligheit for handling i 2021 vert det lagt inn ein stipulert kostnad i 2021 med 1,5 mill. Vidare blir det lagt inn ei auke i dette utover øknomiplanperioden då dette vil koste meir på sikt når heile legekontoret kjem med i ordninga og vi har fullt inndekt behov av legar.

Sakkunnig utgreiing

Barnevernet brukar sakkunnige utgreiingar i somme saker ein undersøker. I nokre tilfelle brukar ein sakkunnige fordi det er område barnevernet ikkje har kompetanse på vi vil ha vurdert. I andre tilfelle er det behov for å få "nye auger" i ei sak. Det kan også vere at Fylkesnemnda for barnevern og sosiale saker krev at barneverntenesta set inn sakkunnig utgreiing. Barneverntenesta har siste åra brukt mindre sakkunnige utgreiingar enn før, men gjennomsnittleg ei i året. Sakkunnig utgreiing er kostbart- ei sak kan koste opp mot 200 000 kr. I tillegg brukar barnevernet denne posten til å innhente informasjon frå legetenesta i undersøkingsfasen.

Stryn omsorgssenter. Ny fagarbeiderstilling - auke 0,4 stilling til resursskrevjande brukar

Ressurskrevjande brukar på Stryn omsorgssenter med behov for 1:1 jf. lovkrav om forsvarlege tenester.

Dette er primært nattevaktstillingar.

For å dekke ei 1:1 bemanning trengs 4,6 årsverk. Vi har fått deler av dette tidligare. Mangler 2,02 årsverk for å dekke behovet. Har ikkje tatt med ferievikar, sjukevikar.

Det er samla sett behov for ei auke på 2 stilling, men administrasjonen har i framlegg til budsjett berre muligheit for prioritere inn og ei auke med 0,4 stilling.

Ønska tiltak og ytterlegare innsparingar

Beløp i 1000	Pri.	Endringskode	Økonomiplan			
			2021	2022	2023	2024
Frisklivssentral, auke 0,2 stilling	12	Nytt tiltak	109	115	115	115
Miljø og velferd, avd Stryn Arbeidssenter. Ny bil	19	Nytt tiltak	102	102	102	102
Dagtilbod for demente, Vikane omsorgssenter. Auke 0,2 stilling.	5	Nytt tiltak	144	144	144	10
Ergoterapeut. Auke 1,0 stilling	6	Nytt tiltak	763	763	763	763
Flyktningtenesta, familieveiledning - kursholdar	15	Nytt tiltak	30	30	30	30
Klinisk ernæringsfysiolog, auke 0,4 stilling - frisklivssentralen	11	Nytt tiltak	274	274	274	274
Leasingbil til dagtilbod for heimebuande demente Stryn og VIkane og aktivitetstilbod psykisk helse/rus	8	Nytt tiltak	138	138	138	138
Legekontoret, legevaktbil til daglegevakt Stryn	18	Nytt tiltak	97	97	97	97
Miljø og velferd, avd. Bøabakkane og Sentrumsgruppa (Tenester funksjonshemma), auke 2,05 stilling	4	Nytt tiltak	1 056	1 056	1 056	1 056
Opphøyre refusjon frå staten, del av kommunal stilling i Nav	17	Nytt tiltak	342	342	342	342
Pleie og omsorg. Kartleggings verktøy - effektivisering av tenestene	20	Nytt tiltak	100	100	100	100
Stryn Frivilligsentral - søknad om auka driftstilskot	0	Nytt tiltak	210	210	210	210
Stryn omsorgssenter, avd. Kvisten. Auke 1,0 fagarbeidarstilling i grunnbemanning	10	Nytt tiltak	630	630	630	630

Stryn omsorgssenter, avd. Symra. Auke 1,0 fagarbeiderstilling i grunnbemanning	9	Nytt tiltak	630	630	630	630
Stryn omsorgssenter, dagsenter for heimebuande demente. Auke 0,35 stilling	16	Nytt tiltak	218	218	218	218
Stryn omsorgssenter. Ny fagarbeiderstilling - auke 1,6 stilling til resursskrevjande brukar	3	Nytt tiltak	1 009	1 009	1 009	1 009
Tilskot Husbankordningar	14	Nytt tiltak	200	200	200	200
Veilederen.no	7	Nytt tiltak	140	140	140	140
Sum			**6 191**	**6 197**	**6 197**	**6 063**

Nye tiltak

Frisklivssentral, auke 0,2 stilling

Frisklivssentralen har 40% stilling pr. i dag. Det er ikkje tilstrekkeleg kapasitet til å arbeide med alle målgruppe slik ein ynskjer. Barn og unge si fysiske helse er eit av områda som er mangelfult. Det vert meldt behov om 20% auke i stilling ved sentralen for å kunne arbeide meir med denne målgruppa.

Miljø og velferd, avd Stryn Arbeidssenter. Ny bil

Miljø og Velferd avd Stryn Arbeidssenter har i dag ein Volkswagen caravelle som har vært ein stor utgiftspost. Bilen blir brukt til å køyre skruar til Hagen og når ein skal rundt i sentrum og utføre oppdrag/jobbar. Den blir også brukt til å hente og bringe brukarar til Stryn Arbeidssenter. Elles blir den flittig brukt av tenestene for funksjonshemma når dei skal på turar i helgar som feks idrettsarrangement eller kulturelle tilbod.

Merknad: det er under arbeid ein bilstrategi for Stryn kommune. Kjøp av ny bil bør avvente med tanke på denne.

Dagtilbod for demente, Vikane omsorgssenter. Auke 0,2 stilling.

Dagtilbod til demente har ope 2 dagar pr. veke. Drift av dagtilbodet har vore basert på frivillig arbeidskraft 1 dag for veka/ 20% stilling. Har ikkje lukkast å skaffe frivillige for 1 fast dag i veka.

Ønsker fast tilsett for denne jobben då det er behov for kontinuitet og kompetanse i arbeid med demente.

Det er lovpålagt å ha dagtilbod til demente, men lova seier ikkje noko om kor mange dagar pr. veke det skal vere ope.

Ergoterapeut. Auke 1,0 stilling

Det har i fleire år vore diskutert stillingsauke som ergoterapeut på fysio- og ergoterapiavd. Ein ser at arbeidsoppgåvene auker, og at dagens situasjon med berre ei kommunal stilling for ergoterapeut ikkje held. Med fokus på reform «Leve hele livet» ser ein at kompetansen til ergoterapeut er ei viktig brikke. Aktuelle arbeidsoppgåver som må prioriterast for ny stilling:

1. Gjennomføre kartlegging hos brukara i høve saksbehandling i tildelingsnemda.
2. Kvardagsrehabilitering. Kunne vidareføre arbeidet med kvardagsrehabilitering etter endt prosjektperiode.
3. Bistå i høve velferdsteknologi
4. Førebyggande heimebesøk. Dersom det er aktuelt å senke aldersgrense frå 80 til f.eks. 75 år, trengs det auka ressursar for å gjennomføre besøka.
5. Knyte ergoterapeut til arbeid blant barn og unge. Pr. i dag har kommunal ergoterapeut berre kapasitet til å bistå vaksne.

Flyktningtenesta, familieveiledning - kursholdar

Familieveiledningsprogram som vert obligatorisk, jf. endring i integreringslova med verknad frå 01.01.21, for deltakarar i målgruppa på introduksjonsprogrammet frå 2021. Vi må leige inn ekstren, sertifiert veileder som kan morsmål til deltakarane.

Klinisk ernæringsfysiolog, auke 0,4 stilling - frisklivssentralen

Frisklivssentralen har i dag ein fysioterapeut tilsett i 40 % stilling. Målet med tilbodet er betre helse gjennom gode levevaner, og fokusområda er fysisk aktivitet, kosthald og tobakksbruk. Målgruppa (18-69) er dei som står i fare for å utvikle livsstilssjukdom, eller som alt har utvikla sjukdom, og treng oppfølging av helsepersonell til å endre levevaner og meistre sjukdom.

Frisklivssentralen si målgruppe har vore vaksne (18-69 år). Hausten 2019 starta frisklivssentralen eit prosjekt gjennom tilskotsmidlar for å jobbe systematisk med det helsefremjande og førebyggjande arbeidet for barn og unge i kommunen. Gjennom rapporten som er skrevet frå dette prosjektarbeidet peiker ein på fleire aktuelle satningsområdar, men ein trenger auka kapasitet for å sette dei i verk. Målet er å vere ei teneste som kan gje god og tett tverrfagleg oppfølging/rettleiing til dei **barna og barnefamiliane** som har helseutfordringar knytta til livsstil**. For å klare dette trengs det ei stillingsauke på 40 %, og ein ynskjer å knytte til seg kompetansen klinisk ernæringsfysiolog som ein del av stillingsauka.** Det er ikkje mogleg for frisklivssentralen å gje eit godt og systematisk tilbod til barn og unge slik kapasiteten er i dag. Kartlegging viser at barn og unge i Stryn kommune ligg over landsgjennomsnittet ift overvekt og fedme, og det er viktig at tiltak settast inn tidleg. Frisklivssentralen vil jobbe for meir fysisk aktivitet og betre kostvanar, og har ein nøkkelrolle i forhald til å koordinere dette arbeidet i heile kommunen.

Leasingbil til dagtilbod for heimebuande demente Stryn og VIkane og aktivitetstilbod psykisk helse/rus

Dagtilbod for heimebuande demente i Stryn, Vikane og psykisk helse og rus har nytta ein felles bil. Det er vanskeleg å transportere bilen mellom områda. Det er difor behov for 2 bilar til tenesta. Dagtilbod

ved Stryn omsorgsenter og psykisk helse og rus deler på ein bil med ein 60/40 fordeling. Vikane får ein eigen bil til formålet.

Legekontoret, legevaktbil til daglegevakt Stryn

Lege på vakt har krav jf. akuttmedisinforskrifta om å rykke ut ved akutte hendingar. Legekontoret har pr. idag ein eigd bil, men denne er ikkje tilfredsstillande å nytte ved utrykking. Legane brukar difor eigen bil dersom dei rykker ut.

Det er kome retningslinjer på at legevaktbil skal vere uniformert. Det har vore føreslege å merke den bilen vi allereie eig, men pga denne bilen sin stand er dette fraråda. Det er difor lagt inn behov for bil, at denne bør leases og at den må vere merka legevaktsbil.

Merknad: bør avvente kjøp/leasingavtale inntil bilstrategi for Stryn kommune, som er under arbeid, har konkludert med framtidige og bærekraftige bilavtaler.

Miljø og velferd, avd. Bøabakkane og Sentrumsgruppa (Tenester funksjonshemma), auke 2,05 stilling

Behov for auke i stillingsresurs for å yte tilfredsstillande tenester til brukarane jmf lovverk.

Vi har fått fleire brukarar det siste året utan å få tilført midlar, og vi har ei brukargruppe som er aldrande og har betydelige funksjonsfall som gjer at dei treng mykje meir tilrettelegging for å meistre kvardagen mest mogleg sjølvstendig.

I administrasjonen sitt framlegg til budsjett er det på grunn av lav ramme til nye tiltak innarbeida 0,55 stilling, men behovet samla er på 2,6 stilling totalt.

Opphøyre refusjon frå staten, del av kommunal stilling i Nav

Då sosiale tenester vart ein del av NAV vart det inngått avtale mellom staten og kommunen at ei halv stilling av dei kommunale stillingane skulle refunderast frå staten. Staten bed om at denne avtalen opphøyrer.

Pleie og omsorg. Kartleggings verktøy - effektivisering av tenestene

Giant leap er leverandør av et program som henter MSoluton.

programmet registrerer tid som blir brukt hos brukar, transport og på base. Dette er viktig informasjon/kartlegging for å sette inn ressursar der det trengs.

Stryn Frivilligsentral - søknad om auka driftstilskot

Frivilligheitsentralen mottek kr. 75.000,- i samband med arbeid knytta til flyktningar. Om tilskotet til frivilligheitsentralen skal opp til samla kr. 285.000,-, må overføringane aukast med kr. 210.000,-.

Søknad frå Stryn Frivilligsentral:

STRYN FRIVILLIG SENTRAL

Stryn 09.11 2020

Auka driftstilskot til Stryn Frivilligsentral og ferdigstilling av avtale mellom partane.

Styret for Stryn Frivilligsentral ynskjer med dette å søke Stryn kommune om auka tilskot til frivilligsentralen. Med det same ynskjer vi å få ferdig stilt avtalen som er påbegynt mellom oss.

Vi har gått tilbake til 2016 sett på kommunen sitt driftstilskot til frivilligsentralen:

2016: 193.200	
2017: 186.900	
2018: 173.600	(overført 565.600 totalt med statleg tilskot)
2019: 113.000	(overført 527.000 totalt med statleg tilskot)
2020: 184.794	(overført 611.794 totalt med statleg tilskot)

I desse overføringane er det eit tilskot på ca 74.000 kr som skal dekke flyktningarbeidet som frivilligsentralen utfører for kommunen.
Som de ser er tilskotet dei seinare åra vore uforutsigbare, og det er ikkje kome forklaring på tilskotet til oss, alt kjem i ein sum.

Vi søker om eit fast kommunalt tilskot på totalt 285.000 kr, ei auke på ca.100.000. Vi håpar dette tilskotet blir indeksregulert i åra framover, og at vi ved behov kan søke kommunen om anna støtte.

Frivilligsentralen har i 20 år hatt høg aktivitet for frivillige. 2017 var sist år vi talde frivillige timar. Resultatet vart formidable 8864 timar som bidreg til sterk folkehelse i Stryn kommune.

Det er vårt mål at vi skal legge til rette, slik at enkeltpersonar kan få bidra med sitt frivillige virke på egne premiss, slik er vi med på å auke trivsel for alle. Både dei som treng tilrettelegging og dei som vil bidra for andre.
Dei siste åra har vi hatt fokus på å skipe møteplassar for grupper som ikkje lagar til aktivitetar sjølv. Dette i tråd med Kulturdepartementet sine retningslinjer for frivilligsentralar. Før Koronatida hadde vi 8 slike treffpunkt. Vi har også sidan 2014 hatt Aktivitetsklubb for barn, finansiert av BUFDIR. Dette er eit gratis laurdagstilbod for alle barn i grunnskulen i Stryn kommune og det kjem barn frå heile kommunen til oss.

Etter Koronatida har frivilligsentralen måtte legge om det meste av drift, og det har vi klart svært godt, sjølv om vi måtte sette fleire tiltak på vent spesielt på omsorgsentra.
Vi tenkte nytt søkte midlar med Fylkesmannen og fekk skipa fleire møteplassar i Triangelen der vi har tilhald.

Frivilligsentralen har på førespurnad frå dagleg leiar Alexander Rande tatt på seg all organisering og rekruttering av vakter i inngangen på legekontoret. Vi dekker no 50% dekning av opningstida på legekontoret.

Stryn frivilligsentral er en særs viktig institusjon for kommuna vår i det frivillige arbeidet. Sentralen er viktig for at vi skal kunne opprettholde , og stadig prøve å utvide denne aktivitet. Styret ber om å få auka opp det kommunale tilskotet i tråd med søknaden.

For styret
Anders Magne Vik

Styreleiar

Marit Sandnes Skrede

Dagleg leiar

Teknisk

Beskrivelse av dagens virksomhet

Om Teknisk etat

Teknisk etat omfattar offentleg infrastruktur som vassforsyning, avløpshandtering, overvasshandtering, flaumvegar, demningar, kommunale vegar og plassar, karttenester, stell av kommunalt grøntareal, oppmåling, matrikkel, tinglysing, sal av kommunale bustadtomter, brann, feiing, redning, byggjesak og regulering, samt prosjektgjennomføring av infrastrukturprosjekt.

Kommunen har organisert handtering av hushaldningsavfall i NOMIL IKS. Kommunen er igjennom Nordfjord havn IKS med i Nordfjord IUA beredskap mot akutt forureining. Kommunen har beredskapslager mot akutt forureining på vegne av Kystverket og Nordfjord IUA der brannvesenet har ansvar for vedlikehald og ettersyn. Kommunen er med i alarmsentralen IKS, og avtale med nabokommunar om gjensidig bistand innan brann/redning. Avtale med Miljøservice AS for innsamling, transport og behandling av slam fram til 31.12.2021. Avtale med fleire tilbydarar for brøyting/strøing av kommunale vegar fram til 15.04.2022.

Teknisk etat er fordelt på fire avdelingar og har pr okt 2020 24,1årsverk + 2,8årsverk deltidsmannskap brann + 1årsverk engasjement innan byggjesak og regulering.

Utfordringer og strategi

Brannvesenet har utfordringar med alle brannstasjonene. Stasjonene er ikkje godkjent av Arbeidstilsynet , der er manglar med garderobar, reine og skitne soner, ventilasjon etc. I Stryn har vi no fått montert inn ei midlertidig løysing med garderobe, og vaskerom På stasjonene i Olden og Utvik er ikkje dette på plass.

Brannvesenet er etter kvart begynde å få mykje gamalt utstyr. 2 brannbilar over 30 år gamle. Og ein tankbil som er 17 år.

Det er også godkjent mange reguleringsplanar med bygningar over 4 etasjar. Dette løyser ut krav til kommunen om høgdereiskap i brannvesenet. Dette skal vere til rømninga av personar frå vindauge og veranda. Stryn brannvesen har ikkje utstyr til slik rømning.

Planarbeid

Ferdigstilling av kommunedelplan for avløp og overvatn.

Regulering av nye bustad og næringsområder.

Kartlegging av naturfare.

Klausulering av vasskjelde i Loen (Tyva).

Strategier

Politisk forventningsavklaring til brannvesen. Kva roller og funksjonar skal brannvesenet ta i vare og vere rigga for i framtida.

Asfaltering av flest muleg kommunale vegar for å minke behov for drift. Forenkling av vinterdrift, og mindre støvplager.

Auka fokus på overvasshandtering for å minske skadar og følgjeskadar.

Hovudutfordringar

Kapasitet for gjennomføring, er ikkje i samsvar med behov. Medfører sterkt press på enkelte tilsette. Rekruttere og behalde tilsette.

Pågåande planarbeid innan vatn og avløp viser store investeringsbehov innan området. Reinseanlegg i Stryn og Loen, forsterking av vassforsyning, behov for forsterka overvasshandtering. Lyt pårekne auke i kommunale VA-gebyr.

Kommunen lyt stadig bruke meir på skred og flaumsikring, samt drift av nye og eksisterande sikringsanlegg.

Manglande avklaring om nye brannstasjonar.

Kommunale vegar. Vedtatt full gjennomgang av alle private og kommunale vegar for å finne ny kommunal vegstruktur. Forventar at nokre vegar går frå privat til kommunal, og ein del frå kommunal til privat.

Store investeringsbehov på kommunale vegar. Mykje vegar med dårleg bereevne. Hindrar tungtransport som f.eks. tømmertransport. Gjev dårleg framkomelegheit.

Treng felles GIS koordinator for Nordfjordkommunane.

Treng oppretting av faste stillingar for byggjesakstilsyn/ulovlegheitsoppfølging i Nordfjord.

Treng oppretting av faste stillingar for tilsyn innan mindre avløpsanlegg i Nordfjord. Manglande oppfølging av private og kommunale avløpsanlegg der kommunen er myndigheit. Koplast til arbeidet med vassdirektivet.
Brannmannskap har ikkje alle lovpålagte kurs. Treng å fullføre obligatoriske kurs.

Brann får stadig fleire oppgåver frå politi og helse. Set krav til endra kompetanse, og medfører større utstyr- og opplæringsbehov.

Krav om sertifisering av landmålarar. Krav om utdanning/realkompetanse på dei som utfører jobben etter matrikkellova. Kan føre til rekrutteringsproblem og ekstra kostnader i samband med sertifisering.

Kostra-analyse

	Stryn 2018	Stryn 2019	Sogn og Fjordane (-2019)	Landet uten Oslo	Kostragruppe 10
Prioritet					
Antall utrykninger: sum utrykninger til branner og andre utrykninger pr. 1000 innbyggere	9,1	8,6	13,2	16,9	14,5
Brann- og ulykkesvern nettodriftsutgifterandel av totale utgifter (prosent)	1,6 %	1,5 %	1,7 %	1,5 %	1,4 %
Produktivitet					
Avløp - Årsgebyr for avløpstjenesten (gjelder rapporteringsåret+1)	2 470	2 618	3 547	4 142	4 354
Brutto driftsutgifter i kr pr. km kommunal vei og gate	107 152	111 728	109 638	165 099	122 379
Vann - Gebyrinntekter per innbygger tilknyttet kommunal vannforsyning (kr/tilkn.innb)	2 110	2 454	2 272	1 706	
Kvalitet					
Årsgebyr for feiing og tilsyn - ekskl. mva. (gjelder rapporteringsåret +1)	368	368	508	468	433

Driftsbudsjett med endringer

Beløp i 1000

	Avdeling	Økonomiplan 2021	2022	2023	2024
Vedtatt budsjett		**23 646**	**23 646**	**23 646**	**23 646**
Sum Vedtak forrige periode		**2 156**	**2 023**	**1 903**	**1 783**
Sum Lønns- og prisvekst		**-947**	**-947**	**-947**	**-947**
Konsekvensjustert budsjett		**1 209**	**1 076**	**956**	**836**
Konsekvensjustert ramme		**24 855**	**24 722**	**24 602**	**24 482**
Driftskonsekvens					
48025 Ny brannstasjon i sentrum	Teknisk	0	0	-50	-50
Sum Driftskonsekvens		**0**	**0**	**-50**	**-50**
Innsparingstiltak					
Innsparing lisensar/abonnement m.m.	Teknisk	-50	-50	-50	-50
Sum Innsparingstiltak		**-50**	**-50**	**-50**	**-50**
Nye tiltak					
2 nye stilling på avd. byggesak og regulering (pri 1)	Teknisk	0	0	0	0
Auke bemanning VA-drift 1 årsverk. Sjølvkost. (pri 3)	Teknisk	0	0	0	0
Lekkasjesøking, målekummar, soneinndeling av vassverk (kartlegging). Sjølvkost. (pri 4)	Teknisk	0	0	0	0
Prosjekteringsleiar (pri 2)	Teknisk	0	0	0	0
Sum Nye tiltak		**0**	**0**	**0**	**0**
Nye tiltak og realendringer budsjett		**-50**	**-50**	**-100**	**-100**
Ramme 2021-2024		**24 805**	**24 672**	**24 502**	**24 382**

Innsparingstiltak

Innsparing lisensar/abonnement m.m.

I starten av 2021 må det takast ein gjennomgang av alle kommunen sine lisensar og abonnement, og avslutte unødvendige abonnement og lisensar som kommunen har i dag.

Nye tiltak

2 nye stilling på avd. byggesak og regulering (pri 1)

Det er behov for å styrke avdelinga for byggesak og regulering med 2 stillingar. Ei stilling som byggesakshandsamar og ei stilling innan regulering. Avdelinga har i lengre tid hatt stor saksmengde og har slite med å handsame saker og planforslag innanfor dei tidsfristar plan- og bygningslova legg opp til.

Det er pr okt 2020 fire tilsette ved avdelinga.

Stillingsoversikt:

70% regulering

100% ass.avd.leiar byggjesak og regulering

80% byggjesak

100% stilling ekstrainnleige, fordelt mellom regulering og byggjesak.

Ved å tilsette to stk fast vil ein styrke avdelinga permanent med 1stilling utover det som er tilsett pr okt 2020.

Ein gjer framlegg om å auke gebyra for å dekke lønsutgifter til 2 stillingar på byggesak og regulering. Gebyra må aukast med 143,3%.

Gebyr for einebustad er i 2020 kr 9080. Ved å auke byggjesaksgebyr for å finansiere nye stillingar med 143,3% vil ein byggjesøkand for einebustad i 2021 koste kr 22092.

Det er lagt til grunn antall byggje- og reguleringssaker i snitt for åra 2017, 2018 og 2019.

Fullstendig gebyrregulativ blir fremja og vedtatt som eiga sak årleg.

I analyse utført på vegne av Forbrukerrådet datert 20.mars.2020 er det laga byggjesaksgebyroversikt over samanslåtte kommunar:

Tabell 3 Byggesaksgebyr for oppføring av enebolig på 120 kvm. Sammenslåtte kommuner 1.1. 2020. Kroner. Kilde: kommunenes hjemmesider.

Kommunenr. og kommune	Gebyr 2020	Kommunenr. og kommune	Gebyr 2020
3005 Drammen	40 180	3817 Midt-Telemark	16 200
3020 Nordre Follo	40 000	5006 Steinkjer	16 040
3025 Asker	35 960	4225 Lyngdal	16 000
3030 Lillestrøm	31 000	5060 Nærøysund	16 000
4204 Kristiansand	27 600	5412 Tjeldsund	15 600
1103 Stavanger	25 500	4205 Lindesnes	15 400
1108 Sandnes	25 200	5056 Hitra	15 321
3803 Tønsberg	23 580	5421 Senja	14 702
4602 Kinn	23 120	1577 Volda	14 500
5001 Trondheim	22 830	5058 Åfjord	14 500
3805 Larvik	22 680	4626 Øygarden	14 393
1506 Molde	22 600	5059 Orkland	14 300
3804 Sandefjord	22 063	1507 Ålesund	12 930
5057 Ørlandet	22 000	5054 Indre Fosen	12 050
3802 Holmestrand	21 810	4621 Voss	11 821
3002 Moss	21 800	5406 Hammerfest	11 719
4624 Bjørnafjorden	20 800	4649 Stad	10 800
4647 Sunnfjord	20 400	3026 Aurskog-Høland	9960
3811 Færder	19 590	1578 Fjord	9000
1806 Narvik	18 700	1579 Hustadvika	8760
3014 Indre Østfold	18 150	1875 Hamarøy	8100
4631 Alver	17 500	4618 Ullensvang	8000
5007 Namsos	17 000	5055 Heim	3000
4640 Sogndal	16 800		

Vedtak KS: 650.000,- skal finansierast av disposisjonsfond, og derav mindre gebyrauke.

Ønska tiltak og ytterlegare innsparingar

Beløp i 1000	Pri.	Endringskode	Økonomiplan			
			2021	2022	2023	2024
Byggesakstilsyn - ny stilling (pri 6)	6	Nytt tiltak	365	749	749	749
Sum			**365**	**749**	**749**	**749**

Nye tiltak

Byggesakstilsyn - ny stilling (pri 6)
Alle kommunar har etter plan- og bygningslova § 25-1 plikt til å føre tilsyn i byggesaker i eit slikt omfang at regelbrot kan avdekkast. På grunn av manglande ressursar har ikkje tilsyn kunne prioritertast tilstrekkeleg.

Plan- og bygningslova slik den er innretta i dag, fungerer ikkje etter hensikta utan eit fungerande tilsyn. Treng byggjesakstilsyn for å følgje opp ulovlegheiter og useriøse aktørar.

Ein er i dialog med nabokommunar om oppretting av fellestilsyn innan byggjesak og innan spredt avløp.

Investeringsbudsjett

Beløp i 1000	Økonomiplan				Sum
Investeringsprosjekter	**2021**	**2022**	**2023**	**2024**	**2021-24**
BRANNSTASJON YTRE EINING	1 000	5 000	0	0	6 000
Bygging veg med fortau Solvik - Leite	16 000	0	0	0	16 000
DAM LANGESETVATNET	0	3 500	0	0	3 500
Delfinansiering gangveg Loen - Solvik	0	18 000	0	0	18 000
Etablering av kommunalt bustadfelt	1 000	14 000	0	0	15 000
Førebuing prosjektering nytt avløpsrenseanlegg Loen	250	0	0	0	250
Instumentering avløp	500	0	0	0	500
Kamera og nytt freseutstyr til feiarvesenet	70	0	0	0	70
KARTLEGGING OG TILSTANDSVURDERING AV LEDNINGSNETT I STRYN SENTRUM	200	0	0	0	200
KLOAKKSANERING PERHUSTUNET	1 000	0	0	0	1 000
Loen vassverk - etablere ny gravd brønn	0	1 100	0	0	1 100
Loen vassverk - oppgradering eksisterande VBA	0	3 250	0	0	3 250
Ny brannstasjon i sentrum	0	5 000	40 000	25 000	70 000
OMBYGGING TYVA VASSVERK - NY GRUNNVASSBRØNN	1 925	0	0	0	1 925
Omlegging VA-leidningar bru Loen og ny pumpestasjon Lovik	2 700	0	0	0	2 700
Prosjektering nytt avløpsrenseanlegg Loen	2 500	5 000	0	0	7 500
Regulering av næringsareal aust for Skarsmyra	500	0	0	0	500
Regulering av næringsareal på Ytreeide	500	0	0	0	500
Rehabilitering infiltrasjonsanlegg Hjelle	300	0	0	0	300
Storesunde - ny veg fram til forsamlingshus - inkl. grunnkjøp	7 000	0	0	0	7 000
Utbetring overvassytem Kreklingen gbnr 58/44	0	700	0	0	700
Utsleppslinjer kloakk - utbetring av skader	400	0	0	0	400
Utstyr VA - kamera med sonde, pipe mic lekkasjesøk, røykmaskin lekasjesøk	500	0	0	0	500
Sum investeringsprosjekter	**36 345**	**55 550**	**40 000**	**25 000**	**156 895**

BRANNSTASJON YTRE EINING
Arbeidstilsynet har kome med pålegg om oppgradering av brannstasjonar i Stryn kommune. Dette tiltaket inneber bygging/opprusting av ein eller to utestasjonar. Plassering må avgjerast i eiga sak i 2021.

Bygging veg med fortau Solvik - Leite
Veg frå Leitekviakrysset til Solvik med tilkopling til Fv60. Prosjektet må kome samtidig, eller før GS-veg Loen-Solvik.

Med dette tiltaket vil ein kunne vidareutvikle Rake bustadfelt. Er framleis ein stor del av feltet som var regulert i 1985 som ikkje er bygd ut.

DAM LANGESETVATNET

Kommunal veg kryssar ein kombinert bru/demning ved utløpet av Langesetvatnet. Tiltaket gjeld innleige av fagansvarleg konsulent for å sjå på ulike løysingar for at demning skal vere i samsvar med damsikkerheitsforskrift. Krav om innmelding av damsikkerheitsklasse til NVE 6.jan.2020.

Kamera og nytt freseutstyr til feiarvesenet

Det var på budsjettet for 2020 sett opp to kamera til feiarvesenet. Tanken er at begge feiarane skal ha dette kameraet i bilen, og tilgjengeleg ute på oppdrag. På oppdrag vi er ute på - både når det gjeld feiing og tilsyn , treng vi ofte kamera for å kunne inspiserer skorsteinen. Har ein dette i bilen til ei kvar tid vil feiarane spare doble turar. Summen som var sett opp i 2020 var for liten til 2 kamera. I feieutstyret til feiaren skal der også vere utstyr til fresing av beksot. Dette er også utstyr som begge feiarane skal ha i bilen tilgjengeleg for å kunne utføre arbeidet etterkvart.

KARTLEGGING OG TILSTANDSVURDERING AV LEDNINGSNETT I STRYN SENTRUM

Under arbeid med kommunedelplan for avløp, og ved arbeid med reguleringsplan for Geilevegen er delar av området i Kreklingen/Geilevegen kartlagt. Det er dokumentert mykje havarerte leidningar, og utslepp av kloakk til sentrumsbekkar. Behov for meir omfattande kartlegging for å finne det totale behovet for sanering.

KLOAKKSANERING PERHUSTUNET

Gjeld sanering av næring og bustad frå gbnr 57/175 ved gamlebrua til gbnr 57/86. Kloakk frå området går i dag på Stryneelva. Er etablert delvis ferdig pumpestasjon ved gbnr 57/228 som lyt ferdigstillast.

Ny brannstasjon i sentrum

Stryn brannvesen har pålegg frå Arbeidstilsynet når det gjeld reine og skitne soner, ventilasjon, garderobeforhold på alle stasjonane. Dette må løysast. Dette kan løysast i bygget vi er i dag, men er ei lite framtidsretta løysing sidan området på sikt skal brukast til andre ting. Brannvesenet treng difor nye lokalitetar som stettar krava til arbeidstilsynet.

Storesunde - ny veg fram til forsamlingshus - inkl. grunnkjøp

Tiltaket gjeld bygging av ny veg frå Fv722 til Grendahus på Storesunde i samsvar med reguleringsplan frå 25.6.2015. Stryn kommune har inngått rettsforlik der kommunen skal yte tilskot til gbnr 69/1 mot at

kommunen slepp oreigning av areal til veg. Stryn kommune er saksøkt for manglande etablering av veg, okt 2017. I forhold til gjennomføringsevne er det lagt opp til oppstart i 2020 med ferdigstilling i 2021.

Utbetring overvassytem Kreklingen gbnr 58/44

I området Kreklingen er det store skadar på avløpssystem. Tiltaket gjeld utbetring av en konkret skade på overvassystem ovanfor gbnr 58/44.

Utsleppslinjer kloakk - utbetring av skader

Utbetring og tilsyn av utsleppspunkt for avløp i sjø.

Ønska investeringar

Beløp i 1000	Økonomiplan				Sum
Investeringsprosjekter	**2021**	**2022**	**2023**	**2024**	**2021-24**
Breiddeutviding Sætrevegen, lengde 360 m	1 000	0	0	0	1 000
Geilevegen, rehabilitering av veg og leidningsnett.	0	10 500	4 600	0	15 100
Kle og anna personleg utstyr til brannvesenet	250	250	0	0	500
NY BIL PARK OG GRØNT	450	0	0	0	450
Ny brannbil	0	4 000	0	0	4 000
Ny kantklippar til traktor	600	0	0	0	600
Ny kommunal veg ved Mattilsynet i Loen frå kryss fv.60	0	5 606	0	0	5 606
Ny lastebil, erstatning for Scania	0	2 000	0	0	2 000
Oppmålingsbil	0	0	450	0	450
Reasfaltering 2022	0	1 500	0	0	1 500
REASFALTERING 2023	0	0	1 500	0	1 500
Trafikktryggingstiltak Dragesetvegen (46221)	420	0	0	0	420
Utbetring grusvegar 2021	1 500	0	0	0	1 500
Sum investeringsprosjekter	**4 220**	**23 856**	**6 550**	**0**	**34 626**

Geilevegen, rehabilitering av veg og leidningsnett.

Rehabilitering av Geilevegen (679 m) inkl. fortau, naudsynte avkøyrsler og p-plassar. VA og gatelys, pluss naudsynte tiltak i Tonningsgrova.

Kle og anna personleg utstyr til brannvesenet

Mykje av det personlege utstyret til brannmannskapa er byrja å bli gamalt, og slete. Hjelmane har ei tilrådd max levetid på 15 år, eller når hjelmen har skade. Vi har mange i denne kategorien. Røykdykkerdressane skal skiftast etter mange nok vask, eller ved skade og slitasje. Vi har etterkvart mange som kjem i denne kategorien. For at røykdykkerdrakta skal gi god nok vern, må ein ha noko kle under som fraktar fuktigheita vekk frå kroppen. Ull er tilrådd. Dette er ullkle som brannvesenet må halde. Brannbefalet har heller ikkje kle spesielt tilpassa denne funksjonen. I dag har alle røykdykkerhjelmar, noko vi må ha i ein brannsamanheng, men desse hjelmane er store, og lite praktiske når vi skal utføre andre oppgåver som trafikkulykker, helseoppdrag, skogbrann, redningsoppdrag . Det er i brev frå tillitsvalgt påpeika dette, og vil minne om ansvaret til brannvesenet angåande HMS.

NY BIL PARK OG GRØNT

Dagens bil er ein 1995modell Hiace bensin. Bilen har gått langt og er utslitt.

Ny kantklippar til traktor

Kantklippar nyttast til stell av vegskråningar langs kommunal veg. Eksisterande klippar er slitt og ein har behov for ein ny.

Reasfaltering 2022

Stryn kommune har ca 153km med kommunal veg, inkl. ca. 61 km grusveg.

Det er store behov for å gjere tiltak på desse som t.d. auke bereevne, utbetre flaskehalsar, sikre murar og skjeringar, autovern, asfaltering m.m.

REASFALTERING 2023

Stryn kommune har ca 153km med kommunal veg, inkl. ca. 61 km grusveg.

Det er store behov for å gjere tiltak på desse som t.d. auke bereevne, utbetre flaskehalsar, sikre murar og skjeringar, autovern, asfaltering m.m.

Utbetring grusvegar 2021

Stryn kommune har ca 153km med kommunal veg, inkl. ca. 61 km grusveg.

Det er store behov for å gjere tiltak på desse som t.d. auke bereevne, utbetre flaskehalsar, sikre murar og skjeringar, autovern, asfaltering m.m.

Skattar, rammetilskot og finans

Kostra-analyse

	Stryn 2018	Stryn 2019	Sogn og Fjordane (-2019)	Landet uten Oslo	Kostragruppe 10
Økonomi					
Disposisjonsfond i prosent av brutto driftsinntekter	7,0 %	6,1 %	6,5 %	11,0 %	8,2 %
Frie inntekter i kroner per innbygger	60 095	62 052	64 340	57 316	55 926
Netto driftsresultat i prosent av brutto driftsinntekter	2,5 %	-2,8 %	0,3 %	1,5 %	-0,2 %
Netto lånegjeld i kroner per innbygger	67 706	75 664	101 372	80 878	82 046
Netto lånegjeld i prosent av brutto driftsinntekter	74,2 %	81,8 %	93,0 %	91,1 %	98,0 %

Driftsbudsjett med endringer

Beløp i 1000

	Avdeling	Økonomiplan 2021	2022	2023	2024
Vedtatt budsjett		**-15 281**	**-15 281**	**-15 281**	**-15 281**
Sum Tekniske justeringer		**22 528**	**22 528**	**22 528**	**22 528**
Sum Vedtak forrige periode		**-7 841**	**-4 486**	**-3 863**	**-1 626**
Konsekvensjustert budsjett		**14 687**	**18 042**	**18 665**	**20 902**
Konsekvensjustert ramme		**-594**	**2 760**	**3 384**	**5 621**
Nye tiltak					
Vedtak KS: Bruk av fond for renter og avdrag på investeringar	Skattar, rammetilskot og finans	-677	-2 030	-2 819	-2 864
Sum Nye tiltak		**-677**	**-2 030**	**-2 819**	**-2 864**
Nye tiltak og realendringer budsjett		**-677**	**-2 030**	**-2 819**	**-2 864**
Ramme 2021-2024		**-1 271**	**731**	**566**	**2 757**

Nye tiltak

Vedtak KS: Bruk av fond for renter og avdrag på investeringar

Bruk av disposisjonsfond til renter og avdrag til investeringar vedtak i KS.

Verbalvedtak

Verbalvedtak

I tillegg til vedtak om handling- og økonomiplan 2021 - 2024 og budsjett 2021 vart det gjort verbalvedtak for 2021.

Verbalframlegg barnehage skule
Kommunestyret ber om at det vert utarbeidd ein samla strategi for framtidige prioriteringar og bruk av ressursane innafor barnehage- og skulesektoren. Dette arbeidet kan startast i skule og kulturutvalet over nyttår saman med adm og vere klar når budsjettprosessen startar i 2021 og danne grunnlag for ev justeringar innafor budsjett og økonomiplan.
Utgreiinga skal baserast på prinsippet om at vi skal ha en struktur med sentrum- og grendeskular innanfor forsvarlege faglige og sosiale råmer.

Verbalframlegg kreftkoordinator
Avtalen om stillinga som kreftkoordinator vert sagt opp pr. 31.12.2021.
Kommunestyret gir administrasjonen i oppdrag å utarbeide ei alternativ løysing som kan dekke behovet etter bortfall av interkommunal koordinatorstilling. Dette skal inn i budsjettdrøftingane for 2022.

Vi vil utvikling
Kommunestyret startar "Prosjekt 2021 - vi vil utvikling" i januar 2021. Tema og framdriftsplan vert utarbeidd i samarbeid.

Vedlegg

Her ligg innspelt budsjett frå Stryn kyrkjelege fellesråd, og Stryn kontrollutval

Budsjett og økonomiplan frå Stryn kyrkjelege fellesråd

DEN NORSKE KYRKJA
Stryn Kyrkjelege Fellesråd
MØTEBOK

SAK	ORGAN	MØTEDATO	JOURN.NR.	ARKIV NR.
Ky-32/20	Fellesrådet	27.08.2020		112/111
Ky-36/20	Fellesrådet	08.10.2020		112/111

Sakshandsamar: KSM

BUDSJETT 2021 - Økonomiplan 2021-2030

Presentasjon:

Stryn Kyrkjelege Fellesråd skal levere eit konsekvensjustert budsjett som syner utgifter til noverande drift, der eventuelle endringar i løpet av 2020 er bakt inn. Forslaget vert sendt kommuneadministrasjonen med eit grunngjeve forslag til ramme.

Lovgrunnlag, reglar, føresegner, plandokument:

Kyrkjelova §14
Forskrift om budsjettering, rekneskapsføring og revisjon for kyrkjelege fellesråd og sokneråd.
Økonomireglement for fellesrådet.

Aktuelt sakstilfang:

Vedlagt:
Forslag til Budsjett 2021
Forslag til Økonomiplan 2021-2030

Saksopplysningar:

Forslag til driftsbudsjett 2021 – syner til vedlegg for detaljert oppsett:

Kostnader for dei ulike ansvar og tenester	Budsjettår 2020	Budsjettår 2021
11/390 Kyrkjeverjekontor	1.508.667	1.614.830
21/390 Kyrkjeleg administrasjon	239.795	262.409
21/391 Kyrkjer	1.941.265	1.934.859
21/392 Andre kyrkjelege føremål	228.900	121.800
21/393 Kyrkjegardar	2.044.858	1.887.384
21/880 Statstilskot og finanstransaksjonar	-10.000	-10.000
22/392 Konfirmantundervisning	21.590	37.090
23/392 Kateket	822.740	836.089
24/392 Trusopplæring	174.314	375.150
25/390 Prestekontor i Innvik	59.600	60.600

Syner til vedlegg for økonomiplan 2021-2030.

DEN NORSKE KYRKJA
Stryn Kyrkjelege Fellesråd
MØTEBOK

SAK	ORGAN	MØTEDATO	JOURN.NR.	ARKIV NR.
Ky-32/20	Fellesrådet	27.08.2020		112/111
Ky-36/20	Fellesrådet	08.10.2020		112/111

Vurdering:

Driftsbudsjett for 2021:

For komande år baserer ein seg på å vidareføre drifta som i dag, med nokre justeringar etter vedtak som er gjort og behov som må takast omsyn til. I administrasjonen er det viktig å starte arbeidet med å bygge opp eit digitalt arkiv. Det er gått inn avtale med SEAS om internkontrollsystem for dei elektriske anlegga, for å kunne lukke avvik som verksemda har hatt sidan 2013. Trusopplæringa får lærling inneverande lærlingeår, førebels er det ikkje teke stilling til om ei slik ordning skal vidareførast. Vi har og teke på oss forpliktingar over ein to-års-periode ved deltaking i «Prosjekt Nordfjord». Samtidig ser ein no følgjene av mindre statsstøtte og soknerådsdeltaking etter at Hornindal ikkje lenger er med.
Det kjem frå fleire hald signal om at det bør planleggast for ei auka diakonal satsing, særleg retta mot ungdom. Diakonstilling bør inngå i ein langsiktig plan.

Kommentar til nokre av postane i driftsbudsjettet for 2021:

Lønskostnader generelt: det er – etter retteleiing frå kommuneadministrasjonen lagt inn ein lønsvekst på 1,5 %.

KLP-premie er som i kommunebudsjettet førebels sett til 18%. Dette vil bli justert når premieprognosen foreligg.

Vedlikehald av bygningar og maskiner:
Løpande vedlikehald av kyrkjebygga og gravplassane må intensiverast.

Kjøp av tenester:
Det er trong for å kjøpe tenester til større tiltak som Internkontroll av el.anlegg og Tilstandsrapportar for kyrkjebygg.

Lærlingordning:
Startar opp i 2020 som eit prøveprosjekt der vi er biarbeidsgjevar for lærling som formelt er tilsett i kommunen, til og med 31. juli 2021. Tiltaket er vedteke finansiert i ky-sak 25/2020

Kyrkjeleg administrasjon:
Det er trong for elektronisk sakshandsamings- og arkivprogram. Det er eit mål at alle sokneråda har tilgang på løna sekretær.

.

DEN NORSKE KYRKJA
Stryn Kyrkjelege Fellesråd
MØTEBOK

SAK	ORGAN	MØTEDATO	JOURN.NR.	ARKIV NR.
Ky-32/20	Fellesrådet	27.08.2020		112/111
Ky-36/20	Fellesrådet	08.10.2020		112/111

Økonomiplan 2021-2030 - Tiltak for drift og vedlikehald og investeringar:

Alle sokneråda har spelt inn tiltak dei ser trong for å få gjennomført i den komande økonomiplanperioden. Tiltak frå tidlegare år, som ikkje har blitt realisert, er vidareført. Det er eit vesentleg mål å halde bygningsmassen best mogleg ved like. Difor vil det vere nokre tiltak som uansett må prioriterast. Ein må likevel løfte blikket og sjå på alle sider av drifta, og korleis ressursforvaltninga best mogleg tener det som er kyrkja sitt oppdrag.

***Klimaskalsikring:**
- Sørge for tette tak på alle kyrkjene og andre bygningar
- Sørge for regelmessig utandørs måling. Måling av ei kyrkje pr. år vil gje ein tilfredstillande frekvens.
- Regelmessig vedlikehald av vindu, dører og skifte dårleg treverk.

Det har siste året kome signal om økonomiske støtteordningar til denne type tiltak. Det er viktig å vere i posisjon til å søke slike midlar ved å ha eigenfinansiering på plass.

***Brannsikring:**
- Fire av kyrkjene manglar automatisk brannvarsling, dette bør på plass snarast råd
- Tre av kyrkjene manglar lynvernanlegg
- Sprinkleranlegg er installert i Olden gamle kyrkje. Behovet for slikt anlegg bør vurderast for kvart særskildt av dei andre kyrkjebygga.

***Forvaltning av gravplassane:**
- Det er ynskje om urnelund på fleire av gravplassane. Det er føreslått å etablere ein ny urnelund kvart år dei komande åra.
- Reservekapasiteten for kistegraver ved gravplassane i Nedstryn og Olden minkar fort. På begge dei gravplassane må nye felt vere tilgjengelege innan 5-8 år.
- Digitale gravkart etter SOSI-standard er no lovpålagt, og vil gje ei vesentleg forenkling i planlegging og arbeid på gravplassane. Tiltaket utløyser trong for nettbrett/mobil for dei tilsette på gravplassane.

***Oppgradering og utvikling:**
For at kyrkjene og gravplassane skal vere tenelege og velstelte, må det vere økonomisk handlingsrom for ei god og verdig forvaltning. Dei tilsette har ansvar for orden og dagleg drift, og gjer ein god del handtverksarbeid i løpet av året. Dei tilsette skal ha gode rammevilkår, det er viktig å kunne tilby godt og teneleg utstyr til arbeidsoppgåvene, maskinparken må vedlikehaldast og jamnleg fornyast. Sokneråda syner og eit betydeleg engasjement, og gjev gode bidrag i praktiske tenester, innspel til drifta og gjennom økonomiske bidrag.

***Nye arbeidsformer?**

DEN NORSKE KYRKJA
Stryn Kyrkjelege Fellesråd
MØTEBOK

SAK	ORGAN	MØTEDATO	JOURN.NR.	ARKIV NR.
Ky-32/20	Fellesrådet	27.08.2020		112/111
Ky-36/20	Fellesrådet	08.10.2020		112/111

Ein stabil og dyktig stab syter for både kontinuitet og utvikling av arbeidet. Det er likevel særleg innan eitt arbeidsområde vi gjerne skulle nådd lenger, og det gjeld den diakonale tenesta. Difor kjem ynskjet om diakon fram i fleire samanhengar. Det er særleg ungdom som er tenkt om ei målgruppe for ei diakonstilling. Men det er og trong for eit breiare tilbod om oppfølgjing av pårørande etter dødsfall, og andre i sorg og krise.
Det er spelt inn eit ynskje om kyrkjelydshus/kyrkje i Stryn sentrum. Ein kan då sjå føre seg eit lokale som kan ha funksjon både som diakonal base og som gudstenestelokale, på sikt bør det vere samlokalisert med kyrkjekontor.

Kyrkjeverja sitt framlegg til vedtak:

1. Stryn kyrkjelege fellesråd vedtek driftsbudsjett for 2021 slik det ligg føre. Dette inneber ein bruk av ubunde driftsfond på kr. 484.141. Ein ber Stryn kommune om ei overføring på kr. 6.636.070 for drift i 2021, som tilsvarer overføringa frå 2020, med eit tillegg på 1,5%.

2. Endeleg vedtak for Økonomiplan for 2021-2030 vert gjort på neste møte i fellesrådet, i løpet av september.

I møtet vart det teke til orde for å ta ein endå grundigare gjennomgang av budsjettet, med tanke på å få eit betre samsvar mellom inntekter og utgifter for dei neste komande åra.

Vedtak:

1. a) Stryn kyrkjelege fellesråd vedtek driftsbudsjett for 2021 slik det ligg føre. Dette inneber ein bruk av ubunde driftsfond på kr. 484.141. Ein ber Stryn kommune om ei overføring på kr. 6.636.070 for drift i 2021, som tilsvarer overføringa frå 2020, med eit tillegg på 1,5%.

   b) Når endeleg løyving frå Stryn kommune føreligg, vil Fellesrådet ta ein grundig gjennomgang av budsjettet for dei ulike delane av drifta, for å oppnå betre balanse mellom inntekter og utgifter. Ein vedvarande bruk av disposisjonsfondet for å balansere budsjettet dei komande åra, gjev ikkje ei berekraftig drift.

2. Endeleg vedtak for Økonomiplan for 2021-2030 vert gjort på neste møte i fellesrådet, i løpet av september.

DEN NORSKE KYRKJA
Stryn Kyrkjelege Fellesråd
MØTEBOK

SAK	ORGAN	MØTEDATO	JOURN.NR.	ARKIV NR.
Ky-32/20	Fellesrådet	27.08.2020		112/111
Ky-36/20	Fellesrådet	08.10.2020		112/111

Fellesrådsmøte 08.10.20:

Ved første gangs handsaming vart det vedteke driftsbudsjett for 2021 for Stryn kyrkjelege fellesråd. Økonomiplan for 2021-2030 for drift, tiltak og investeringar vart utsett til neste møte.

Aktuelt sakstilfang (vedlagt):

Revidert framlegg til økonomiplan for SKF 2021 til 2030

Vurdering:
Det vert synt til vedlagde oversikt i Excel, med følgjande kommentar til priorierte tiltak:

Nye tiltak - drift:

Tiltak som er føreslått prioritert i 2021:

1. **Utvendig måling, Innvik kyrkje**
   Innvik kyrkje vart sist måla i 2005/2007, behov for snarleg måling har vore synleg i fleire år, og den stod øvst på prioriteringslista for måling i 2020. Utan kommunal finansiering i 2020 søkte Innvik sokneråd om å få forskottere måling i 2020. Dette vart godkjent av Fellesrådet, og det vart dessutan gjort ein avtale om at Innvik sokneråd yter kr. 100.000 i medfinansiering.

2. **Utvendig måling, Randabygd kyrkje**
   Randabygd kyrkje vart sist måla i 2010, det er behov for snarleg måling. Det bør skiftast takrenner, og det er behov for å skifte nokre vindu og det er påvist skada treverg som må skiftast. Randabygd kyrkje ligg i eit terreng som gjer det utfordrande å bruke lift som ein vanlegvis gjer med mindre vedlikehaldstiltak. Ved måling vert det sett opp stillas, og ein må då nytte høvet til å gå grundig over heile bygget. Tilstandsanalyse er under utarbeiding og vil gje grunnlag for meir nøyaktig kostnadsoverslag.

3. **Rehabilitering av tak, tårn, dør, vindauge Olden gamle kyrkje**
   Det føreligg no ein tilstandsanalyse som stadfester omfattande behov for vedlikehald. Taket er dårleg, men det må gjerast meir detaljerte undersøkingar for å vite sikkert kor omfattande tiltak som må til for å utbetre skadane. Riksantikvaren har gjeve tilsagn om tilskot inntil kr. 900.000, maks 60% av totalkostnadene.

4. **Rehabilitering av kyrkjeklokker i Nedstryn, Loen, Innvik og Utvik kyrkjer**

DEN NORSKE KYRKJA
Stryn Kyrkjelege Fellesråd
MØTEBOK

SAK	ORGAN	MØTEDATO	JOURN.NR.	ARKIV NR.
Ky-32/20	Fellesrådet	27.08.2020		112/111
Ky-36/20	Fellesrådet	08.10.2020		112/111

I fleire av kyrkjene er klokkene i dårleg stand. Det gjeld hovudsakleg dårleg feste for pendel, som er ein tryggleiksrisiko, og kan føre til skade på kolben. Klokkene er musikkinstrument og verdfulle kulturminne. Spesialfirma må utføre service, og det er føremålstenleg å gjere det samla.

5. **Rehabilitering av tak over sakresti, Randabygd kyrkje**
   Det er påvist råteskader i treverket på takrafta, tilstandsanalysen vil gje sikrare grunnlag for omfang av skader. Det er uansett viktig å utbtre skadene før dei medfører alvorleg lekkasje.

6. **Rehabilitering av tårn Oppstryn kyrkje**
   Det er påvist lekkasje i tårnet, truleg grunna råteskader i treverket. Usikkert omfang, avventar tilstandsrapport for endeleg prisoverslag.

7. **Rehabilitering av tilkomst/trapp ute, Randabygd kyrkje**
   Det er bratt tilkomst frå hovudvegen opp til kyrkja. Det bør leggast dreneringsrør i bakken, og trappa i stein/betong ber preg av frostskader og slitasje, treng rehabilitering.

8. **Nytt lydanlegg i Innvik kyrkje**
   Det gamle lydanlegget er delvis defekt, treng nytt anlegg, bør velje eit anlegg som kan koblast med anna AV-utstyr.

9. **Programvare**
   Det skjer ei rask utvikling i digitaliseringa, ei utviding av programvaren vil sikre rutiner og effektivisere arbeidet.

10. **Sekretærressurs sokneråd**
    Det er framleis tre sokneråd som ikkje har fått tilbod om sekretærressurs.

Tiltak som blir føreslått utsett til etter 2021:

Rehabilitering og utvendig måling av Nordsida kyrkje
Nordsida kyrkje er ei arbeidskyrkje i betong, bygd år 1973, og er den yngste av kyrkjene i Stryn kommune. Betongkyrkja ber preg av manglande utvendig vedlikehald, ho vart sist måla i 2008. Det er sprekker i betongen som må utbetrast i samband med måling. Det er trong for betre drenering, det vart gjort noko tiltak for betre drenering i samband med utviding av kyrkjegarden og etablering av sokkel for tilbygg. Soknerådet har gjort vedtak om at dei ynskjer at tilbygg for HC-toalett vert prioritert framfor måling av kyrkja.

DEN NORSKE KYRKJA
Stryn Kyrkjelege Fellesråd
MØTEBOK

SAK	ORGAN	MØTEDATO	JOURN.NR.	ARKIV NR.
Ky-32/20	Fellesrådet	27.08.2020		112/111
Ky-36/20	Fellesrådet	08.10.2020		112/111

Utvendig måling av kyrkjene
Planen legg opp til måling av ei kyrkje pr. år. For å kome a jour med denne planen, må både Nordsida kyrkje og Utvik kyrkje målast i 2022. Det er eit sterkt ynskje om å etablere ein føreseieleg praksis for denne svært viktige delen av det regelmessige vedlikehaldet.

Nye tiltak – investering:

Kommentarar til prioriterte investeringstiltak for perioden 2021-2030:

1. **Minnelund Oppstryn**
   Første fase er fullført, tildelinga for 2020 er nytta til planlegging. Nordplan har vore engasjert, og i samarbeid med soknerådet og andre lokale krefter laga ei planskisse som no ligg klar for godkjenning hos biskopen. For å kunne realisere tiltaket må det løyvast pengar til å opparbeide arealet, og få på plass dei mest vesentlege elementa som ligg i planen. Det vert teke høgde for ei noko forenkla utgåve av den førelagde planen, og vert dermed vesentlege rimelegare.

2. **Universell tilkomst Utvik kyrkje**
   Soknerådet har fått utarbeidd skisse, og saka ligg no hos biskopen til godkjenning. Med ei løyving over budsjettet, kan tiltaket realiserast så snart godkjenning vert gjeven. Det vert peika på stor trong for å betre tilgjenge til denne kyrkja, både med omsyn til likeverd, og med omsyn til tryggleik/HMS. Bruk av midlertidige løysingar representerer ein vesentleg risikofaktor for både deltakarar og tilsette.

3. **HC-toalett og reiskapshus til Nordsida kyrkje**
   I samband med utviding av gravplassen på Nordsida tok soknerådet initiativ til å lage sokkel for tilbygget, med ei bod under. Dette er realisert ved at soknerådet har forskottert tiltaket. Tilbygget får og eit lagerrom med inngang frå våpenhuset. Nordsida sokneråd har sterkt engasjement for dette tiltaket, og har dette som første prioritet. Soknerådet garanterer for kr. 100.000 i medfinansiering av tiltaket. Det vert føreslått ei todelt løyving: 2021: kr. 623.500 for å realisere bygging, 2022: kr. 226.500 for å dekke Nordsida sokneråd si forskottering i 2019/2020.

4. **Ny hovuddør Utvik kyrkje (Universelt utforma)**
   Hovuddøra har trong for omfattande rehabilitering, tiltaket må sjåast i tett samanheng med tiltak nr. 2, døra må då truleg skiftast for å oppnå UU-standard.

5. **Automatisk brannvarsling Loen kyrkje**

DEN NORSKE KYRKJA
Stryn Kyrkjelege Fellesråd
MØTEBOK

SAK	ORGAN	MØTEDATO	JOURN.NR.	ARKIV NR.
Ky-32/20	Fellesrådet	27.08.2020		112/111
Ky-36/20	Fellesrådet	08.10.2020		112/111

Det er pr. i dag automatisk brannvarsling i Oppstryn, Nedstryn, Olden og Innvik som er kobla direkte til Alarmsentralen, med direkte varsling vidare til lokal alarmliste og lokalt brannkorps. I Olden gamle er der alarm frå sprinkleranlegget. Slik varsling kan potensielt vere svært avgjerande for å avgrense skader ved ein eventuell brann. Det bør difor installerast automatisk brannvarsling i alle kyrkjer. Av dei fire gjenståande bør Loen kyrkje prioriterast først, grunngjeve med store kunstverdiar (måleri).

6. **Automatisk brannvarsling Randabygd kyrkje**
   Det bør installerast automatisk brannvarsling i alle kyrkjer. Randabygd ligg lengst frå brannstasjon og vert prioritert som nummer to.

7. **Automatisk brannvarsling Utvik kyrkje**
   Det bør installerast automatisk brannvarsling i alle kyrkjer, Utvik manglar slik.

8. **Automatisk brannvarsling Nordsida kyrkje**
   Det bør installerast automatisk brannvarsling i alle kyrkjer, Nordsida manglar slik.

9. **SOSI-kart alle gravplassar m/digitale verktøy**
   Sidan 1. januar 2019 har Gravferdslova sett krav om at karta skal følgje SOSI-standard ved anlegg, utviding eller vesentleg endring av gravplass. Kartmodulen gjer at desse digitale kartfilene kan lesast rett inn i gravferdsprogrammet Ecclesia. Karta vil vere eit stort framsteg i det daglige arbeidet på gravplassen og på nettsidene overfor publikum. Ved å digitalisere gravkarta på alle gravplassane vil ein sikre god oversikt og effektiv arealbruk.

10. **Minnelund Loen**
    Soknerådet har – på bakgrunn av at ein er kjend med lokale ynskje, teke initiativ til å få ein namna minnelund på gravplassen. Det er gjort vedtak i Fellesrådet om at Loen gravplass skal få den neste minnelunden, etter Oppstryn.

11. **Universell tilkomst til Loen gravplass**
    Det må leggast betre til rette om det skal bli mogleg å kome inn på gravplassen med rullestol/rullator, det vert vurdert å flytte tilkomst frå nordsida til sørsida. Planering, ny port, evt. forlenge mur.

12. **Lynvernanlegg Olden (nye) kyrkje**
    Det er installert lynvernanlegg i alle kyrkjene bortsett frå Olden, Utvik og Randabygd. Av desse må Olden kyrkje prioriterast fyrst på grunn av plassering i terrenget og dei spesielle stålbardunane som gjer denne kyrkja særleg utsett.

13. **Lynvernanlegg Utvik kyrkje**
    Brannførebyggjande installasjon som Utvik kyrkje manglar.

DEN NORSKE KYRKJA
Stryn Kyrkjelege Fellesråd
MØTEBOK

SAK	ORGAN	MØTEDATO	JOURN.NR.	ARKIV NR.
Ky-32/20	Fellesrådet	27.08.2020		112/111
Ky-36/20	Fellesrådet	08.10.2020		112/111

14. Lynvernanlegg Randabygd kyrkje
Brannførebyggjande installasjon som Randabygd kyrkje manglar.

15. Driftsbygg Nedstryn
Pr. i dag leiger fellesrådet eit løp på Olden brygge som lager og verkstad for kyrkjegardsarbeiderane. Leigekontrakta vart inngått nov. -17 for 5 år. Lokalet fungerer bra, men det er ynskje blant dei tilsette å ha base samla i Stryn sentrum. Slik det er i dag har dei oppmøte på kontoret i Stryn sentrum og hovudlager-/verkstad i Olden brygge, felles lokalisering i Stryn sentrum ville gjeve enklare organisering og ein meir praktisk kvardag. Ein bør vurdere leige evt. kjøp av eigna lokale i eller nær Stryn sentrum.

16. Avant m/utstyr
Liten traktor som kan brukast til ein del av oppdraga der ein i dag bruker innleige. Forutset driftsbygg med garasjeplass og eigna hengar/liten lastebil.

17. Rehabilitering av tak, Nedstryn kyrkje
Taket er tett og har inntil nyleg vore vurdert til å vere i god stand, men noko av skiferhellene er blitt sprø, og det har falle deler av skiferheller frå hovudtaket ned på bakken. Det vert gjort kortsiktige avbøtande tiltak, men det er tilrådd å legge om heile taket innan få år (seinast 2024).

18. Minnelund Nedstryn
Det er fleire som vel kremasjon, og ein namna minnelund for urner bør vere eit tilbod ved den største gravplassen, det er og spelt inn frå soknerådet.

19. Reiskapshus Olden
Under orkanen «Dagmar» vart det gamle reiskapshuset øydelagt. Det har vore planlagt å setje opp eit bygg med god lagerkapasitet, også til maskiner. Storleik og funksjon bør vurderast i samanheng med tiltak nr. 15.

20. Golvteppe Olden kyrkje
Golvteppe i midtgang og i korpartiet – stor slitasje. Svært mykje turistar innom gjennom heile sommaren.

21. Golvteppe i Nordsida kyrkje
Gamal filt. Samlar mykje støv og skitt –fleire alternativ blir vurdert.

22. Automatisk ringing Randabygd kyrkje

DEN NORSKE KYRKJA
Stryn Kyrkjelege Fellesråd
MØTEBOK

SAK	ORGAN	MØTEDATO	JOURN.NR.	ARKIV NR.
Ky-32/20	Fellesrådet	27.08.2020		112/111
Ky-36/20	Fellesrådet	08.10.2020		112/111

Soknerådet har ynskje om automatisering av klokka, dei har fått tiltaket vurdert og kostnadsrekna, det er teknisk mogleg å få til. Tiltaket vil eliminere HMS-risiko, utfordrande ergonomi idag.

23. Rehabilitering av bårehus/sanitæranlegg Innvik
Bygget ved Innvik kyrkje har stor trong for opprustning både utvendig og innvendig, deler av taket er i dårleg stand, med risiko for lekkasje.

24. Minnelund Innvik
Innvik sokneråd ynskjer å anlegge namna minnelund på gravplassen.

25. Rehabilitering av golv/golvteppe i Nedstryn kyrkje
Stor slitasje, trong for å måle golvet, teppet bør skiftast.

26. Golvteppe i Innvik kyrkje
Slitasjen blir meir og meir synleg trass forsøk på reparasjon. Må skiftast.

27. Asfaltering parkeringsplass v/ Oppstryn, Nordsida, Nedstryn, Olden og Innvik kyrkje
Svært dårleg tilstand fleire stader, i Olden har soknerådet forskottert «lapping» av dei verste holene. I Innvik gjeld det nyasfaltering.

28. Taktekking Nordsida kyrkje
Ein er kjende med at der er områder på taket som kan vere svake punkt, må kartleggast og utbetrast i tide før lekkasje oppstår.

DEN NORSKE KYRKJA
Stryn Kyrkjelege Fellesråd
MØTEBOK

SAK	ORGAN	MØTEDATO	JOURN.NR.	ARKIV NR.
Ky-32/20	Fellesrådet	27.08.2020		112/111
Ky-36/20	Fellesrådet	08.10.2020		112/111

Kyrkjeverja sitt framlegg til vedtak:

Nytt pkt. 2:
Ein ber om at vedlagde liste med tiltak, vert lagt til grunn for prioritering av nye tiltak for drift og investeringar.

Pri.	Tiltak	Kostnad	Øvrig finansiering	Auka behov i ramme-tilskot
	Drift og vedlikehald			
1	Utvendig måling av Innvik kyrkje	270 000	100 000	170 000
2	Utvendig måling, Randabygd kyrkje, inkl. nye takrenner	500 000		500 000
3	Rehabilitering tak, dør vindauge Olden gamle kyrkje	1 500 000	900 000	600 000
4	Rehabilitering av kyrkjeklokker: Nedstryn, Loen, Innvik	90 000		90 000
5	Rehabilitering av tak over sakresti, Randabygd	150 000		150 000
6	Rehablitering tårn Oppstryn kyrkje	50 000		50 000
7	Rehabilitering av tilkomst/trapp ute, Randabygd	80 000		80 000
8	Nytt lydanlegg/AV-utstyr Innvik kyrkje	30 000		30 000
9	Programvare	15 000		15 000
10	Sekretærressurs sokneråd	50 000		50 000

	Investeringar	Kostnad	Øvrig finansiering	Auka behov i ramme-tilskot	år 2021	år 2022
1	Minnelund Oppstryn	200 000			200 000	
2	Universell tilkomst, Utvik kyrkje	120 000			120 000	
3	Nordsida HC-toalett/reiskapshus	950 000	100 000		623 500	226 500
4	Ny hovuddør Utvik kyrkje (UU)	100 000			100 000	
5	Automatisk brannvarsling Loen kyrkje	150 000			150 000	
6	Automatisk brannvarsling Randabygd kyrkje	185 000			185 000	
7	Automatisk brannvarsling Utvik kyrkje	187 000			187 000	
8	Automatisk brannvarsling Nordsida kyrkje	118 000			118 000	
9	SOSI-kart alle gravplassar m/digitale verktøy	210 000			210 000	

Handsaming i møte:

Det har hausten 2020 vore gjennomført tilstandsanalyse av fire kyrkjebygg: Olden, Nedstryn, Oppstryn og Randabygd. Rapportane frå desse låg føre på epost til kyrkjekontoret 06.10.20. Til møtet hadde kyrkjeverja laga ei oppsummering av dei mest alvorlege funna frå rapportane, som ikkje alt var kjent. Dette vart supplerande grunnlag for endeleg vedtak.

DEN NORSKE KYRKJA
Stryn Kyrkjelege Fellesråd
MØTEBOK

SAK	ORGAN	MØTEDATO	JOURN.NR.	ARKIV NR.
Ky-32/20	Fellesrådet	27.08.2020		112/111
Ky-36/20	Fellesrådet	08.10.2020		112/111

Vedtak:

1. a) Stryn kyrkjelege fellesråd vedtek driftsbudsjett for 2021 slik det ligg føre. Dette inneber ein bruk av ubunde driftsfond på kr. 484.141. Ein ber Stryn kommune om ei overføring på kr. 6.636.070 for drift i 2021, som tilsvarer overføringa frå 2020, med eit tillegg på 1,5%.

   b) Når endeleg løyving frå Stryn kommune føreligg, vil Fellesrådet ta ein grundig gjennomgang av budsjettet for dei ulike delane av drifta, for å oppnå betre balanse mellom inntekter og utgifter. Ein vedvarande bruk av disposisjonsfondet for å balansere budsjettet dei komande åra, gjev ikkje ei berekraftig drift.

2. Ein ber om at vedlagde liste med tiltak, vert lagt til grunn for prioritering av nye tiltak for drift og investeringar:

Pri.	Tiltak	Kostnad	Øvrig finansiering	Auka behov i ramme-tilskot	år 2021	år 2022
	Drift og vedlikehald					
1	Utvendig måling av Innvik kyrkje	270 000	100 000	170 000	170 000	
2	Utvendig måling, Randabygd kyrkje, inkl. nye takrenner	500 000		500 000	500 000	
3	Byte sikringsskap, Olden kyrkje	200 000		200 000	200 000	
4	Rehabilitering av tak over sakresti, Randabygd	150 000		150 000	150 000	
5	Programvare	15 000		15 000	15 000	15 000
6	Sekretærressurs soknerråd	50 000		50 000	50 000	50 000

	Investeringar	Kostnad	Øvrig finansiering	Auka behov i ramme-tilskot	år 2021	år 2022
1	Minnelund Oppstryn	200 000			200 000	
2	Universell tilkomst, Utvik kyrkje	120 000			120 000	
3	Nordsida HC-toalett/reiskapshus	950 000	100 000		623 500	226 500
4	Rehabilitering tak, tårn, dør, vindauge Olden gamle kyrkje	1 500 000	900 000	600 000	600 000	
5	Ny hovuddør Utvik kyrkje (UU)	100 000			100 000	
6	Automatisk brannvarsling Loen kyrkje	150 000			150 000	
7	Automatisk brannvarsling Randabygd kyrkje	185 000			185 000	
8	Automatisk brannvarsling Utvik kyrkje	187 000			187 000	
9	Automatisk brannvarsling Nordsida kyrkje	118 000			118 000	
10	SOSI-kart alle gravplassar m/digitale verktøy	210 000			210 000	

Sign. **Utskrift sendt til:**

DEN NORSKE KYRKJA
Stryn Kyrkjelege Fellesråd
MØTEBOK

SAK	ORGAN	MØTEDATO	JOURN.NR.	ARKIV NR.
Ky-32/20	Fellesrådet	27.08.2020		112/111
Ky-36/20	Fellesrådet	08.10.2020		112/111

Kari Synnøve Muri
-sekr-

Medlemmane i fellesrådet
Sokneråda
Sokneprestane
Prosten i Nordfjord
Stryn kommune v/kommunedirektør

Budsjett Kontrollutvalet

Kontrollutvalet
SEKOM sekretariat
Sekretariat for kommunale kontrollutval

Saksnr. utval	Utval	Møtedato
42/20	Stryn kontrollutval	22.09.2020

Arkiv	Sakshandsamar	
FE-150	Arnar Helgheim	

Budsjett 2021 - Stryn kontrollutval

Tilråding frå SEKOM-sekretariat:
(Saka går vidare til kommunestyret).

Kontrollutvalet tilrår følgjande budsjett 2021 for drift av utvalet:

Konto		Tekst	B2020	B2021
108		Godtgjersle folkevalde	45 000	45 000
109		Arbeidsgjevaravgift	5 000	5 000
115		Opplæring / kurs	30 000	30 000
116		Skyss / diett	10 000	10 000
119		Kontingent FKT	6 000	6 000
		Innkjøp av nettbrett	10 000	
		Sum	106 000	96 000

22.09.2020 Stryn kontrollutval

Handsaming:
Sekretariatet undersøker med kommuneadministrasjonen om det er høve til å tinge enkel mat til møta. Utvalet ønskjer dette sidan møta startar kl 11 og varer nokre timar.
Tilrådinga vart samrøystes vedteken.

STR-42/20 Vedtak:
Kontrollutvalet tilrår følgjande budsjett 2021 for drift av utvalet:

Konto		Tekst	B2020	B2021
108		Godtgjersle folkevalde	45 000	45 000
109		Arbeidsgjevaravgift	5 000	5 000
115		Opplæring / kurs	30 000	30 000
116		Skyss / diett	10 000	10 000
119		Kontingent FKT	6 000	6 000
		Innkjøp av nettbrett	10 000	
		Sum	106 000	96 000

Saksutgreiing:

Kontrollutvalet skal komme med framlegg til budsjett for drift av utvalet. Frå ny forskrift om kontrollutval og revisjon:

> *§ 2.Kontrollutvalgets rolle i fastsettelsen av budsjettet for kontrollarbeidet*
> *Kontrollutvalget skal utarbeide forslag til budsjett for kontrollarbeidet i kommunen eller fylkeskommunen. Forslaget skal følge innstillingen til årsbudsjettet etter kommuneloven § 14-3 tredje ledd til kommunestyret eller fylkestinget.*

Kommunen er med i interkommunale oppgåvefellesskap for sekretariat- og revisjonstenester. Etter samarbeidsavtalene, er det representantskapet i kvart selskap som vedtek deira budsjett. Det er difor berre budsjett for drift av kontrollutvalet som vert handsama av kontrollutvalet.

Sekretariatet rår til same budsjettråme som inneverande år. I framlegget for 2020, var nettbrett til medlemane teke med. Dette er ikkje aktuelt i 2021, og netto sum vert dermed kr 10.000 lågare dette året.